



DET KONGELEGE  
UTDANNINGS- OG FORSKINGSDEPARTEMENT

# **Ot.prp. nr. 57**

(2004–2005)

---

Om lov om endringer i opplæringslova og  
friskolelova



## Innhald

<b>1</b>	<b>Innleiing</b> .....	5			
1.1	Hovudinnhald .....	5	6.3.1	Dei som støttar forslaget .....	22
1.2	Bakgrunnen for lovforslaget .....	5	6.3.2	Dei som støttar forslaget under bestemte føresetnader og dei som er betenkte m.m. ....	23
1.3	Høringa .....	6	6.3.3	Dei som går imot forslaget .....	24
<b>2</b>	<b>Forslag om å dele grunnskolen i eitt barnetrinn og eitt ungdomstrinn</b> .....	9	6.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	25
2.1	Gjeldande rett .....	9	<b>7</b>	<b>Forslag om endring av retten til vidaregåande opplæring for ungdom</b> .....	27
2.2	Høringsutkastet frå departementet ...	9	7.1	Gjeldande rett .....	27
2.3	Høringsinstansane .....	9	7.2	Høringsutkastet frå departementet ...	27
2.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	10	7.3	Høringsinstansane .....	28
<b>3</b>	<b>Forslag om nye nemningar på nivå og grupper av fag i vidaregåande opplæring</b> .....	11	7.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	28
3.1	Gjeldande rett .....	11	<b>8</b>	<b>Forslag om ansvar for kompetanseutvikling</b> .....	30
3.2	Høringsutkastet frå departementet ...	11	8.1	Gjeldande rett .....	30
3.3	Høringsinstansane .....	11	8.2	Høringsutkastet frå departementet ...	30
3.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	12	8.3	Høringsinstansane .....	30
<b>4</b>	<b>Forslag om endringar i lovheimlane for fastsetjing av læreplanar og omfanget av opplæringa</b> .....	13	8.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	30
4.1	Gjeldande rett .....	13	<b>9</b>	<b>Forslag om åremåltilsetjing av rektorar</b> .....	32
4.2	Høringsutkastet frå departementet ...	13	9.1	Gjeldande rett .....	32
4.3	Høringsinstansane .....	14	9.2	Høringsutkastet frå departementet ...	32
4.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	14	9.3	Høringsinstansane .....	32
<b>5</b>	<b>Forslag om endringar i saksbehandlingsreglane for spesialundervisning</b> .....	15	9.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	33
5.1	Gjeldande rett .....	15	<b>10</b>	<b>Friare val av skole og skoletilbod i vidaregåande opplæring</b> .....	34
5.2	Høringsutkastet frå departementet ...	16	10.1	Gjeldande rett .....	34
5.3	Høringsinstansane .....	17	10.2	Høringsutkastet frå departementet ...	34
5.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	19	10.3	Høringsinstansane .....	35
<b>6</b>	<b>Forslag i høringsbrevet om tiltak for å auke rekrutteringa av personar med innvandrarbakgrunn til vidaregåande opplæring</b> .....	21	10.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	36
6.1	Gjeldande rett og praksis .....	21	<b>11</b>	<b>Forslag om skolemiljøutval</b> .....	38
6.2	Høringsutkastet frå departementet ...	21	11.1	Gjeldande rett .....	38
6.3	Høringsinstansane .....	22	11.2	Høringsutkastet frå departementet ...	38
			11.3	Høringsinstansane .....	39
			11.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	41
			<b>12</b>	<b>Forslag om politiattest for personar som skal tilsetjast i vidaregåande skole</b> .....	43

12.1	Gjeldande rett .....	43	13.4.1	Gjeldande rett .....	49
12.2	Høringsutkastet frå departementet ...	43	13.4.2	Vurderingar og forslag frå departementet .....	49
12.3	Høringsinstansane .....	44	13.5	Forslag om endring av reglane om skolepengar i friskolelova .....	49
12.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	46			
<b>13</b>	<b>Forslag om andre endringar i opplæringslova og friskolelova .....</b>	<b>48</b>	<b>14</b>	<b>ILO-rekommandasjon. Utvikling av menneskelege ressursar: Utdanning, opplæring og livslang læring .....</b>	<b>50</b>
13.1	Forslag om endring av opplæringslova § 3–1 sjette ledd .....	48	14.1	Innleiing .....	50
13.1.1	Gjeldande rett .....	48	14.2	Formålet med rekommandasjonen ...	50
13.1.2	Høringsutkastet frå departementet ...	48	14.3	Hovudpunkt i rekommandasjonen ....	50
13.1.3	Høringsinstansane .....	48	14.4	Vurdering frå departementet .....	51
13.1.4	Vurderingar og forslag frå departementet .....	48			
13.2	Forslag om å presisere at departementet er klageinstans for vedtak gjort med heimel i opplæringslova kapittel 9a .....	48	<b>15</b>	<b>Økonomiske og administrative konsekvensar av lovforslaga .....</b>	<b>53</b>
13.2.1	Gjeldande rett .....	48	<b>16</b>	<b>Merknader til dei enkelte paragrafane i lovforslaget .....</b>	<b>55</b>
13.2.2	Vurderingar og forslag frå departementet .....	48	16.1	Endringar i opplæringslova .....	55
13.3	Forslag om endring i friskolelova om høvet for styret til å delegere oppgåver .....	49	16.2	Endringar i friskolelova .....	59
13.3.1	Gjeldande rett .....	49			
13.3.2	Vurderingar og forslag frå departementet .....	49	<b>Forslag til lov om endringar i opplæringslova og friskolelova .....</b>	<b>61</b>	
13.4	Forslag om å presisere at departementet er klageinstans for vedtak gjort etter gjeldande § 5–7 i opplæringslova .....	49	<b>Vedlegg</b>		
			1	ILO-rekommandasjon nr. 195 av 2004 om utvikling av menneskelige ressursar: utdanning, opplæring og livslang læring .....	66



DET KONGELEGE  
UTDANNINGS- OG FORSKINGSDEPARTEMENT

# Ot.prp. nr. 57

## (2004–2005)

### Om lov om endringer i opplæringslova og friskolelova

*Tilråding frå Utdannings- og forskningsdepartementet av 18. mars 2005,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Bondevik II)*

## 1 Innleiing

### 1.1 Hovudinnhald

Denne proposisjonen inneheld forslag om endringar i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) og i lov 4. juli 2003 nr. 84 om frittstående skolar (friskolelova).

Det blir foreslått følgjande endringar:

- inndeling av grunnskolen i eitt barnetrinn og eitt ungdomstrinn (kapittel 2)
- nye nemningar på nivå og grupper av fag i vidaregåande opplæring (kapittel 3)
- endringar i lovheimlane for fastsetjing av læreplanar og omfanget av opplæringa (kapittel 4)
- forenklingar og presiseringar i saksbehandlingsreglane for spesialundervisning (kapittel 5)
- endring av retten til vidaregåande opplæring for ungdom (kapittel 7)
- ansvar for kompetanseutvikling (kapittel 8)
- åremålstilsetjing av rektorar (kapittel 9)
- endringar i forskriftsheimlane for friare val av skole og skoletilbod i vidaregåande opplæring (kapittel 10).

Proposisjonen inneheld også to forslag som følgje av to oppmodingsvedtak i Stortinget 17. juni 2004,

vedtak nr. 519 og nr. 523 (2003–2004). Dette gjeld forslag om skolemiljøutval (kapittel 11) og forslag om politiattest for personar som skal tilsetjast i vidaregåande skole (kapittel 12).

I tillegg er det i kapittel 13 foreslått nokre mindre endringar i opplæringslova og i friskolelova.

Proposisjonen inneheld i tillegg ei orientering om ILO-rekommandasjon nr. 195 om utvikling av menneskelege ressursar: utdanning, opplæring og livslang læring (kapittel 14).

### 1.2 Bakgrunnen for lovforslaget

Forslaga i denne proposisjonen er i hovudsak ei oppfølging av St.meld. nr. 30 (2003–2004) *Kultur for læring*, jf. Innst. S. nr. 268 (2003–2004). Denne stortingsmeldinga omfattar heile grunnopplæringa, og i meldinga fremja departementet forslag til endringar i innhaldet i grunnopplæringa. I all hovudsak fekk forslaga tilslutning i Stortinget.

Endringane skal no realiserast gjennom ei ny, omfattande reform av heile grunnopplæringa, som har fått namnet *Kunnskapslyftet*. Målet med reforma er formulert slik i rundskriv F-13/04 *Dette er kunnskapslyftet*:

«Målet med reformen er at det beste i grunnopplæringen i Norge skal ivaretas og utvikles videre – slik at elever og lærlingar settes bedre i stand til å møte kunnskapssamfunnets utfordringer. Visjonen er å skape en bedre kultur for læring for et felles kunnskapsløft. Målene det skal arbeides mot, skal bli tydeligere. Elevenes og lærlingenes grunnleggende ferdigheter skal styrkes. Samtidig ligger skolens sentrale rolle som formidler av verdier, allmenndannelse og kultur fast. Skolen møter et stadig større mangfold av elever og foresatte. Alle elever og lærlinger har krav på tilpasset og differensiert opplæring ut fra deres egne forutsetninger og behov. En skole basert på likeverd forutsetter at alle elever og lærlinger får de samme muligheter til å utvikle seg. For å gi elevene og lærlingene bedre tilpasset opplæring vil det blant annet bli satt i verk omfattende kompetanseutviklingstiltak for skoleledere, lærere og instruktører.»

Som ein del av Kunnskapslyftet blir det m.a. arbeidd med å utvikle nye, gjennomgåande læreplanar i alle fag i grunnopplæringa.

Forslaga i proposisjonen er eitt av fleire tiltak for å nå måla i Kunnskapslyftet.

### 1.3 Høringa

Høringsbrev med forslaga om lovendringar vart sendt til høring 18. oktober 2004. Fristen for å komme med fråsegner var 1. desember 2004. Departementet har fått om lag 180 høringsfråsegner.

Det er gjort nærmare greie for dei syn høringsinstansane har fremja i tilknytning til dei enkelte forslaga i proposisjonen.

Desse instansane har komme med realitetsfråsegner:

Barne- og familiedepartementet  
Fiskeri- og kystdepartementet  
Justis og politidepartementet  
Kommunal- og regionaldepartementet  
Politidirektoratet  
Utlendingsdirektoratet  
Lånekassen  
Barneombodet  
Likestillingsombodet  
Sametinget  
Akershus fylkeskommune  
Aust-Agder fylkeskommune  
Buskerud fylkeskommune  
Finnmark fylkeskommune  
Hedmark fylkeskommune  
Hordaland fylkeskommune  
Møre og Romsdal fylkeskommune

Nordland fylkeskommune  
Nord-Trøndelag fylkeskommune  
Oppland fylkeskommune  
Rogaland fylkeskommune  
Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Sør-Trøndelag fylkeskommune  
Telemark fylkeskommune  
Troms fylkeskommune  
Vest-Agder fylkeskommune  
Vestfold fylkeskommune  
Østfold fylkeskommune  
Oppfølgings- og pp-tjenesten i Vestfold fylkeskommune  
Fylkesmannen i Aust-Agder  
Fylkesmannen i Buskerud  
Fylkesmannen i Finnmark  
Fylkesmannen i Hordaland  
Fylkesmannen i Nordland  
Fylkesmannen i Nord-Trøndelag  
Fylkesmannen i Oppland  
Fylkesmannen i Oslo og Akershus  
Fylkesmannen i Rogaland  
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane  
Fylkesmannen i Sør-Trøndelag  
Fylkesmannen i Telemark  
Fylkesmannen i Vestfold  
Fylkesmannen i Østfold  
Agdenes kommune  
Asker kommune  
Bergen kommune  
Bykle kommune  
Bærum kommune  
Dovre kommune  
Fredrikstad kommune  
Frogn kommune  
Fyresdal kommune  
Gamvik kommune  
Giske kommune  
Grimstad kommune  
Harstad kommune  
Hobøl kommune  
Hole kommune  
Iveland kommune  
Klepp kommune  
Kongsberg kommune  
Kristiansand kommune  
Larvik kommune  
Levanger kommune  
Lier kommune  
Lindås kommune  
Malvik kommune  
Meldal kommune  
Meråker kommune  
Midsund kommune  
Midtre Gauldal kommune

Modum kommune	Kommunesektorens Interesse- og Sentralorganisasjon
Moss kommune	Kontaktutvalget mellom innvandrere og myndighetene (KIM)
Målselv kommune	Kristne Friskolers Forbund
Nesna kommune	Landsorganisasjonen i Norge (LO)
Nesodden kommune	Maskin-Entreprenørenes Forbund
Nesseby kommune	Nasjonalt råd for lærarutdanning, Universitets- og høyskolerådet (NRLU)
Oslo kommune	Norges Handikap Forbund
Randaberg kommune	Norsk Forbund for Fjernundervisning
Rennebu kommune	Norsk Forbund for Utviklingshemmede
Rennesøy kommune	Norsk Foreldrelag for Funksjonshemmede
Rindal kommune	Norsk Forening For Pedagogisk Psykologi
Ringerike kommune	Norsk Lektorlag
RSK Vest-Finnmark (regionalt samarbeidsorgan for kommunane Loppa, Hasvik, Kvalsund, Måsøy, Nordkapp, Hammerfest og Alta på skole- og barnehageområdet)	Norsk Psykologiforening
Rømskog kommune	Norsk Skolelederforbund
Røyken kommune	Norske Fag- og Friskolers Landsforbund
Sandefjord kommune	Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO)
Sarpsborg kommune	Rusfri, Kristenfolkets Edruskapsråd
Ski kommune	Samisk Høgskole
Skien kommune	Skoleledere i Vestby kommune
Sola kommune	Skolenes Landsforbund
Spydeberg kommune	Statens råd for funksjonshemmede
Stavanger kommune	Stiftelsen Rett til Utdannelse og Arbeid for Dyslektikere
Steinkjer kommune	Støtteforeningen for Kreftsyke Barn
Stord kommune	Utdanningsforbundet
Sunndal kommune	Utdanningsgruppene Hovedorganisasjon
Søgne kommune	Voksenopplæringsforbundet
Sør-Odal kommune	Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund (YS)
Torsken kommune	Kommunenes Sentralforbund (KS)
Trondheim kommune	Høgskolen i Agder
Tysvær kommune	Høgskolen i Nord-Trøndelag
Tønsberg kommune	Høgskolen i Sør-Trøndelag
Vanylven kommune	Noregs tekniske vitenskapsakademi
Vegårshei kommune	Noregs teknisk-naturvitenskapelige universitet
Vestnes kommune	Rudolf Steinerhøyskolen
Vikna kommune	Samisk høgskole
Voss kommune	Samordna opptak
Vågå kommune	Universitetet i Oslo
Øvre Eiker kommune	Den Norske Skole Gran Canaria
Ålesund kommune	Den norske skolen i London
Ås kommune	Gjennestad Gartnerskole
ADHD-Foreningen	Krokeidesenteret
Afasiforbundet i Norge	Qafco Norwegian School, Qatar
Autismeforeningen	Skjærgårdsskolen
Dysleksiforbundet i Norge	Steinerskolene i Norge
Elevorganisasjonen	Venn Oppvekstsenter, Skaun Kommune
Foreldreutvalet for grunnskolen (FUG)	FAU ved Alsvåg skole
Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO)	
Handikappede Barns Foreldreforening	
Hørselshemmedes Landsforbund	Desse høringsinstansene har ikkje merknader til utkastet:
Innvandrerne Landsorganisasjon (INLO)	Helse- og omsorgsdepartementet
Interesseorganisasjonen for Kommunal Voksenopplæring (IKVO)	Landbruks- og matdepartementet

## Om lov om endringer i opplæringslova og friskolelova

Miljøverndepartementet  
Moderniseringsdepartementet  
Nærings- og handelsdepartementet  
Olje- og energidepartementet

Samferdselsdepartementet  
Utanriksdepartementet  
Designinstituttet  
Høgskolen i Telemark



## 2 Forslag om å dele grunnskolen i eitt barnetrinn og eitt ungdomstrinn

### 2.1 Gjeldande rett

Sjølv om det ikkje går eksplisitt fram av opplæringslova, er det i praksis lagt til grunn at lova byggjer på ein forpliktande føresetnad om at det er tre hovudtrinn i grunnskolen. Det er berre i § 2–4 fjerde ledd at nemninga «småskoletrinnet» er brukt. Elles er nemningane knytte til det eller dei enkelte klasse-trinna.

### 2.2 Høringsutkastet frå departementet

Forslaget i høringsbrevet frå departementet er i samsvar med vurderingane frå departementet i St.meld. nr. 30 (2003–2004) og komiteen sine vurderingar i Innst. S. nr. 268 (2003–2004). I stortingsmeldinga vart det vist til at ein ved å fjerne nasjonale føresegner om inndeling i småskoletrinn og mellomtrinn vil kunne opne for betre tilpassing til føresetnadene hos den enkelte eleven. Komiteen viste til at det ville gi større handlingsrom for skolane når det gjaldt å skape betre samanheng i opplæringa, og slutta seg dermed til forslaget frå departementet om å oppheve inndelinga av barnetrinnet i eit småskole- og eit mellomtrinn.

På denne bakgrunnen foreslo departementet at det ikkje skal givast nasjonale føresegner om inndeling av barnetrinnet i eit småskoletrinn og eit mellomtrinn, men at skoleeigarane sjølv vel organisering ut frå lokale forhold og behov. Høringsforslaget innebar at ungdomstrinnet blir halde oppe som eige trinn.

### 2.3 Høringsinstansane

Om lag 80 høringsinstansar har uttalt seg til dette punktet. Dei aller fleste støttar forslaget om at grunnskolen skal delast inn i eitt barnetrinn og eitt ungdomstrinn, og at omgrepet «klassetrinn» blir erstatta med «årstrinn». Det blir m.a. peikt på at dette er eit fornuftig grep som gir rom for større lokal fleksibilitet både når det gjeld pedagogisk opplegg og når det gjeld bruk av ressursar.

*Øvre Eiker kommune* uttaler:

«Vi ser ikke at denne endringen medfører andre store praktiske konsekvenser enn at den gir større muligheter for fleksibilitet i organiseringen av årstimeramme, fagstoff og progresjon mellom det som tidligere ble kalt småskoletrinn og mellomtrinn i barnetrinnet. Vi har stor tro på at det pedagogiske mangfoldet må understøttes av størst mulig grad av fleksibilitet og støtter derfor forslaget.»

Somme kommunar viser m.a. til at omgrepet årstrinn allereie er innarbeidd, og *Rennebu kommune* uttaler:

«Kommunen ser positivt på forslag til ny inndeling i grunnskolen. For vår kommune som har fådelte og udelte skoler, vil dette være enklere å forholde seg til mht. organisering og inndeling av gruppene. I få-delt skolen er årstrinnsbegrepet allerede innarbeidet, med den betydning det er tillagt i endringsforslaget.»

Somme instansar peiker på forhold som det bør takast omsyn til.

*Universitetet i Oslo v. Institutt for spesialpedagogikk* uttaler m.a.:

«Selv om det å operere med ett trinn kan være klargjørende juridisk og administrativt sett, er det fremdeles behov for en pedagogisk hensyntaken til og profilering av opplæringen knyttet til egenskaper ved ulike aldersgrupper. Barnetrinnet, og dermed aldersgruppen fra 6 til 13 år, representerer en periode preget av radikale forandringer og forskjeller i barnets utvikling, og tilsvarende utfordringer for den opplæringen skolen skal møte barnet med. Samtidig som det er behov for å se hele barnetrinnet i sammenheng, er det også behov for å ta hensyn til og tilpasse opplæringen til egenarten ved ulike aldersgrupper. Selv om opplæringsloven endres, vil det være fordelaktig at dette tilpasningshensynet fremdeles kommer klart til uttrykk i læreplanverket for grunnskolen.»

*Bykle kommune* uttaler:

«Å dele inn i eit barnesteg i staden for småskulesteg og mellomsteg vil vel ikkje by på dei større endringane. Men det som kan skje er at på små skular kan dette brukast til å spare ressursar ved å lage grupper på tvers av dei noverande stega og etter dei gamle tala for gruppedeling.

Det er viktig å understreka at det framleis må satsast på stabilitet og samanheng for dei gruppane elevane skal høyre til.» Kommunen minner også om at «Førskulelærarar sin status må og avklårast etter årssteg i framtida. I alle fall må dette tenkjast på som ein del av arbeidet i tilknytning til denne lovtekstendringa.»

*Skolenes Landsforbund* går imot forslaget, og uttaler:

«Departementet har tidlegare vektlagt kontinuitet i opplæringa også for dem som flytter, og det er det mange elever som gjør. Ut fra dette vil vi bevare todelinga av barnetrinnet i småskoletrinn og mellomtrinn, slik at elevene er sikret et visst antall årstimer i de ulike fag innanfor bolker som ikke overskrider 4 år.»

## 2.4 Vurderingar og forslag frå departementet

---

Departementet fremjar forslag i samsvar med høringsutkastet.

Etter departementets vurderingar bør det gå klart fram av opplæringslova at grunnskolen er delt i to hovudtrinn, eitt barnetrinn og eitt ungdomstrinn, og foreslår endringar i lova i samsvar med dette. Departementet viser i denne samanhengen til at for vidaregåande opplæring er inndeling nedfelt i lova, jf. opplæringslova § 3–3. Ei lovendring vil også gjere endringa frå inndeling i tre trinn til inndeling i to trinn tydelegare.

Forslaget pålegg ikkje kommunane å gjere endringar i skolestrukturen i kommunen. Skoleeigarane kan framleis fastsetje inndeling i årstrinn ved den enkelte skolen.

Sidan klasseomgrepet ikkje lenger er brukt i lova, foreslår departementet at omgrepet «klasse-trinn» blir endra til «årstrinn».

Elles viser departementet til lovutkastet og merknadene til føresegnene i kapittel 16.

### 3 Forslag om nye nemningar på nivå og grupper av fag i vidaregåande opplæring

#### 3.1 Gjeldande rett

Departementet viser til omtalen av høringsutkastet nedanfor, punkt 3.2, når det gjeld omgrep som er brukte etter gjeldande rett.

#### 3.2 Høringsutkastet frå departementet

Forslaget i høringsutkastet er i samsvar med forslaga i St.meld. nr. 30 (2003–2004). Departementet uttrykte behov for nye nemningar for å markere den fornyinga som er nødvendig i vidaregåande opplæ-

ring. Der dette er omtalt i Innst. S. nr. 268 (2003–2004), får det tilslutning.

I høringsutkastet gav departementet uttrykk for at forslaget om nye nemningar vil gjere det tydelegare at det første året i vidaregåande opplæring er ei vidareføring frå grunnskolen og ein del av eit heilskapleg løp i grunnopplæringa. Dei foreslåtte nemningane viser også samanheng og progresjon mellom dei tre åra med vidaregåande opplæring. Departementet presiserte at dei foreslåtte endringane ikkje inneber endringar med rettsleg betydning.

Følgjande nye nemningar vart foreslått til erstatning for dei eksisterande:

Eksisterande nemningar	Nye nemningar
Studieretningar	Utdanningsprogram
Grunnkurs (GK)	Vidaregåande trinn 1 (Vg1)
Vidaregåande kurs 1 (VKI)	Vidaregåande trinn 2 (Vg2)
Vidaregåande kurs 2 (VKII)	Vidaregåande trinn 3 (Vg3)
Kurs	Programområde
Felles allmenne fag	Fellesfag (FF)
Studieretningsfag	Felles programfag (FPF)
Valfag/studieretningsfag	Valfrie programfag (VPF) i studieførebuande utdanningsprogram
Valfag/studieretningsfag	Prosjekt til fordjuping (PF) i yrkesførebuande utdanningsprogram

Det vart foreslått at tilsvarende endringar også blir gjorde gjeldande i friskolelova.

#### 3.3 Høringsinstansane

Det er sterk og eintydig oppslutning blant høringsinstansane om å innføre nye nemningar på nivå og grupper av fag i vidaregåande opplæring. Alle høringsinstansane, deriblant fylkeskommunane, er svært positive til forslaget og uttaler at innføring av dei nye nemningane vil innebere ei klargjering samanlikna med dei eksisterande. Somme har konkrete merknader til enkelte av nemningane i forslaget. Desse blir omtalte i det følgjande.

*Skolenes Landsforbund* foreslår at nemninga «kurs» blir ståande, at den eksisterande nemninga

«studieretningsfag» blir «programfag», og at «valfag/studieretningsfag» får nemninga «valfrie programfag».

*Fylkesmannen i Aust-Agder* oppmodar departementet om å vurdere nivånemningane «11.», «12.» og «13. trinn». Dette vil etter fylkesmannens vurdering klargjere at vidaregåande opplæring er ein del av grunnopplæringa, og samtidig få fram at opplæringslova gjeld tilsvarende på dette nivået.

*Norsk Lektorlag* er derimot kritisk til den hyppige omtalen av vidaregåande opplæring som del av grunnopplæringa, og meiner at dette tilslører at opplæring på dette nivået faktisk ikkje er obligatorisk opplæring. Norsk Lektorlag ønskjer i tillegg at dagens «kurs» blir erstatta med nemninga «studielinje» i staden for det foreslåtte «programområde».

*Fylkesmannen i Østfold* uttaler at det kan vere forvirrende at den eksisterande nemninga «kurs» i

forslaget får både nemningane «trinn» og «programområde».

*Fylkesmannen i Oppland* støttar ikkje forslaget om innføring av nemninga «Prosjekt til fordjuping i yrkesførebuande utdanningsprogram». Fylkesmannen viser til at innføring av omgrepet prosjekt kan bli tolka slik at lova krev bruk av ein bestemt undervisningsmetode, noko som vil bryte med innhaldet i stortingsmeldinga.

### **3.4 Vurderingar og forslag frå departementet**

---

Departementet meiner at å innføre dei foreslåtte nemningane inneber ei ønskt klargjering, og vurde-

rer det ikkje slik at dei ovannemnde innvendingane frå enkelte høringsinstansar gir grunnlag for endringar i dette synet. Høringa viser sterk og eintydig støtte til å innføre dei foreslåtte nemningane til erstatning for dei eksisterande.

Departementet fremjar forslag om endringar i opplæringslova og friskolelova i samsvar med høringsbrevet. Forslaget inneber at det blir gjort endringar i fleire føresegner i opplæringslova og friskolelova, og at dei foreslåtte nemningane blir innarbeidde i forskriftene til opplæringslova og friskolelova, deriblant i læreplanane.

Elles viser departementet til lovutkastet og merknadene i kapittel 16.

## 4 Forslag om endringar i lovheimlane for fastsetjing av læreplanar og omfanget av opplæringa

### 4.1 Gjeldande rett

Dagens læreplanheimel for grunnskolen i opplæringslova § 2–3 andre ledd fastset m.a. at læreplanen for grunnskolen skal angi sentrale arbeidsmåtar i faga, og at det skal vere både kunnskaps- og dugleiksmål og hovudmoment i opplæringa i det enkelte faget, knytte til hovudtrinna i grunnskolen.

Gjeldande læreplanheimel for vidaregåande opplæring i opplæringslova § 3–4 har ei noko vidare formulering, men også for dette nivået er det fastlagt at læreplanane i tillegg til å fastsetje innhaldet i opplæringa skal seie noko om korleis opplæringa skal gjennomførast. Det går fram av lova at læreplanar er forskrifter.

Departementet har heimel for å fastsetje forskrifter om den samla tida til opplæring både for grunnskolen og for den vidaregåande opplæringa, jf. opplæringslova §§ 2–2 og 3–2.

Vidare blir fordelinga av timetalet i grunnskolen til dei enkelte faga regulert gjennom forskrift, jf. opplæringslova § 2–3. Det følgjer dessutan av lova at timane skal leggjast til det enkelte hovudtrinnet, med lokal fridom til å leggje timar i faget til det enkelte årstrinnet. Dette er følgt opp i læreplanen for grunnskolen og i forskrifta til opplæringslova kapittel 1.

For vidaregåande opplæring er timetalet for det enkelte faget bunde til kvart enkelt år gjennom forskrift, jf. opplæringslova § 3–4 første ledd.

Departementet presiserer at den generelle delen av læreplanen, som ikkje er omfatta av forslaget nedanfor under punkt 4.4., er heimla i opplæringslova § 1–3, ikkje i dei ovannemnde læreplanheimlane for dei respektive skoleslaga.

### 4.2 Høringsutkastet frå departementet

Høringsutkastet frå departementet er i samsvar med vurderingane og forslaga i St.meld. nr. 30 (2003–2004). I høringsutkastet vart det vist til at komiteen i innstillinga slutta seg til forslaga i meldinga. Fleirtalet i komiteen ønskte likevel nemninga «Læringsplakaten» i staden for «Skoleplakaten».

Meldinga la opp til at det skal fastsetjast nye læreplanar for alle faga i grunnskolen og vidaregåande opplæring, men at den generelle delen av læreplanen, som gjeld for heile grunnopplæringa, skal stå ved lag. Læreplanane skal innehalde forpliktande, kompetansebeskrivande mål for faga, men dei skal likevel ikkje binde opp bruken av metodar og arbeidsmåtar i opplæringa. Læreplanane skal framleis fastsetjast som forskrifter.

I meldinga vart det vidare foreslått at den delen av læreplanen for grunnskolen som har tittelen *Prinsipp og retningslinjer for opplæringa i grunnskolen* (også kalla *Brua*), og som dannar overgangen mellom den generelle delen og læreplanane for faga, skal erstattast av ein meir kortfatta «Skoleplakat» med nærmare oppgitte krav til opplæringa. Denne plakaten skal etter forslaget gjelde for både grunnskolen og den vidaregåande opplæringa.

I høringsutkastet viste departementet til at det i meldinga vart lagt til grunn at høvet til at alle kan få tilpassa opplæring i forhold til evner og føresetnader, skal styrkjast. I samsvar med dette vart det foreslått i høringsutkastet at det bør vere mogleg med tilbod om alternative opplegg i form av unntak frå læreplanane for spesielle elevgrupper. Forslaget innebar at det skal vere mogleg for elevar i grunnskolen å arbeide med fag innanfor vidaregåande opplæring, medan elevar i vidaregåande opplæring skal kunne arbeide med fag innanfor universitets- og høgskolesystemet. Det vart presisert at desse forslaga ikkje inneber innføring av nye rettar på området.

For begge skoleslaga skal det etter forslaget framleis fastsetjast eit samla minstetimetall som den enkelte eleven har rett til å få.

Departementet foreslo på denne bakgrunnen å endre heimlane for å fastsetje læreplanar slik at nye læreplanar ikkje skal binde opp bruken av metodar og arbeidsmåtar.

Departementet foreslo vidare at lovheimlane for å gi forskrifter om nye læreplanar og om omfanget av opplæringa i faga bør utformast på tilnærma same måte for grunnskolen og den vidaregåande opplæringa. Departementet uttalte at lovheimlane også bør utformast så ope at dei tillèt seinare justeringar i forskriftene dersom det viser seg nødvendig.

Departementet viste til at det følgjer av både

meldinga og innstillinga at elevar som får opplæring i tre språk i ungdomsskolen, og elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn som får eller har fått særskild opplæring etter opplæringslova § 2–8, bør få fritak frå det andre framandspråket dersom dei ønskjer det. Departementet føresette også at elevar som får fritak, skal få alternativ undervisning. Derfor foreslo departementet at dei nye læreplanheimlane bør opne for å gi forskrifter som gjer unntak frå læreplanane for særskilde elevgrupper med behov for alternative opplæringsopplegg, utan at dette blir definert som spesialundervisning.

Vidare viste departementet til meldinga når det gjeld elevar som har nådd dei måla som normalt gjeld i det enkelte faget. I samsvar med forslaget i meldinga foreslo departementet at det da bør givast høve til å strekkje seg utover desse måla. Utforminga av dei nye læreplanheimlane må etter forslaget frå departementet ta omsyn til dette.

### 4.3 Høringsinstansane

---

Det er få høringsinstansar som har uttalt seg direkte om dette forslaget. I den grad høringsinstansane har uttalt seg, får forslaga gjennomgåande støtte. Enkelte av høringsinstansane, deriblant også ein del av organisasjonane for dei funksjonshemma, f.eks. Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO), er likevel bekymra for at elevgrupper gjennom seinare forskriftsfastsetjing skal kunne få unntak frå læreplanane utan at dette blir sett på som spesialundervisning med tilhørande enkeltvedtak.

### 4.4 Vurderingar og forslag frå departementet

---

Departementet foreslår ei endring i opplæringslova i samsvar med høringsutkastet.

Forslaget om ny læreplanheimel vil m.a. også opne for å gi forskrifter som gjer unntak frå læreplanane for særskilde elevgrupper med behov for alternative opplæringsopplegg, utan at dette blir definert som spesialundervisning. Departementet presiserer at dette ikkje betyr at nokon blir fråteken retten til å følgje ei opplæring som tek utgangspunkt i dei ordinære læreplanane. Dette vil f.eks. særleg gjelde elevar som får opplæring i tre språk i ungdomsskolen, og elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn som får eller har fått særskild opplæring etter opplæringslova § 2–8. Desse bør få fritak frå det andre framandspråket dersom dei ønskjer det. Departementet føreset at elevar som får slikt fritak, skal få alternativ undervisning.

Det er meininga at dei nye læreplanheimlane for grunnskolen og den vidaregåande opplæringa også skal gi heimel for fastsetjing av Læringsplakaten, jf. St.meld. nr. 30 (2003–2004) og Innst. S. nr. 268 (2003–2004). Det er dessutan meininga at dei generelle læreplanheimlane også kan nyttast til å fastsetje ein tilpassa Læringsplakat for samisk grunnopplæring.

Elles viser departementet til lovutkastet og merknadene til føresegnene i kapittel 16.

## 5 Forslag om endringar i saksbehandlingsreglane for spesialundervisning

### 5.1 Gjeldande rett

Gjeldande reglar om spesialundervisning er gitt i opplæringslova kapittel 5, og det er dei same reglane som gjeld for både grunnskole og vidaregåande skole. Sjølve retten til spesialundervisning går fram av § 5–1. Føresegna inneber at elevar som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning. Vidare er det fastsett skjønnsmessige kriterium for kva som skal liggje til grunn når det blir teke stilling til kva opplæringstilbodet skal gå ut på. Det er også fastsett at elevar som får spesialundervisning, skal ha det same totale undervisningsstimetalet som andre elevar.

Før det blir gjort enkeltvedtak om spesialundervisning, skal det liggje føre ei sakkunnig vurdering av dei særlege behova eleven har, jf. § 5–3. Vurderinga skal ta stilling til både om eleven har behov for spesialundervisning, og kva tiltak som eventuelt bør setjast i verk. Dette er ytterlegare utdjupa, slik at den sakkunnige vurderinga m.a. skal greie ut og ta stilling til følgjande:

- kva utbytte eleven har av det ordinære opplæringstilbodet
- læreveskar hos eleven, og andre særlege forhold som er viktige for opplæringa
- realistiske opplæringsmål for eleven
- om ein kan hjelpe på dei vanskane eleven har innanfor det ordinære opplæringstilbodet
- kva for opplæring som gir eit forsvarleg opplæringstilbod

Dersom enkeltvedtaket avvik frå den sakkunnige vurderinga, skal grunngevinga for vedtaket m.a. vise kvifor vedtaksorganet meiner at eleven likevel får eit opplæringstilbod som er i samsvar med lova, jf. § 5–3 siste ledd.

I § 5–4 er det fastsett at eleven eller foreldra til eleven kan krevje at skolen gjennomfører dei undersøkingane som er nødvendige for å finne ut om eleven treng spesialundervisning, eventuelt kva slags opplæring eleven treng. I tillegg er det fastsett at undervisningspersonalet har eit sjølvstendig ansvar for å vurdere om ein elev har behov for spesialundervisning, og å melde frå til rektor når eit slikt behov ligg føre. Det er også fastsett i § 5–4 at det er nødvendig med samtykke frå eleven eller fo-

reldra til eleven, både for at det kan bli gjort sakkunnig vurdering, og for at det kan bli gitt spesialundervisning. Det står vidare at eleven/foreldra normalt har rett til å gjere seg kjende med innhaldet i den sakkunnige vurderinga. Tilbod om spesialundervisning skal så langt som mogleg utformast i samarbeid med eleven og foreldra, og det skal leggjast stor vekt på deira syn.

I § 5–5 er det fastsett at dei reglane om innhaldet i opplæringa som følgjer av opplæringslova og forskriftene til opplæringslova, gjeld for spesialundervisninga så langt dei passar. Dette gjeld da også læreplanane. I same føresegn er det fastsett at det skal utarbeidast ein individuell opplæringsplan for ein elev som får spesialundervisning. Denne planen skal vise måla for og innhaldet i opplæringa, og korleis opplæringa skal drivast. Vidare er det fastsett at skolen kvart halvår skal utarbeide ein skriftleg rapport som inneheld både ei oversikt over den opplæringa eleven har fått, og ei vurdering av utviklinga til eleven. Skolen skal sende rapporten til eleven/foreldra og til kommunen/fylkeskommunen.

Kommunen og fylkeskommunen skal ha ei pedagogisk-psykologisk teneste (PP-teneste), jf. § 5–6. Det er vidare fastsett at denne tenesta skal hjelpe skolen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov, også kalla systemretta arbeid. Det er presisert at denne tenesta skal sørge for at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering der lova krev det.

I § 5–7 er det fastsett at barn under opplæringspliktig alder som har behov for spesialpedagogisk hjelp, har rett til slik hjelp. Også for slik hjelp gjeld mange av dei ovannemnde saksbehandlingsreglane, men da så langt dei passar.

I § 4A–2, om rett til spesialundervisning på grunnskolen område for vaksne, er det fastsett at ei rekkje av reglane i opplæringslova kapittel 5 også gjeld for vaksne.

Reglane om spesialundervisning i opplæringslova kapittel 5 gjeld også for elevar ved frittstående grunnskolar og vidaregåande skolar, jf. friskolelova § 3–6, med unntak av friskolar som er godkjende etter friskolelova § 6A-1 (dvs. skolar som har som formål å gi yrkesretta opplæring som ikkje blir gitt i offentlege vidaregåande skolar).

## 5.2 Høringsutkastet frå departementet

I høringsutkastet frå departementet er det vist til dei vurderingane som vart gjorde i St.meld. nr. 30 (2003–2004). I meldinga vart det lagt opp til å styrkje høvet til at alle kan få god, tilpassa opplæring. I den samanhengen er det også sentralt at dess betre den alminnelege, tilpassa opplæringa blir handtert, dess færre elevar vil ha behov for spesialundervisning. I meldinga vart det foreslått lagt opp til at retten til spesialundervisning skulle stå ved lag, samtidig som det vart understreka at det er viktig å styrkje kvaliteten på spesialundervisninga. I meldinga vart det i tillegg foreslått lagt fram ei rekkje tiltak for å styrkje både den generelle, tilpassa opplæringa og spesialundervisninga. Desse foreslåtte tiltaka omfatta m.a. forskning og metodeutvikling, erfaringsspreiing, utviklingsarbeid og kompetanseutvikling ved den enkelte skolen og på dei ulike administrative nivåa i systemet. I denne samanhengen vart det vist til at det bør leggjast vekt på utvikling mot eit målretta tilsyn, basert på eit godt datagrunnlag. Sjølv om det i meldinga ikkje vart foreslått teke opp endringar i sjølve retten til spesialundervisning, uttalte departementet at det ville vurdere om saksbehandlingsreglane, under dette reglane om individuelle opplæringsplanar, kan forenklast.

I Innst. S. nr. 268 (2003–2004) uttalte komiteen at det er nødvendig å føre vidare lovføresegna om rett til spesialundervisning for å ta vare på rettstryggleiken for elevane. Komiteen føresette at denne retten ikkje blir svekt gjennom endringar i saksbehandlingskrava eller krava til individuelle opplæringsplanar.

I høringsutkastet viste departementet til premissane slik dei vart lagde i stortingsmeldinga og i innstillinga frå komiteen. Det vart ikkje foreslått endringar i sjølve retten til spesialundervisning. I høringa la departementet til grunn at det overordna utgangspunktet for vurderinga av saksbehandlingskrava må vere kva som kan fremje ei best mogleg tilpassa opplæring som tek hand om dei behova elevane har. Departementet peikte spesielt på betydninga av at reglane medverkar til optimal bruk av kompetansen og kapasiteten både ved den enkelte skolen og i PP-tenesta, samtidig som sentrale rettstryggleiksomsyn blir tilstrekkeleg tekne vare på.

Departementet uttalte vidare at ein vurderer det som gunstig med ei forenkling og oppmjuking av saksbehandlingsreglane i lova i tilknytning til vedtak om spesialundervisning. Samtidig uttalte departementet at enkelte gjeldande saksbehandlingsreglar bør bli tydelegare formulerte i lova.

På denne bakgrunnen foreslo departementet at det som i dag står i § 5–5 om innhaldet i opplæringa, blir redigert og teke inn i § 5–1. På denne måten vil alle reglane i kapittel 5 som har med innhaldet i spesialundervisninga å gjere, stå samla i ein paragraf.

Departementet foreslo vidare ei presisering i lova av når det må gjerast enkeltvedtak i samsvar med reglane i forvaltningslova. Forslaget inneber ingen innhaldsmessige endringar, men er ei presisering som inneber at dette går direkte fram av ordlyden.

Departementet foreslo også at det blir presisert i lova at eit enkeltvedtak om spesialundervisning skal vise kva som skal vere målet for opplæringa og kva tiltaka skal gå ut på. Forslaget er ei presisering av gjeldande rett og inneber ingen innhaldsmessige endringar. Departementet la til grunn for forslaget at vedtaket må vere så klart og tydeleg at det ikkje blir tvil om kva spesialundervisningstilbodet skal gå ut på.

Etter departementet si vurdering er ikkje lova klar når det gjeld forholdet mellom enkeltvedtaket og den individuelle opplæringsplanen. I praksis blir den individuelle opplæringsplanen utarbeidd av skolen innanfor ramma av enkeltvedtaket. Med den foreslåtte presiseringa i lova kan ein sjå enkeltvedtaket som ein individuell opplæringsplan. Den individuelle opplæringsplanen vil da liggje i vedtaket, og departementet foreslo derfor at den separate reguleringa av den individuelle opplæringsplanen som no følgjer av § 5–5, blir oppheva.

I høringsutkastet presiserte departementet at den foreslåtte omlegginga, der sjølve enkeltvedtaket blir definert som ein individuell opplæringsplan, ikkje betyr at enkeltvedtaka generelt sett må utformast meir detaljert enn i dag. Alt må ikkje nødvendigvis fastsetjast i vedtaket. Noko fleksibilitet må akseptast, men vedtaket må vise kva fleksibiliteten består i. I enkeltvedtaket er det også mogleg å fastsetje at den individuelle opplæringsplanen skal konkretiserast ytterlegare av skolen innanfor ramma av vedtaket.

Departementet foreslo å føre vidare kravet om at skolen skal utarbeide ein halvårsrapport om den spesialundervisninga ein elev har fått. Det same gjeld kravet om at tilbodet om spesialundervisning så langt mogleg skal utformast i samarbeid med eleven og foreldra, og at det skal leggjast stor vekt på deira syn.

Vidare foreslo departementet at føresegna om at det skal liggje føre ei sakkunnig vurdering før det blir gjort vedtak om spesialundervisning, blir oppheva og erstatta med eit krav om at sakkunnig vurdering skal liggje føre når det er nødvendig for å



opplyse saka. Departementet viste til at det også innanfor dagens ordning må gjerast ei skjønnsmessig vurdering når ein skal ta stilling til kva for elevar som bør visast til sakkunnig vurdering. Denne vurderinga blir neppe vanskelegare, sjølv om kravet om at det alltid må liggje føre sakkunnig vurdering når det skal gjerast enkeltvedtak, blir oppheva. Det avgjerande er om skolen, m.a. på bakgrunn av erfaring og dialog med eleven og foreldra, vil ha godt nok grunnlag for å gjere enkeltvedtak. Departementet viste vidare til at forslaget vil kunne medverke til at ressursane til sakkunnig vurdering blir brukte optimalt i høve til vanskaner og behov, under dette også til å få frigjort ressursar til systemretta arbeid. I tillegg vil forslaget medverke til at elevar ikkje unødvendig må utsetjast for den belastninga det kan vere å gjennomgå ei sakkunnig vurdering.

Departementet foreslo også at gjeldande innhaldskrav til den sakkunnige vurderinga blir oppheva. Departementet meinte at slik innhaldskrava er formulerte, kan det stillast spørsmål ved kva for ein instans som er mest kompetent til å ta stilling til dei, skolen sjølv eller ein sakkunnig instans utanfor skolen. Svaret vil truleg variere både med kven av innhaldskrava det er tale om, og i høve til dei ulike kompetanseprofilane hos skolane og PP-tenestene. Truleg vil dei mest kvalifiserte vurderingane vanlegvis komme som resultat av nært samarbeid mellom den enkelte skolen og PP-tenesta, eventuelt også annan sakkunnig instans. Det vil kunne føre til uheldig bruk av utgreiingsressursane og den samla kompetansen dersom lova på dette området er for rigid utforma.

På denne bakgrunnen foreslo departementet ei føresegn i opplæringslova om at det skal innhentast sakkunnig vurdering når det er nødvendig, og at det ikkje lenger skal stillast særskilde innhaldskrav til denne vurderinga. Departementet viste til at det allereie følgjer av forvaltningslova § 17 at ei sak skal vere forsvarleg opplyst før det blir gjort enkeltvedtak. Dette inneber at kommunen/fylkeskommunen ikkje kan gjere vedtak om spesialundervisning utan at dette kravet i forvaltningslova er oppfylt, under dette med nødvendig bruk av sakkunnige.

I høringsutkastet presiserte departementet at det ikkje er meininga at forslaga skal redusere behovet for kompetanse og kapasitet i PP-tenesta. Departementet viste til betydninga av å få til ei god utvikling av denne tenesta, noko som også er i samsvar med St.meld. nr. 30 (2003–2004).

Vidare foreslo departementet å oppheve det særskilde grunngivingskravet i opplæringslova som gjeld dersom enkeltvedtaket avvik frå den sakkunnige vurderinga. Departementet grunn gav for-

slaget med at kommunen/fylkeskommunen i alle tilfelle vil ha plikt til å grunngi vedtaket etter reglane i forvaltningslova. Departementet foreslo ingen endringar i den retten som eleven/foreldra har til å få gjort seg kjende med innhaldet i den sakkunnige vurderinga. Dette inneber at eleven/foreldra kan klage dersom vedtaksorganet ikkje gjer greie for eventuelle avvik i høve til den sakkunnige vurderinga på tilfredsstillande måte.

Departementet meinte at gjeldande reglar om at eleven/foreldra kan krevje at skolen gjer dei undersøkingane som er nødvendige for å finne ut om eleven treng spesialundervisning, og eventuelt kva slags opplæring eleven treng, er uheldig formulerte. Departementet viste til at det må leggjast til grunn at skolen har eit sjølvstendig ansvar for at desse spørsmåla blir tekne opp. Dette bør gå tydeleg fram av ordlyden i lova, og i høringsutkastet vart det foreslått ei omformulering i samsvar med det. Det ansvaret undervisningspersonalet har for å rapportere til rektor om eventuelle spesialundervisningsbehov, vart foreslått vidareført.

Etter gjeldande rett kan det klagast på vedtak om spesialundervisning til statleg klageinstans. For ytterlegare å sikre rettstryggleiken for eleven, foreslo departementet ei presisering i opplæringslova om at det kan klagast på at det ikkje er gjort enkeltvedtak innan rimeleg tid, eller at saksbehandlingsreglane på annan måte ikkje er følgde, f.eks. at det ikkje er innhenta sakkunnig vurdering. Klageinstansen her skal etter forslaget vere den same.

Som konsekvens av forslaga ovanfor foreslo departementet at opplæringslova § 4A–2 om spesialundervisning på grunnskolenes område for vaksne blir justert i samsvar med dei ovannemnde forslaga. Det same gjeld for friskolar, jf. friskolelova § 3–6.

I tillegg foreslo departementet enkelte mindre tekniske justeringar.

### 5.3 Høringsinstansane

Det har ikkje komme innvendingar frå departementa mot dei foreslåtte endringane.

Blant fylkesmennene er det nokså delte meininger om dei foreslåtte endringane samla sett, men vurderingane varierer også når det gjeld dei enkeltstående endringsforslaga. Det synest såleis ikkje å vere noko eintydig fleirtal.

Dei aller fleste fylkeskommunane stiller seg gjennomgåande positivt til dei foreslåtte endringane.

Av dei kommunane som har uttalt seg, seier ca. halvparten at det framleis bør vere slik at det alltid

må innhentast sakkunnig vurdering i tilknytning til enkeltvedtak om spesialundervisning. Fleire av kommunane peiker på den utfordringa det vil bli for lærarane å måtte ta stilling til om det er nødvendig å innhente sakkunnig vurdering. Mange av kommunane meiner at lærarane i dag ikkje har tilstrekkeleg kompetanse til å ta stilling til dette aleine, og at tida ikkje er moden for ei slik endring. Det er også ein relativt stor del av kommunane, likevel mindre enn halvparten, som framleis vil halde ved lag innhaldskrava i lova til den sakkunnige vurderinga, slik at det ikkje blir for usikkert kva den sakkunnige vurderinga skal innehalde. Omtrent like mange uttaler at lova framleis bør krevje at det skal utarbeidast ein individuell opplæringsplan i tillegg til sjølve enkeltvedtaket. Dei peiker på at det er behov for ei ytterlegare konkretisering av undervisningsopplegget enn det som realistisk sett kan takast inn i eit enkeltvedtak.

*Kommunenes Sentralforbund* uttaler at det i lovteksten bør presiserast sterkare at prinsippet om tilpassa opplæring skal vere det overordna prinsippet når det gjeld spesialundervisning.

*Utdanningsforbundet* stiller seg positivt til dei fleste av endringsforslaga. Forbundet uttaler likevel at det bør presiserast i lova at enkeltvedtaket også skal seie noko om omfanget av spesialundervisninga. Dessutan meiner forbundet at det framleis bør vere presisert i lova at foreldra kan krevje at skolen gjer dei nødvendige undersøkingane av om ein elev treng spesialundervisning, sjølv om det blir presisert i lova at skolen har ei sjølvstendig plikt til å ta opp spørsmålet om det ligg føre eit behov for nærmare undersøkingar.

*Utdanningsgruppenes Hovedorganisasjon* sluttar seg til høringsfråsegnen frå Utdanningsforbundet.

*Norsk Skolelederforbund* stiller seg positivt til endringsforslaga. Det same gjer *Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund (YS)*, men YS presiserer at forslaga ikkje må føre til at dei rettane elevane har, blir svekte. *Skolenes Landsforbund* stiller seg positivt til dei fleste av endringsforslaga. Forbundet meiner likevel at det bør stå i lova at eleven/foreldra og læraren skal kunne krevje sakkunnig vurdering sjølv om skoleleinga ikkje finn det nødvendig. *Elevorganisasjonen* stiller seg positivt til endringsforslaga. Elevorganisasjonen uttaler likevel at ønsket om mindre spesialundervisning og meir tilpassa opplæring for alle krev at det også blir sett inn andre verkemiddel.

*Norsk Lektorlag, Landsorganisasjonen i Norge, Næringslivets Hovedorganisasjon* har ikkje merknader til forslaga. *Foreldreutvalet for grunnskolen (FUG)* stiller seg negativt til dei fleste av forslaga. FUG meiner at forslaga vil føre til svekt rettstrygg-

leik. *Barneombodet* stiller seg negativt til forslaga, bortsett frå forslaget om å styrkje høvet til å klage.

*Statens råd for funksjonshemma* ser positivt på forslaget til presisering av når det skal gjerast enkeltvedtak, at sakkunnig vurdering ikkje alltid treng innhentast, og at innhaldskrava til sakkunnig vurdering blir tekne bort. Rådet stiller seg negativt til at det særskilde grunningskravet i opplæringslova blir teke bort og berre erstatta av det alminnelege grunningskravet i forvaltningslova. I tillegg meiner rådet at det framleis bør stå i lova at foreldra kan krevje at skolen gjer nærmare undersøkingar for å bringe på det reine om eleven har behov for spesialundervisning.

*Institutt for spesialpedagogikk ved UIO* sluttar seg ikkje til forslaga. Instituttet foreslår dessutan at det blir presisert i lova at den individuelle opplæringsplanen skal utarbeidast av skolen. *Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO)* sluttar seg heller ikkje til forslaga. FFO meiner at det er behov for meir kompetanse lokalt før ein går inn på den vegen som er foreslått.

Blant andre organisasjonar for ulike brukargrupper som i det vesentlege stiller seg negativt til forslaga, er *Norges Handikapforbund, Dysleksiforbundet i Norge, Hørselhemmedes Landsforbund, Norsk foreldreforening for funksjonshemmede, Handikappede barns foreldreforening, ADHD-foreningen, Autismeforeningen i Norge, Støtteforeningen for kreftsyke barn og Innvandrernes Landsorganisasjon (INLO)*. Kontaktutvalet mellom innvandrarar og myndighetene seier at ein bør tenkje seg godt om før ein vedtek å gjennomføre dei foreslåtte endringane.

*Norsk Psykologforening* stiller seg negativt til mange av forslaga, men sluttar seg til forslaget om å ta bort innhaldskrava til den sakkunnige vurderinga.

*Norsk forening for pedagogisk psykologi* stiller seg negativt til å ta bort det obligatoriske kravet om sakkunnig vurdering og kravet til innhaldet i denne vurderinga. Foreninga er positiv til forslaget om at enkeltvedtaket blir gjort til individuell opplæringsplan.

*Universitets- og Høgskolerådet* stiller seg negativt til forslaga i dagens situasjon, idet rådet viser til at det er nødvendig med meir kompetanse lokalt.

*Sametinget* ønskjer å halde på kravet om obligatorisk sakkunnig vurdering i samband med spesialundervisning.

Enkelte av friskoleorganisasjonane peiker på at på grunn av den spesielle stillinga friskolane har overfor kommunane, er det på dette området viktig at det skal vere sakkunnig vurdering når det er spørsmål om spesialundervisning.

## 5.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet foreslår i hovudtrekk at forslaga i høringsutkastet blir følgde opp, men på grunnlag av høringsfråsegnene foreslår departementet nokre endringar i høve til høringsutkastet.

### *Enkeltvedtak og individuell opplæringsplan*

Departementet foreslår, i samsvar med høringsutkastet, å endre lovteksten slik at eit enkeltvedtak om spesialundervisning skal sjåast på som ein individuell opplæringsplan. Den særskilde reguleringa av denne planen etter gjeldande lov opphevast.

Gjeldande krav om kva eit enkeltvedtak om spesialundervisning skal innehalde, og kva ein individuell opplæringsplan skal innehalde, inneber ein omgrepsbruk som tilseier at dette tilsynelatande dreier seg om det same, noko som skaper uklare tilhøve. I sitt rettleingshefte om spesialundervisning har departementet tolka føresegna om individuell opplæringsplan slik at det dreier seg om ei ytterlegare konkretisering frå skolen si side av enkeltvedtaket. Departementet meiner likevel at forholdet mellom enkeltvedtaket og skolen si konkretisering av dette vedtaket bør komme tydelegare til uttrykk i lova enn det gjer etter gjeldande reglar. Spesielt ut frå rettstryggleiksmessige omsyn meiner departementet det er viktig at enkeltvedtaket er så godt utforma at det er mogleg å sjå kva for undervisningsopplegg enkeltvedtaket inneber. Enkeltvedtaket må ha eit innhald som kan praktiserast av skolen i den vidare oppfølginga. På den andre sida må det naturleg nok vere eit visst rom for fleksibilitet i opplegget, fordi ein elles kan risikere at dei behov eleven har, ikkje blir tilstrekkeleg tekne hand om.

Departementet vil i tillegg understreke betydninga av at opplæringsopplegget må kunne evaluere.

Forslaget om å presisere innhaldskrava for enkeltvedtak i lova gjer det formålstenleg å bruke nemninga individuell opplæringsplan på dette vedtaket.

Det er verken mogleg eller formålstenleg å regulere alle detaljar i den praktiske gjennomføringa av opplæringa i den individuelle opplæringsplanen. Departementet meiner derfor det bør synleggjerast i lovteksten at den individuelle opplæringsplanen kan konkretiserast ytterlegare av skolen innanfor dei rammene som er gitt i planen.

I høringsbrevet foreslo departementet at dei tilfella da det må gjerast enkeltvedtak i samsvar med

reglane i forvaltningslova, blir presiserte i lovteksten. Departementet har komme til at dette ikkje bør regulere særskilt i opplæringslova. Departementet viser likevel til forslaget til nytt punktum i § 5–1 andre ledd, og til dei spesielle merknadene til føresegna i punkt 16.1.

### *Sakkunnig vurdering*

I samsvar med høringsutkastet foreslår departementet å oppheve kravet om at det alltid skal liggje føre sakkunnig vurdering før det blir gjort enkeltvedtak. Departementet foreslår at dette blir erstatta av eit krav om at det skal vere sakkunnig vurdering når det er nødvendig for å opplyse saka. I lys av høringa foreslår departementet likevel at det også skal utarbeidast sakkunnig vurdering når eleven/foreldra ber om det. På denne måten blir lova noko meir smidig enn i dag, samtidig som ein kan unngå uheldige konflikter mellom skolen og eleven/foreldra. I den grad skolen ikkje sjølv har den nødvendige kompetanse eller kapasitet til å gjennomføre ei forsvarleg vurdering i den enkelte saka, vil det etter departementet sitt forslag vere nødvendig å innhente sakkunnig vurdering. Forslaget om å innhente sakkunnig vurdering når det er nødvendig for å opplyse saka, må sjåast i samanheng med kravet i § 17 i forvaltningslova om at saka må vere så godt opplyst som mogleg før det blir gjort vedtak. Forslaget her inneber i realiteten ei presisering av kravet i forvaltningslova.

På bakgrunn av fleire av dei innspela som har komme frå høringsinstansane, foreslår departementet å føre vidare krava til innhaldet i den sakkunnige vurderinga. Departementet sluttar seg til synspunkta om at gjeldande krav til innhaldet i den sakkunnige vurderinga framleis skal vere relevante i dei tilfella da det er nødvendig å innhente ei slik vurdering.

### *Grunngivingskravet*

I høringsutkastet foreslo departementet å oppheve det særskilde grunngivingskravet i opplæringslova som gjeld dersom enkeltvedtaket avvik frå den sakkunnige vurderinga. Forslaget var grunnlagt med at kommunen/fylkeskommunen har plikt til å grunnegi vedtaket etter reglane i forvaltningslova. På grunnlag av dei synspunkta som kom fram i høringsrunden, foreslår departementet likevel ein særregel i opplæringslova om at grunngivinga for enkeltvedtaket skal vise kvifor opplæringstilbodet er i samsvar med lova. Etter dagens reglar gjeld det særskilde grunngivingskravet i dei tilfella da vedtaket om spesialundervisning avvik frå den sakkunni-

ge vurderinga. Som følgje av forslaget om å oppheve kravet om at det alltid skal utarbeidast sakkunnig vurdering, må føresegna om det særskilde grunngivingskravet endrast.

#### *Vurdering av behovet for spesialundervisning*

I samsvar med høringsutkastet og dei synspunkta som er fremja frå fleire av høringsinstansane, foreslår departementet å presisere i lova at skolen har eit sjølvstendig ansvar for å ta opp spørsmålet om spesialundervisning. Forslaget inneber ingen reelle endringar i høve til gjeldande lov, men inneber at skolen sitt sjølvstendige ansvar kjem klarare fram i lovteksten.

I motsetning til forslaget i høringsutkastet og i lys av høringsinstansane sitt syn foreslår departementet å føre vidare føresegna om at eleven/foreldra kan krevje at skolen gjer nødvendige undersøkingar.

I samsvar med høringsutkastet foreslår departementet at kravet om samtykke frå eleven/foreldra til at det kan innhentast sakkunnig vurdering og for å gi spesialundervisning, blir ståande ved lag.

#### *Klagerett*

I høringsutkastet vart det foreslått ein særregel i opplæringslova om sjølvstendig klagerett på at saksbehandlingsreglane ikkje er følgde. Forslaget stod i samanheng med forslaget om ikkje å føre vidare føresegna om at eleven/foreldra kan krevje at skolen gjer nødvendige undersøkingar, jf. ovanfor.

Departementet viser til at klageinstansen etter reglane i forvaltningslova kan ta omsyn til saksbehandlingsfeil når klageinstansen behandlar ein klage på sjølve enkeltvedtaket om spesialundervisning.

På denne bakgrunnen foreslår departementet ingen særregel om sjølvstendig klagerett på at saksbehandlingsreglane ikkje er følgde.

I samsvar med høringsutkastet foreslår departementet likevel ei endring i opplæringslova som gir klagerett for eleven/foreldra dersom det ikkje er gjort enkeltvedtak innan rimeleg tid.

Departementet foreslår nokre systematiske endringar i opplæringslova som følgje av endringane her. Departementet meiner m.a. at det er formålstenleg å samle alle saksbehandlingsreglane i éin paragraf, § 5–2.

Departementet viser elles til lovutkastet og til merknadene til føresegnene i kapittel 16.

## 6 Forslag i høringsbrevet om tiltak for å auke rekrutteringa av personar med innvandrarakgrunn til vidaregåande opplæring

### 6.1 Gjeldande rett og praksis

All ungdom som har fullført grunnskolen eller tilsvarende opplæring, har rett til inntak til vidaregåande opplæring, jf. opplæringslova § 3–1. Med «tilsvarende opplæring» er meint utdanning tilsvarende norsk grunnskole, jf. forskrifta til opplæringslova § 6–10. Det betyr at ungdom som har vitnemål for fullført grunnskole frå heimlandet, eller som kan stadfeste eller sannsynleggjere dette, har rett til inntak til vidaregåande opplæring.

Dei som ikkje har rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3–1 pga. mangelfull grunnskole, og heller ikkje har rett til grunnskoleopplæring etter opplæringslova § 2–1 fordi dei er over opplæringspliktig alder, har rett til grunnskoleopplæring for vaksne etter opplæringslova § 4A–1. Dette inneber at alle har rett til å få nødvendig grunnskoleopplæring for inntak til vidaregåande opplæring.

Det er som hovudregel kommunen som har ansvaret for å oppfylle retten til grunnskoleopplæring for vaksne etter opplæringslova § 4A–1. Kommunen har stor fridom til å organisere opplæringstilbodet, og lova er ikkje til hinder for at opplæringa blir gitt i tilknytning til ein vidaregåande skole.

Somme innvandrarak kjem til landet med liten eller ingen skolegang frå heimlandet. Somme kjem også så seint i opplæringspliktig alder (6 til 16 år) at dei etter kort tid i ungdomsskolen blir skrivne ut pga. alder. I slike tilfelle må det gjerast ei konkret vurdering av om vedkommande har fullført grunnskolen og dermed fyller vilkåra for inntak til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3–1, eller om vedkommande har rett til grunnskoleopplæring for vaksne etter opplæringslova § 4A–1.

Det dreier seg om relativt få ungdommar som har ufullstendig grunnskoleopplæring, slik at dei ikkje fyller vilkåra for inntak til vidaregåande opplæring. Per 1. oktober 2003 var det i alt 4 208 vaksne som fekk grunnskoleopplæring etter opplæringslova § 4A–1, av desse var 2 354 frå språklege minoritetar. Det ligg ikkje føre statistikk som viser korleis dette talet fordeler seg på dei ulike aldersgruppene, men det er grunn til å tru at det er ein relativt stor del i aldersgruppa 16–20 år.

Når det gjeld den praktiske tilrettelegginga ved overgangen frå grunnskole til vidaregåande opplæring,

går det i regi av Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring (NAFO) føre seg samarbeid mellom utdanningsavdelingane hos fylkesmennene, fylkeskommunar/kommunar, høgskolar/universitet og fokusskolar på grunnskolenivå og vidaregåande nivå for å gi eit godt tilbod til minoritetsspråklege som manglar eller har mangelfull grunnskole. Det finst også eksempel på at mindreårige innvandrarak som manglar grunnskole for inntak til vidaregåande opplæring, i dag får grunnskoleopplæring for vaksne lagd til ein vidaregåande skole.

Samarbeidet generelt mellom kommunar og fylkeskommunar på dette området er også i utvikling. Det er møte mellom ungdomsskole, vidaregåande skole og vaksenopplæring i god tid før det blir søkt om inntak til vidaregåande opplæring, slik at ein skal kunne informere om kva for tilbod som er moglege, og kva for elevar som bør søkje kvar. Da ser ein også på høva til konkret samarbeid mellom kommune og fylkeskommune om enkeltelevar.

Somme fylkeskommunar lagar forkurs/innføringskurs med yrkesorientering i form av hospitering i ulike yrkesfaglege studieretningar, kombinert med opplæring i språk og andre allmenne samfunnsfag, og i nær kontakt med kommuneleddet. Minoritetsspråklege søkjarar som tek imot tilbod om innføringskurs som forkurs til grunnskurs, får utsett opplæringsretten etter opplæringslova § 3–1 tredje ledd.

### 6.2 Høringsutkastet frå departementet

I høringsutkastet frå departementet vart det vist til St.meld. nr. 30 (2003–2004):

«For å øke rekrutteringen av personer med innvandrarakgrunn til vidaregåande og høgere utdanning, vil departementet fremme forslag om å endre opplæringsloven slik at ufullstendig grunnskoleopplæring i heimlandet ikke står til hinder for inntak i vidaregåande opplæring. Siktet målet er å gi ungdom fra språklige minoriteter med ufullstendig grunnskoleopplæring, opplæring sammen med jevnaldrende majoritetsspråklig ungdom så snart som mulig. Dette innebærer at grunnskoleopplæringen gis integrert i vidaregåande opplæring, og at fylkes-

kommunen blir ansvarlig for denne opplæringen.»

Forslaget vart ikkje kommentert i Innst. S. nr. 268 (2003–2004).

Unge over opplæringspliktig alder (16 år) som ikkje fyller inntaksvilkåra til vidaregåande opplæring om «fullført grunnskole eller tilsvarende opplæring», er ei svært heterogen gruppe. Dei kunnskapar og dugleikar ungdommane har, varierer over heile spennet, frå dei som er analfabetar, dei som heilt eller delvis manglar grunnskole frå heimlandet, dei som har ein kombinasjon av kort opplæringstid frå heimlandet og kort opplæringstid i norsk grunnskole, til dei som har kort tid igjen før grunnskolen kan seiast å vere fullført.

I høringsutkastet vart det vist til siktemålet om auka rekruttering av personar med innvandrabakgrunn til vidaregåande og høgare utdanning. For at dette skal vere ei realistisk målsetjing, la departementet i høringsutkastet til grunn at ei lovendring om unntak frå inntaksvilkåret om fullført grunnskole for inntak til vidaregåande opplæring måtte avgrensast til å gjelde dei ungdommane som har lite igjen før grunnskolen kan seiast å være fullført. Elevar som manglar eller har svært mangelfull grunnskoleopplæring frå før, vil i alle tilfelle måtte ha eigne, særskilde opplæringsopplegg.

Det vart også vist til at eit eventuelt unntak frå inntaksvilkåret om fullført grunnskole ikkje bør vere ein særrett for personar med innvandrabakgrunn, men bør gjelde all ungdom som av ulike grunnar ikkje har fullført grunnskolen. Ein del barn og ungdommar som har vakse opp i Noreg, har også, av ulike grunnar, «hol» i grunnskoleopplæringa. Somme har vore sjuke under delar av oppveksten, eller det har vore andre grunnar som har gjort at dei ikkje har vore i stand til å ta imot opplæring i periodar. Det er m.a. barn og ungdom i barneverninstitusjonar som droppar ut, særleg i ungdomsskolen.

På denne bakgrunnen foreslo departementet i høringsutkastet ei lovendring som inneber at ungdom som er over opplæringspliktig alder, men som ikkje fyller vilkåret om fullført grunnskole eller tilsvarende opplæring, likevel etter konkret vurdering får rett til inntak til vidaregåande opplæring. Forslaget inneber at elevane kan ta delar av grunnskoleopplæringa samtidig som dei får opplæring i fag innanfor vidaregåande opplæring, og at all opplæring blir gitt ved den vidaregåande skolen. Det vart vist til at den foreslåtte endringa også vil ha betydning ved inntak til frittstående vidaregåande skoler.

I høringsbrevet vart dei økonomiske konsekvensane omtalte slik:

«Lovendringen medfører at fylkeskommunene får ansvar for å gjennomføre manglende grunnskoleopplæring for de elevene som ikke har fullført dette tidligere. Dette innebærer en mer utgift for fylkeskommunene samtidig som det fører til en innsparing for kommunene, som ikke må tilby grunnskoleopplæring for disse elevene. Totalt sett medfører ikke dette økonomiske konsekvenser for kommunesektoren, kun en kostnadsoverføring fra kommunene til fylkeskommunene. (...)

Med en gjennomsnittlig kostnad per elev i grunnskolen på 63 500 kroner vil kostnaden ved at 1 000 elever benytter seg av en slik rett anslås til om lag 60 mill. kroner for fylkeskommunene med en tilsvarende innsparing for kommunene. Dersom 2 000 elever benytter seg av en slik rett, vil kostnaden/innsparingen for fylkeskommunene/kommunene kunne anslås til om lag 130 mill. kroner.»

Forslaget til nytt andre ledd i opplæringslova § 3–1 i høringsbrevet lydde slik:

«Ungdom som er over opplæringspliktig alder og ikkje fyller vilkåra om fullført grunnskole eller tilsvarende opplæring for inntak til vidaregåande opplæring etter første ledd, men som er komne så langt at det kan vere formålstenleg å få resten av grunnskoleopplæringa i vidaregåande opplæring, har etter konkret vurdering rett til vidaregåande opplæring.»

## 6.3 Høringsinstansane

Det er 67 instansar som har gitt realitetsfråsegn. Av desse er det 18 som støttar forslaget, medan 49 anten går imot forslaget eller støttar det under klare føresetnader. I tillegg til desse har 9 instansar nøytrale kommentarar, og 15 instansar har ikkje merknader.

### 6.3.1 Dei som støttar forslaget

Følgjande instansar støttar forslaget: 3 kommunar, *Akershus fylkeskommune*, 4 fylkesmenn, *Kontaktutvalet mellom innvandrarar og myndigheitene (KIM)*, *Foreldreutvalet i grunnskolen (FUG)*, *Norsk lektorlag*, *Barneombodet*, *Elevorganisasjonen*, *Utdanningsforbundet*, *Utdanningsgruppenes Hovedorganisasjon* og *Universitets- og høgskolerådet*.

Dei som støttar, meiner at dette er eit positivt forslag til lovendring, og at det ikkje minst kan hjelpe fleire med innvandrabakgrunn inn i vidaregåande opplæring.

Eleveorganisasjonen uttaler:

«Eleveorganisasjonen er glad for at departementet åpner for at personer med innvandrerbakgrunn med ufullstendig opplæring fra grunnskolen, kan begynne på videregående skole. Vi mener det er hensiktsmessig at disse får gå på skole med jevnaldrende, samtidig som de får tatt igjen den manglende grunnskolekompetansen på ett og samme sted.»

KIM ønskjer lovforslaget velkomme, men etterlyser samtidig mykje tydelegare signal om korleis ein skal gå fram når det gjeld gruppa analfabetar hovudsakleg frå 10 år og oppover, vaksne inkludert. Denne gruppa krev for det første spesialkunnskap hos lærarpersonalet. Dernest krevst det omfattande innsikt og evne til å tilpasse ulike undervisningsløp til ulike aldersgrupper. F.eks. kan somme i denne gruppa vere barnesoldatar eller ha svært traumatiske opplevingar bak seg. Dei kjem med ei livserfaring som dei færraste evnar å setje seg inn i, og som er umogleg å omsetje i det norske skolesystemet. Samtidig er målet normalisering. Denne typen elevar krev lærarar med både spesialpedagogisk innsikt og kunnskapar om barnepsykiatri. Og så dei eldre unge og dei vaksne krev spesialiserte opplegg. Kontaktutvalet sine erfaringar er at kunnskapen og innsikta på dette området er svært mangelfull, og meiner målretta skolering av lærarpersonell er nødvendig.

### 6.3.2 Dei som støttar forslaget under bestemte føresetnader og dei som er betenkte

Høringsinstansar som støttar forslaget og intensjonen i forslaget, men som likevel har klare føresetnader/atterhald eller er betenkte, er m.a. 9 kommunar, 3 fylkeskommunar, 7 fylkesmenn, *Kommunenes Sentralforbund (KS)*, *Innvandrerne Landsorganisasjon (INLO)*, *Skolenes Landsforbund*, *Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund (YS)*, *Norsk Skolelederforbund*, *Kommunal- og regionaldepartementet*, *Norges teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU)*, *Utlendingsdirektoratet*.

#### Krav om full økonomisk kompensasjon

Mange høringsinstansar støttar forslaget under føresetnad av full økonomisk kompensasjon til fylkeskommunane. Fleire fylkeskommunar peiker på at gjennomsnittskostnaden for ein elev i vidaregåande opplæring er atskilleg høgare enn gjennomsnittskostnaden per elev i grunnskolen. Det blir også vist til at innsparinga i kommunane ved at fylkeskom-

munane overtek ansvaret for somme elevar ikkje tilsvarende gjennomsnittskostnaden per elev, fordi innsparinga ved å ha ein elev mindre i det kommunale grunnskoletilbodet ikkje er lik gjennomsnittskostnaden per elev. Kommunen må framleis halde oppe eit opplæringstilbod til dei som fylkeskommunen ikkje overtek ansvaret for etter dette forslaget.

*Rogaland fylkeskommune* uttaler:

«Gjennomsnittskostnaden pr elev i grunnskolen ligger i underkant av kr 65 000,-. Gjennomsnittskostnaden i vidaregåande opplæring i Rogaland ligger i overkant av 95 000,- kroner pr elev. Det er derfor ikke riktig når departementet i sitt høringsbrev hevder at dette kun representerer en kostnadsoverføring fra kommune til fylkeskommune. En overføring av ansvar fra kommuner til fylkeskommuner vil, dersom eleven forutsettes å få et tilbud av den samme kvalitet som andre elever i vg.skole, isolert sett bli dyrere for samfunnet.»

KS uttaler:

«KS ser det som generelt viktig å bedre rekrutteringen av personer med innvandrerbakgrunn til vidaregåande opplæring. (...) KS støtter forslaget til et nytt andre ledd i opplæringsloven § 3-1 ut fra hensynet til elevens situasjon – dvs at de fleste elevene i denne kategorien totalt sett vil oppleve et bedre miljø i en vidaregåande skole fremfor å skulle gå på en grunnskole eller et voksenopplæringstilbud. Dette med tanke både på læringssituasjonen og sosial gruppetilhørighet. Ettersom det er fylkeskommunen som uansett får ansvaret for den påfølgende vidaregåande opplæringen, er det pedagogisk sett gode grunner for at fylkeskommunen også får ansvaret for å gjennomføre den manglende grunnskoleopplæringen for disse elevene. Dette vil uten tvil måtte medføre merutgifter for fylkeskommunene. En forutsetning for at fylkeskommunene skal påta seg dette ansvaret, må derfor være at merutgiftene kompenseres fullt ut.»

#### Faglege innvendingar m.m.

Høringsinstansane har gitt uttrykk for følgjande faglege innvendingar:

- Av miljømessige grunnar og ut frå elevane sin situasjon kan det vere positivt å vere saman med jamaldrande ungdom (sosialt gruppetilhør) i ein vidaregåande skole framfor å skulle gå på ein grunnskole eller i eit voksenopplæringstilbod. Samtidig er det ein risiko for at elevar utan fullført grunnskole vil stille med enda større handikap i høve til medelevar i vidaregåande opplæring enn det enkelte minoritets-

språklege elevar *med* fullført grunnskole alle-reie gjer i dag.

- Det blir peikt på at fråfallet i vidaregåande opplæring blant minoritetsspråklege er høgare enn blant majoritetsspråklege, og at forslaget aukar sjansen for ytterlegare fråfall.
- Forskjellane i basiskunnskapar blant elevar med og utan fullført grunnskole i vidaregåande opplæring kan bli uforholdsmessig store. Dei utan fullført grunnskole skal også «ta igjen» dei andre, i tillegg til at dei kanskje også skal lære norsk.
- Somme peiker på at elevane må vere modne nok både fagleg og mentalt før dei startar i vidaregåande opplæring.
- Skolen er ein viktig arena for sosialisering, og for den gruppa som er omfatta av forslaget, vil dette vere vel så viktig som sjølve opplæringstilbodet. Atter andre meiner at den overordna målsetjinga må vere det faglege utbyttet elevane kan få.
- Forslaget stiller krav om samarbeid mellom kommune og fylkeskommune.

INLO uttaler:

«INLO er glad for at innvandrere med ufullstendig (og/eller ikke anerkjent) grunnskoleopplæring fra hjemlandet kan få inntak i vidaregåande opplæring. Vi vil imidlertid advare mot den skjevhet dette kan medføre for elevenes vedkommende. Faren for at elevene får en «formell» skolegang, uten at det foreligger vurdering av deres spesialbehov vil være tilstede. Det vil etter INLOs mening være fare for at unge med liten skolebakgrunn får en skolehverdag de ikke makter, hvis de forutsettes å ta grunnskoleopplæring ved siden av vidaregåande opplæring. Her må man legge stor vekt på, og sørge for oppfølging av, en konkret vurdering i hvert enkelt tilfelle.»

Utlendingsdirektoratet uttaler m.a.:

«Utlendingsdirektoratet er i utgangspunktet enig i at det er en fordel at minoritetsspråklige elever snarest mulig får komme sammen med jevnaldrende og at dette kan øke rekrutteringen til vidaregåande og høgere utdanning. Vi ser imidlertid en viss risiko for at disse elevene uten fullført grunnskoleutdanning, vil stille med enda større handicap i forhold til medelevene enn det vi vet enkelte minoritetsspråklige elever med fullført grunnskole i Norge allerede gjør. Forskjellene i basiskunnskaper blant elever med og uten fullført grunnskole kan bli uforholdsmessig store. Dessuten har de minoritetsspråklige elevene en utfordring i å lære norsk som kommunikasjons- og fagspråk. For å kom-

pensere for dette, er det avgjørende at den vidaregåande skolen kan gi et pedagogisk tilbud som gjør disse elevene i stand til å ta igjen det faglige forspranget de andre elevene har, parallelt med at de skal følge den vidaregåande opplæringen. En må unngå at disse elevene blir tapere i forhold til øvrige elever, og at den vidaregåande skolen for enkelte blir en form for «oppbevaring» uten noe læringsmessig utbytte som de kan bygge videre på i arbeidsliv eller høgere utdanning. Fråfallet fra vidaregåande opplæring er allerede høgere blant minoritetsspråklige elever enn blant andre. Det blir derfor viktig at elever som i utgangspunktet stiller med svakere basiskunnskaper, gis den oppfølging og støtte som er nødvendig for at de skal kunne fullføre løpet. Dette vil by på pedagogiske og ressursmessige utfordringer som den vidaregåande skolen må være i stand til å møte.»

*Fylkesmannen i Sør-Trøndelag* uttaler:

«Fylkesmannen støtter intensjonen med lovendringen, men frykter at lovteksten vil virke mot sin hensikt og heller redusere rettssikkerheten for denne gruppen elever. Ansvaret for opplæringen utydeliggjøres og forslaget øker risikoen for at verken kommune eller fylkeskommune vil iverksette grunnskoleopplæring. Uklarheten vil kunne medføre at opplæringstilbudet utsettes i tid, noe vi vet er svært uheldig, ikke minst for denne gruppen elever. Ordlyden; «at det kan vere formålstenleg» gjør at det fylkeskommunale skjønnnet blir svært sentralt, og i realiteten begrenses klageinstansens mulighet til å overprøve vedtaket. Vi frykter for at økonomiske forhold vil prege vurderingene i vedtaket.»

Mange høringsinstansar presiserer også at dersom forslaget blir fremja, må det utarbeidast forskrift med presise retningslinjer for kva som skal liggje i den konkrete vurderinga for inntak, og reglar for korleis ein skal løyse spørsmålet om dokumentasjon og vitnemål for fullført grunnskoleopplæring når denne blir avslutta i vidaregåande opplæring.

### 6.3.3 Dei som går imot forslaget

Dei som går imot forslaget er 5 kommunar, 13 fylkeskommunar og *Høgskolen i Agder*, og desse har først og fremst trekt fram følgjande:

- Forslaget fører til uklar ansvarsfordeling mellom kommune og fylkeskommune, noko som igjen vil kunne gå ut over elevane.
- Kommunen har kompetansen og ressursane til å gi grunnskoleopplæring.



Men det blir også vist til at

- forslaget berre vil gjelde den gruppa som har lite igjen før grunnskolen er fullført (antydning om lag eitt år i høringsbrevet). Det betyr at det framleis vil vere ei større gruppe ungdom med manglande grunnskoleopplæring som i alle tilfelle må få denne i kommunal regi;
- denne ungdomsgruppa har per i dag lovfesta rett til grunnskoleopplæring i kommunal regi, jf. opplæringslova § 4A–1 (dvs. ikkje noko retts-tomt rom).

*Opppegård kommune* meiner lovforslaget

«vil kunne øke sjansen til frafall fra videregående skole. Elevene mangler de grunnleggende kunnskapene i norsk og de faglige kravene blir for store. Elevene mister motet, får ikke den oppfølgingen de trenger og slutter. På grunn av manglende språkkunnskaper, vil det ikke nødvendigvis bli mer kontakt med jevnaldrende ungdom. Rådmannen stiller seg tvilende til at man skal kunne gi et bedre grunnskoletilbud til minoritetsspråklige elever mellom 16 og 19 år på fylkeskommunalt nivå. Kommunen har gjennom flere år opparbeidet stor kompetanse på feltet og fått erfaring i hvordan man skal gjennomføre den manglende grunnskoleopplæringen. Det er også å bemerke at mange elever er mindreårige asylsøkere. De har ikke nettverk eller familie til å støtte seg gjennom skoleløpet. Det er derfor svært viktig at de er modne nok både mentalt og faglig før de starter på et videregående skoleløp. Rådmannen mener elevene får et bedre tilbud ved grunnskoleopplæring på kommunalt nivå.»

*Bergen kommune* uttaler:

«Bergen kommune er enig i målsettingen om å øke rekrutteringen til videregående opplæring. Kommunen har i dag ansvar for opplæring på grunnskolen område ut fra et prinsipp om ansvarsplassering ut fra kompetanseområde. Det er stor frihet med hensyn til organisering av opplæringstilbud, og nåværende lovbestemmelse er ikke til hinder for tilknytning til en videregående skole. Etter St.meld. nr. 30 Kultur for læring vil det dessuten bli arbeidet med styrking av samarbeidet mellom kommune og fylkeskommune på ulike felt. En viktig forutsetning for godt samarbeid er imidlertid at ansvar er tydelig plassert og avgrenset.» Kommunen mener at «inntil prinsipper og konsekvenser er nærmere utredet bør forslaget trekkes og nåværende ordning videreføres.»

## 6.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet viser til at forslaget har fått relativt lite tilslutning, medan det er eit stort fleirtal av høringsinstansane som anten går imot forslaget eller som støttar det under bestemte føresetnader. På denne bakgrunnen er departementet komme til at forslaget i høringsutkastet ikkje blir halde oppe.

Målsetjinga med forslaget var auka rekruttering av innvandrarak til vidaregåande opplæring og høgare utdanning. Høringsfråsegnene viser at det kan vere grunn til å tvile på om målsetjinga med lovforslaget kan nåast. Fråfallet i vidaregåande opplæring blant minoritetsspråklege elevar er per i dag høgare enn blant majoritetsspråklege, og høringsinstansane er bekymra for at forslaget kan medføre større sjanse for ytterlegare fråfall. Det er også peikt på at forslaget fører til uklar ansvarsfordeling mellom kommune og fylkeskommune, noko som også vil kunne gå ut over elevane. Etter departementet sitt syn er dette tungtvegande omsyn som taler for at kommunane framleis bør ha ansvaret for den grunnskoleopplæringa det her er tale om, og at denne skal vere gjennomført før inntak til vidaregåande opplæring.

Høringsinstansar viser også til at forslaget vil føre til større meirutgifter for fylkeskommunen, og mindre innsparing for kommunane enn det departementet har lagt til grunn i høringsbrevet. Mange høringsinstansar støttar forslaget under føresetnad av at staten gir full økonomisk kompensasjon til fylkeskommunane.

Departementet vil også vise til at ungdom som er over opplæringspliktig alder, og som ikkje har rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3–1 på grunn av at grunnskolen ikkje er fullført, har rett til grunnskoleopplæring for vaksne etter opplæringslova § 4A–1. Alle har rett til å få nødvendig grunnskoleopplæring for inntak til vidaregåande opplæring. Ansvaret for gjennomføringa og finansieringa av opplæringa er lagt til kommunen, men kommunen har stor fridom til å organisere opplæringstilbodet, og opplæringslova er heller ikkje til hinder for at grunnskoleopplæringa kan leggjast til ein vidaregåande skole.

Ungdom som har fullført grunnskolen eller tilsvarende opplæring, har rett til tre års vidaregåande opplæring, jf. opplæringslova § 3–1. Inntaksvilkåra er nærmare regulert i forskrifta § 6–10. Eitt av vilkåra er at søkjaren har gjennomgått utdanning tilsvarende norsk grunnskole. Det er ikkje presisert nærmare kva som ligg i dette. Kravet går i praksis ut på at søkjaren har eit visst antal år i grunnskole

frå heimlandet og/eller Noreg som i omfang tilsva-  
rar norsk grunnskole. Departementet vil foreslå å  
endre forskrifta § 6–10 slik at det blir klarare krite-  
rium for kva som er meint med at søkjaren har

gjennomgått utdanning tilsvarende norsk grunn-  
skole. Ei presisering av denne forskriftsføresegna  
vil få betydning for denne ungdomsgruppa.

## 7 Forslag om endring av retten til vidaregåande opplæring for ungdom

### 7.1 Gjeldande rett

Etter opplæringslova § 3–1 har ungdom med fullført grunnskole eller tilsvarende etter søknad rett til tre års heiltids vidaregåande opplæring. Ungdom har rett til å komme inn på eitt av tre alternative grunnkurs og til to års vidaregåande opplæring som byggjer på grunnkurset. Retten til vidaregåande opplæring blir etter søknad om omval utvida med inntil eitt år. Elev med rett til spesialundervisning etter opplæringslova kapittel 5 har rett til vidaregåande opplæring i inntil to år ekstra når eleven treng det i høve til opplæringsmåla for den enkelte. Retten til vidaregåande opplæring må normalt takast ut innan fem år etter fullført grunnskole, og innan seks år når opplæringa heilt eller delvis blir gitt i lærebedrift. Elevar i vidaregåande skole kan ha rett til spesialundervisning etter kapittel 5 og til skyss etter kapittel 7 i opplæringslova.

Etter § 4A–3 første ledd i opplæringslova har vaksne fødte før 1978 som har fullført grunnskole eller tilsvarende, men som ikkje har fullført vidaregåande opplæring, etter søknad rett til vidaregåande opplæring. Dei har også rett til å få vurdert realkompetansen sin og til å få utferda kompetansebevis. Vidaregåande opplæring for vaksne skal, m.a. på grunnlag av ei vurdering av realkompetansen, tilpassast til dei behova den enkelte har. Retten er ikkje avgrensa når det gjeld tidsbruken.

### 7.2 Høringsutkastet frå departementet

I høringsutkastet frå departementet vart det vist til at sjølv etter innføringa av rett til vidaregåande opplæring for ungdom og rett til vidaregåande opplæring for vaksne som er fødte før 1978, er det i dag personar som er utan rett til vidaregåande opplæring. Etter departementet si vurdering har dette samanheng med at ein del ungdommar ikkje er motiverte for vidaregåande opplæring direkte etter grunnskolen. Andre har av ulike grunnar slutta undervegs. Dei har ikkje rett til vidaregåande opplæring som vaksne fordi dei er fødte etter 1978. Ei anna gruppe utan rett til vidaregåande opplæring er

innvandrarar som har komme til Noreg så seint at dei ikkje har kunna nytte ungdomsretten.

Departementet viste til St.meld. nr. 30 (2003–2004) der det ble foreslått ei aldersgrense på 25 år for uttak av ungdomsretten. Dette vart grunnlagt med at det vil kunne ta hand om vaksne sine behov på ein betre måte enn i dag. I meldinga vart det likevel presisert at ei slik aldersgrense berre er ei av fleire moglege endringar for å sikre at vaksne skal ha høve til å fullføre eller ta vidaregåande opplæring seinare i livet.

I Innst. S. nr. 268 (2003–2004) vart det vist til at Regjeringa har varsla at det vil bli utarbeidd ein langsiktig strategi for kompetanseutvikling fram mot 2010. Komiteen føresette at departementet vil vurdere ulike løysingar for å stimulere til kompetanseheving, m.a. stimulere vaksne til å ta vidaregåande utdanning, i samband med utarbeidinga av strategiplanen.

Departementet uttalte i høringsutkastet at utdanning har mykje å seie for både samfunnet og den enkelte, og det er eit problem at talet på personar utan vidaregåande opplæring stadig aukar. På denne bakgrunnen foreslo departementet å utvide retten for ungdom til vidaregåande opplæring fram til og med det året dei fyller 24 år. På denne måten vil den enkelte få betre tid til å tenkje seg om og bli meir motivert når det gjeld val av studieretning.

I forlenginga av dette forslaget vurderte departementet også om gjeldande tidsgrenser for bruken av retten bør først vidare. Departementet viste i denne samanhengen til at ein ved å utvide ungdomsretten til 24 år kan få ein negativ verknad for gjennomføringa. Departementet kom derfor til at regelen i opplæringslova § 3–1 om at retten må takast ut innan fem (seks) år, bør først vidare, men i ei noko endra form. Høringsutkastet inneheldt to alternative forslag. Det eine alternativet er at retten til vidaregåande opplæring som hovudregel må takast ut i løpet av ein samanhengande periode på fem år rekna frå det tidspunktet vedkommande begynner i vidaregåande opplæring, og ikkje som i dag frå det tidspunktet vedkommande har fullført grunnskolen. Dette forslaget inneber at den disiplinierende effekten ein reknar med ligg i at vidaregåande opplæring må gjennomførast i løpet av ei viss tid, framleis er til stades.

Det andre alternativet som vart foreslått i høringsutkastet, er å oppheve kravet om at retten til vidaregåande opplæring normalt må takast ut innan fem år. Dette alternativet inneber at ungdom, etter å ha fullført grunnskolen, fritt kan velje når dei vil ta ut retten til vidaregåande opplæring, så lenge heile retten blir teken ut innan utgangen av det året vedkommande fyller 24 år. For den enkelte ungdommen vil dette forslaget innebere stor fleksibilitet og kunne medverke til at kvar enkelt begynner på vidaregåande opplæring når motivasjonen er størst. Slik sett kan dette alternativet medverke til at fleire av dei som begynner på vidaregåande opplæring, også fullfører utdanninga. På den andre sida vil det kunne gjere dei årlege elevtala i vidaregåande opplæring meir uføreseielege. På grunnlag av desse to alternativa bad departementet spesielt om høringsinstansane sitt syn på spørsmålet om det bør vere ei tidsgrense knytt til retten til vidaregåande opplæring for unge.

### 7.3 Høringsinstansane

Eit klart fleirtal av dei høringsinstansane som har uttalt seg til dette punktet, sluttar seg til prinsippet om å utvide ungdomsretten til 24 år. Blant dei få høringsinstansane som er imot endringa, er *Kommunenes Sentralforbund (KS)*. KS uttaler at mykje taler for utviding, men at spørsmålet må vurderast grundigare. Blant dei som sluttar seg til forslaget, er *Sammordna Opptak* som viser til at den foreslåtte endringa vil vere positiv for innvandrarak. Det same meiner *Innvandrerne Landsorganisasjon* og *Utlendingsdirektoratet*.

Blant høringsinstansane er det eit fleirtal som sluttar seg til alternativ 2 i høringsutkastet. Grunngevingane er i hovudsak knytte til at dette alternativet gir større fleksibilitet for ungdommen enn alternativ 1, og til betydninga av at ungdommen er motivert for vidaregåande opplæring.

Av fylkeskommunane er det likevel drygt halvparten som sluttar seg til alternativ 1. Fleire av desse fylkeskommunane viser til at alternativ 1 vil verke mest disiplinierende, samtidig som dei viser til at alternativ 2 gjer grunnlaget for planlegginga i fylkeskommunane meir uføreseieleg. *Utdanningsforbundet* uttaler at alternativ 1 vil gi best gjennomstrøyming. *Rogaland fylkeskommune* går imot forslaget om utviding av ungdomsretten og grunngir dette med at forslaget er for dårleg utgreidd. Subsidiært støttar denne fylkeskommunen alternativ 2. Fleire av fylkeskommunane meiner at oppfølgingstenesta berre skal ha ansvar fram til fylte 20 år.

*Skolenes Landsforbund* gir ikkje tilslutning til nokon av alternativa, men meiner at vaksenretten og oppfølgingstenesta bør styrkjast. Det same synspunktet har *Sarpsborg kommune*.

Fleire av høringsinstansane reiser spørsmålet om kva konsekvensar ei utviding av ungdomsretten vil få for den fylkeskommunale oppfølgingstenesta. Det blir vist til at dersom ansvaret til oppfølgingstenesta blir utvida tilsvarende, vil dette innebere økonomiske og administrative meirkostnader. Somme av instansane foreslår derfor at det ansvaret oppfølgingstenesta har, ikkje skal utvidast i høve til gjeldande ordning. Det blir i tillegg vist til at behovet for oppfølgingstenesta vil vere mindre dess eldre ungdommen er.

### 7.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Etter departementet si vurdering er det bekymringsfullt at talet på personar utan vidaregåande opplæring er aukande. Det vil derfor vere formålstenleg å gjere regelverket meir fleksibelt, slik at høvet til å få vidaregåande opplæring blir utvida. Det vil m.a. opne for at fleire ungdommar kan vente med å ta ut retten til vidaregåande opplæring til dei er tilstrekkeleg motiverte. Dette kan gjerast ved å utvide ungdomsretten slik at han må takast ut innan utgangen av det året vedkommande fyller 24 år. Departementet har merkt seg at høringsinstansane har ulike syn når det gjeld spørsmålet om det framleis bør vere ei tidsgrense knytt til ungdomsretten til vidaregåande opplæring. Etter departementet sitt syn har tidsgrensa slik ho er etter gjeldande reglar, ein disiplinierende effekt som bør haldast oppe.

På denne bakgrunnen foreslår departementet at opplæringslova blir endra slik at retten til vidaregåande opplæring for ungdom gjeld fram til utgangen av det året vedkommande fyller 24 år. Vidare foreslår departementet at dagens reglar om at retten må takast ut innanfor ei tidsramme på fem (seks år) blir ført vidare. Dette betyr at den vidaregåande opplæringa må fullførast i løpet av fem (seks) år frå det tidspunktet vedkommande begynner på opplæringa.

Departementet sluttar seg til dei av høringsinstansane som peiker på at behovet for den fylkeskommunale oppfølgingstenesta vil vere mindre dess eldre ungdommen er. Departementet vil derfor ikkje foreslå at ansvaret for oppfølgingstenesta blir utvida, men at dagens reglar blir førte vidare. Dagens reglar inneber at oppfølgingstenesta har

ansvar i fem (seks) år etter at vedkommande har fullført grunnskolen, dvs. til ungdommen er om lag 21 år. Departementet foreslår derfor ei endring i lova som inneber at fylkeskommunen skal ha ei oppfølgingsteneste for ungdom til og med det året dei fyller 21 år.

Elles viser departementet til lovutkastet og til merknadene til dei enkelte føresegnene i kapittel 16.

## 8 Forslag om ansvar for kompetanseutvikling

### 8.1 Gjeldande rett

---

Kommunen, fylkeskommunen og staten er i opplæringslova § 10–8 pålagde plikt til å medverke til at undervisningspersonale, skoleleiarar og personale med særoppgåver i skoleverket får høve til etterutdanning. Opplæringslova har ingen eksplisitt regel om vidareutdanning.

Det finst inga tilsvarende føresegn i friskolelova.

### 8.2 Høringsutkastet frå departementet

---

Høringsutkastet frå departementet er i samsvar med vurderingane og forslaga i St. meld. nr. 30 (2003–2004) og med Innst. S. nr. 268 (2003–2004).

Departementet viste m.a. til at det i meldingane ble foreslått mange tiltak som har som mål å skape ein betre skole. Føresetnadene for at desse tiltaka skal kunne gjennomførast, er avhengige av at lærarane m.a. har rett og tilstrekkeleg kompetanse. I meldingane vart det understreka at det er skoleeigarane som har ansvaret for kompetanseutviklinga i skolen; det gjeld både etter- og vidareutdanning av det pedagogiske personalet.

I høringsutkastet gav departementet uttrykk for at formuleringa i opplæringslova § 10–8 er noko svak når det gjeld den plikta skoleeigarane har til å sørge for tilstrekkeleg og kontinuerleg kompetanseutvikling. Departementet meinte at det bør vere heilt klart at ansvaret for nødvendig samla kompetanseutvikling må liggje på skoleeigarane.

Ut frå dette foreslo departementet ei endring i opplæringslova § 10–8, slik at det ansvaret skoleeigarane har for kompetanseutvikling i eigne verksemder, kjem tydelegare fram. Det vart foreslått ei tilsvarende føresegn i friskolelova.

### 8.3 Høringsinstansane

---

Høringsfråsegnene er nokså eintydig positive til endringsforslaget slik det ligg føre. Det blir understreka at høringsinstansane er tilfredse med presi-

seringa av at ansvaret for kompetanseutvikling (både etter- og vidareutdanning) heilt ut ligg hos skoleeigarane. Det er 105 høringsinstansar som har uttalt seg; av desse er det 13 som ikkje har merknader, medan 92 aktivt støttar forslaget. Av dei 92 som støttar forslaget, har 41 merknader til departementet sine vurderingar av dei økonomiske konsekvensane av forslaget.

Ei hovudinnvending mot forslaget er at statens ansvar ikkje er tilstrekkeleg klargjort. Somme av høringsinstansane viser i denne samanhengen til at det bør komme fram i lova at staten har økonomisk ansvar, i alle fall i samband med reformer og nasjonale satsingar.

Fleirtalet av dei som har uttalt seg til forslaget, inklusive *Kommunenenes Sentralforbund (KS)*, er av den oppfatning at endringa i lovteksten vil medføre auka kostnader for skoleeigarane, først og fremst når det gjeld etter- og vidareutdanning av allereie tilsett undervisningspersonale. Statens ansvar for å sikre skoleeigarane økonomi til å drive løpande kompetanseutvikling og god personalpolitikk blir etterlyst. Eit fåtal høringsinstansar meiner at plikt for dei tilsette til å delta i kompetanseutvikling bør lovfestast. KS meiner lovteksten bør presisere at skoleeigarane har rett til å ta dei nødvendige avgjerslene når det gjeld val av kompetanseutviklingstiltak.

### 8.4 Vurderingar og forslag frå departementet

---

Departementet foreslår endringar i opplæringslova og i friskolelova i samsvar med høringsforslaget.

Departementet viser til at av alle ressursar i skolen er kompetanse og motivasjon hos lærarane den faktoren som påverkar elevprestasjonane mest. Etter departementets syn krev derfor kvalitetsutvikling i skoleverket at den enkelte skolen både har høve til å rekruttere kompetente, engasjerte og motiverte lærarar og skoleleiarar og verkemiddel som gjer det mogleg å halde på og utvikle personalressursane. Auka handlefridom gir både nye moglegheiter og større ansvar for skoleeigaren. Dette inneber også at skoleeigaren må sørge for at det alltid er tilstrekkeleg kompetanse i skolane.

Kompetansebehova i skolen i samband med reformer og endringar i læreplanverket kan løysast gjennom nyrekruttering og/eller etter- og vidareutdanning av dei som allereie er tilsette i skoleverket. Den vesentlege delen av kompetanseutviklinga må etter departementets syn skje gjennom etter- og vidareutdanning av dei som allereie er tilsette.

Nemninga kompetanseutvikling blir ofte brukt som ei samlenemning for etter- og vidareutdanning, sjølv om desse tiltaka normalt har ulike formål og ulikt innhald. Med «vidareutdanning» meiner departementet utdanning som har som formål å auke den formelle, faglege og pedagogiske kompetansen hos den enkelte læraren. Vidareutdanning gir formell kompetanse i form av studiepoeng/vektal. Vidareutdanning har tradisjonelt vore noko den enkelte læraren har sytt for på eige initiativ, og har i liten grad vore styrt av skoleeigaren.

Etterutdanning gir ikkje ny formell kompetanse i form i studiepoeng/vektal. Denne utdanninga omfattar kurs, seminar o.l., der oppdatering ofte er det viktigaste formålet. I skoleverket har etterutdanninga tradisjonelt vore skoleeigarane sitt ansvar og derfor lang på veg styrt av skoleeigarane.

Departementet viser til dei høringsinstansane som foreslår å lovfeste plikt for dei tilsette til å delta i kompetanseutvikling. Etter departementets syn

ligg dette spørsmålet innanfor ramma av arbeidsgjvarens styringsrett, og det er derfor ikkje formålstenleg å regulere det i lova. Det same gjeld forslaget frå enkelte høringsinstansar om å lovfeste skoleeigarens rett til å ta dei nødvendige avgjerslene når det gjeld val av kompetanseutviklingstiltak.

Etter departementets syn er formuleringa i opplæringslova § 10–8 ikkje tilstrekkeleg klar med tanke på den plikt skoleeigarane har til å sørgje for tilstrekkeleg og kontinuerleg kompetanseutvikling. Departementet meiner det bør gjerast klart at ansvaret for nødvendig, samla kompetanseutvikling må ligge hos skoleeigarane. Når det gjeld vidareutdanning, er det viktig at den enkelte skoleeigaren får høve til å prioritere og vedta denne etter det behovet verksemda har. Skoleeigaren må likevel, i den grad det er mogleg, kunne gi rom for behov den enkelte læraren har for å fornye seg gjennom sjølvvald etterutdanning, og ikkje einseitig leggje vekt på skoleeigar sine behov. Departementet legg til grunn at det same må gjelde for friskolane.

På denne bakgrunnen foreslår departementet at opplæringslova og friskolelova blir endra slik at det ansvaret skoleeigarane har for kompetanseutvikling i eigne verksemdar, kjem tydelegare fram.

Departementet viser til lovutkastet og merkna-dene til føresegnene i kapittel 16.

## 9 Forslag om åremålstilsetjing av rektorar

### 9.1 Gjeldande rett

---

Opplæringslova har i dag ingen føresegner om åremålstilsetjing. Etter opplæringslova § 9–1 skal kvar skole ha ei forsvarleg fagleg, pedagogisk og administrativ leiing. Opplæringa i skolen skal leiast av rektorar. Dei skal halde seg fortrulege med den daglege verksemda i skolane og arbeide for å vidareutvikle verksemda. Den som skal tilsetjast som rektor, må ha pedagogisk kompetanse og nødvendige leiareigenskapar.

I samsvar med arbeidsmiljølova § 58 A punkt 1 kan den øvste leiaren i verksemda tilsetjast på åremål. Etter kommunelova § 24 nr. 3 kan kommunesstyret og fylkestinget bestemme at tilsetjingar i leiande administrative stillingar skal skje på åremål. Verken arbeidsmiljølova eller kommunelova gir nokon generell heimel for å tilsetje rektorar på åremål.

Føresegna i kommunelova avgrensar høvet til å etablere åremålsstillingar til «*ledende administrative stillinger*». I forarbeida til føresegna (Ot.prp. nr. 42 (1991–92), side 92–93 og side 278) går det fram at ved vurdering av innhaldet i ordlyden i lova er det naturleg å rette blikket mot omgrepet «*leder av forvaltningsgren*» etter kommunelova § 14 nr. 1 b). I lovutvalet (NOU 1990:13) er det presisert at åremålstilsetjingar berre kan skje i stillingar som er tillagde kvalifisert leiaransvar på høgt nivå, og det blir vidare vist til Hovudkomiteen for lokalforvaltinga (NOU 1988:38), som uttaler at åremålstilsetjingar bør avgrensast til etatssjef- og andre overordna stillingar. Det heiter vidare i forarbeida at det i vurderinga må takast omsyn til korleis den enkelte kommunen og fylkeskommunen er organisert, når ein skal avgjere kva for stillingar som kan vere åremålsstillingar.

Kvar friskole skal ha ei forsvarleg fagleg, pedagogisk og administrativ leiing, jf. friskolelova § 4–1 første ledd. Vidare heiter det i friskolelova § 4–1 andre ledd at «Skolen skal ha ein dagleg leiar». I friskolar kan dagleg leiar tilsetjast i åremålsstilling, jf. arbeidsmiljølova § 58 punkt 1.

### 9.2 Høringsutkastet frå departementet

---

I høringsutkastet vart det vist til at departementet i St.meld. nr. 30 (2003–2004) m.a. uttalte at det vil bli teke initiativ til nødvendige regelendringar som opnar for at kommunane kan tilsetje skoleleiarar i åremålsstillingar dersom dette blir sett på som formålstenleg. Spørsmålet om åremålstilsetjing vart ikkje omtalt i innstillinga frå komiteen.

Departementet uttalte i høringsutkastet at det er eit sentralt mål å skape positiv utvikling i skolen, der gode læringsresultat, tilpassa opplæring og godt arbeidsmiljø blir sett i høgsetet. Dette er viktig for det enkelte individet og samfunnet. I denne samanhengem har rektorstillinga ein nøkkelfunksjon. Dette talar for at også desse stillingane bør stillast likt med andre leiarstillingar der det ut frå den overordna karakteren stillingane har, er opna for åremålstilsetjing.

På denne bakgrunnen foreslo departementet at det blir gjort ei tilføyning i opplæringslova § 9–1 om leiing, slik at rektorar kan tilsetjast anten i faste stillingar eller i åremålsstillingar.

### 9.3 Høringsinstansane

---

Eit klart fleirtal sluttar seg til forslaget i høringsutkastet om at det bør vere mogleg å tilsetje på åremål. Utdanningsforbundet er blant dei instansane som ikkje støttar forslaget. Fylkesmannen i Rogaland har reist spørsmålet om det er rett og nødvendig å regulere dette i særlov. Dei andre høringsinstansane har ikkje uttalt seg til om det bør regulast i særlov.

Det er reist spørsmål om lengda på åremålsperiodane og om høve til å sitje i stillinga i meir enn éin periode. Likeeins blir det stilt det krav frå arbeidstakarorganisasjonane om rett til retrettstilling som ikkje er ei ordinær lærarstilling. Skoleleiarforbundet uttrykkjer bekymring for at dette kan medføre at arbeidsgivarar sluttar å investere i etter- og vidareutdanning for rektorane.

Ei rekkje kommunar (særleg mindre kommunar) hevdar at forslaget vil kunne medverke til en-



da dårlegare rekruttering til rektorstillingane. I tillegg blir det vist til at forslaget kan vere kostnadsdrivande fordi åremålsstillingar gjerne må lønnast høgare enn faste stillingar på ordinære lønnsvilkår.

*Arbeids- og sosialdepartementet* viser til at forslaget relaterer seg til utgreiinga frå Arbeidslivslovutvalet, NOU 2004:5, og uttaler at det er teke sikte på å leggje fram ein lovproposisjon for Stortinget i løpet av vinteren. Arbeids- og sosialdepartementet uttaler at grunngevinga for forslaget om høve til åremålstilsetjing bør utdypast noko.

#### 9.4 Vurderingar og forslag frå departementet

---

Departementet viser til høringsbrevet og foreslår at det blir lovfesta ein regel i samsvar med høringsforslaget. På bakgrunn av høringsfråsegnene har departementet desse kommentarane:

Som departementet framheva i høringsbrevet, har rektorstillinga ein nøkkelfunksjon i skolen. I opplæringslova § 9–1 er det lovfesta eit krav om at «opplæringa i skolen skal leiast av rektorar». Rektor er pedagogisk, fagleg og administrativ leiar i skolen. Dette inneber eit sjølvstendig ansvar for dei plikter og mål for verksemda som i lov og forskrift er lagde direkte til skolen. Mange skolar har etter kvart fått eit betydeleg tal lærarar og elevar. Rektorar ved slike skolar har eit omfattande leiaransvar for tilsette og elevar, for fagleg innhald, for gjennomføring av kommunal politikk og eit betydeleg

budsjett. Dette gjer at rektors ansvar kan samanliknast med ansvaret til dei øvste leiarane av verksemdar i mange kommunar og med ansvaret til leiarar av private verksemdar. Dei store krava til omstilling som gjer seg gjeldande i skolen no, tilseier også behov for at arbeidsgivarane skal kunne vurdere skifte av rektorar etter kvart som krava om omstilling stiller nye krav til dei som skal sitje i rektorstillingane. Samla tilseier dette at det bør vere same høve til å tilsetje rektorar på åremål som det er for tilsvarende leiarstillingar som hittil er blitt definerte som «øvste leiar» i kommunar og private verksemdar.

Departementet legg vekt på betydninga av denne stillinga og meiner det er eit særleg behov for at rektorar kan tilsetjast i åremålsstillingar for å signalisere den overordna karakteren ved rektorstillingar og at dei blir stilte likt med andre leiarstillingar. Vidare er det eit omsyn som taler for åremålstilsetjing av rektorar at skoleleiarar i friskolar kan tilsetjast i åremålsstillingar. Omsynet til konsekvens i lovene taler for like reglar for friskolar og andre skolar, sidan skoleleiarar i friskolar og rektorar har mykje av dei same funksjonane.

I departementet sitt arbeid for å heve kvaliteten i skolen er tiltak for å betre leiinga viktige. I tillegg til tydelegare ansvar for rektor, og kompetanseheving, er høvet til åremålstilsetjing eit verkemiddel.

Opplæringslova har i dag særlege føresegner om krav om kompetanse hos den som blir tilsett som rektor. Det er naturleg at det særlege høvet til å bruke åremålstilsetjing for rektorar står i tilknytning til denne føresegna.

## 10 Friare val av skole og skoletilbod i vidaregåande opplæring

### 10.1 Gjeldande rett

Etter opplæringslova § 13–3 femte ledd skal fylkeskommunen «*planleggje og byggje ut det vidaregåande opplæringstilbodet under omsyn til blant anna nasjonale mål, ønska til søkjarane og det behovet samfunnet har for vidaregåande opplæring i alle utdanningsretningar og for ulike aldersgrupper, og under omsyn til ansvaret sitt for opplæring i fengsel og i sosiale og medisinske institusjonar og behovet for spesialundervisning*».

Innanfor desse rammene bestemmer fylkeskommunen skolestrukturen, med tanke på m.a. plassering, talet på skolar, skolestorleik og opplæringstilbod.

Etter første ledd i same paragraf skal fylkeskommunen oppfylle retten til vidaregåande opplæring for alle som er busette i fylkeskommunen. Denne plikta gjeld både unge og vaksne med rett til vidaregåande opplæring. Etter andre ledd i paragrafen skal fylkeskommunen også gi tilbod til søkjarar utan rett til vidaregåande opplæring.

Etter opplæringslova § 3–1 har ungdom med rett til vidaregåande opplæring rett til inntak på eitt av tre alternative grunnkurs, og til to års vidaregåande opplæring som byggjer på grunnkurset.

Utgangspunktet er at søkjarane må gjere sine val innanfor det samla opplæringstilbodet i heimfylket. Departementet er kjent med at det i praksis i noko omfang går føre seg samarbeid mellom fylkeskommunar om tilbod, gjerne gjennom avtalar om kjøp av elevplassar utanfor eigne fylkesgrenser.

Etter gjeldande reglar er det heimfylket til eleven som avgjer på kva for ein av fylket sine eigne skolar eleven skal få opplæringstilbodet.

Etter opplæringslova § 3–1 åttande ledd har departementet heimel for å gi forskrifter om inntak. Slike er gitt i kapittel 6 i forskrifta til opplæringslova. Hovudprinsippet i forskrifta er at ved oversøking til dei ulike opplæringstilboda skal unge rangerast etter poengsum utrekna med utgangspunkt i karakterar. I tillegg er det gitt særskilde inntaksreglar for søkjarar med rett til spesialundervisning som søker seg til eit prioritert grunnkurs. For inntak av vaksne er hovudprinsippet at dersom fylkeskommunen har oppretta eit kurs med avgrensa tal på plassar, skal plassane tildelast til søkjarane etter

tidspunktet for registreringa av søknaden. Forskrifta gir også særlege reglar om inntak av teiknspråklege søkjarar.

Etter opplæringslova § 13–3 tredje ledd har departementet heimel for å gi forskrifter om den rett eit skolefylke har til refusjon frå heimfylket for utgifter knytte til vidaregåande opplæring. Dette er regulert i forskrifta til opplæringslova § 19–4. Etter hovudprinsippet er aksept frå heimfylket ein føresetnad for refusjon, og det kan ikkje krevjast refusjon for inntak på tilbod som finst i heimfylket.

Etter opplæringslova § 13–4 siste ledd har departementet også heimel for å gi forskrifter om skyss og skyssgodtgjersle for elevar i vidaregåande skole. Slike reglar er gitt i forskrifta til opplæringslova kapittel 10.

### 10.2 Høringsutkastet frå departementet

I høringsutkastet viste departementet til at det i St.meld.nr. 30 (2003–2004) vart signalisert at departementet vil vurdere om det skal fastsetjast nasjonale føresegner om at alle elevar skal ha høve til å velje mellom alle skolane i heimfylket, og at berre karakterar skal vere bestemmande for inntaket dersom det ved enkelte skolar er fleire søkjarar enn plassar. I meldinga vart det i tillegg signalisert at departementet vil vurdere om heimfylket skal ha plikt til å finansiere opplæringstilbod i andre fylke. Det vart presisert at prinsippet om rammefinansiering gjennom inntektssystemet skal haldast ved lag. Utdanningskomiteen hadde ingen merknader til dette i innstillinga.

Departementet bad høringsinstansane kommentere følgjande to skisser til endringar i forhold til gjeldande rett og dei tre alternative finansieringsordningane under skisse 2:

#### Skisse 1:

Denne skissa inneber at det blir gjort endringar i forskrifta til opplæringslova, slik at søkjarane sjølv får høve til å velje skole i eige fylke. Karakterar skal brukast som rangeringskriterium ved oversøking.

*Skisse 2:*

Denne skissa inneber at det blir gjort endringar i forskrifta til opplæringslova om at søkjarane får fritt val av vidaregåande tilbod på tvers av fylkesgrensene ved ledig kapasitet. Dette kan finansierast på ulike måtar, m.a. etter følgjande tre alternativ:

*Alternativ 1 om finansiering:*

Retten til eitt av tre førsteval i heimfylket blir halde ved lag. Samtidig blir retten utvida til å søkje inntak, med påfølgjande ansvar for heimfylket, i heile landet på dei kursa/studieretningsfaga (nye nemningar: programområde/felles programfag) som heimfylket ikkje tilbyr. Etter denne modellen vil det vere inntaket i skolefylket som utløyser eit absolutt krav på dekning av kostnadene ved refusjon frå heimfylket. Samanlikna med dagens ordning vil dette alternativet utvide heimfylket sitt ansvar noko.

*Alternativ 2 om finansiering:*

Retten til eitt av tre førsteval i heimfylket blir halde ved lag. Retten blir kombinert med ein generell rett til å søkje inntak til vidaregåande opplæring over heile landet, med tilsvarende ansvar for heimfylket. Også etter denne modellen er det inntaket i skolefylket som blir avgjerande, ikkje kva heimfylket aksepterer. Ei slik ordning vil utvide heimfylket sitt økonomiske ansvar til også å omfatte tilbod heimfylket eventuelt sjølv gir, og går dermed lenger enn alternativ 1 samanlikna med dagens ordning.

*Alternativ 3 om finansiering:*

Retten til eitt av tre førsteval i heimfylket blir halde ved lag. Retten blir kombinert med ein generell rett til å søkje inntak til vidaregåande opplæring over heile landet utan tilsvarende utviding av ansvaret for heimfylket. Etter denne modellen må heimfylket etter nærmare avtale gi aksept for at eit ansvar for opplæring utanfor fylket skal oppstå. Dette vil vere å halde oppe dagens ordning og ei vidareføring av gjeldande reglar om fylkeskommunen sitt ansvar.

I høringsutkastet la departementet til grunn ein føresetnad om at ingen av dei alternative skissene vil medføre endringar i opplæringslova § 7–2 om rett til gratis skoleskyss. Denne retten vart foreslått vidareført utan endringar.

**10.3 Høringsinstansane**

Det er berre eit fåtal av høringsinstansane som konkret har kommentert departementet sitt forslag til endringar i lova. Der forslaget til endra forskriftsheimlar blir kommentert, får det støtte.

Skissene og finansieringsalternativa i høringsbrevet er det derimot fleire som omtaler i fråsegnene. Dei instansane som uttaler seg, har eit delt syn. Blant dei instansane som er positive, er mange av kommunane, nokre friskolar og fylkesmannsembete. I denne gruppa er det mange som gir støtte utan å vurdere skissene og finansieringsalternativa nærmare; somme gir også støtte til prinsippet om friare val av skole og skoletilbod utan å knyte merknader til skisser og alternativ.

*Bykle kommune uttaler:*

«Vi meiner punkt 2 med val over fylkesgrensene er det beste alternativet. For at dette skal kunne fungere i praksis på ein grei måte, kan alternativ 2 til betaling passe best. Dette slik at pengane i praksis fylgjer eleven uansett kvar vedkomande måtte ta imot plassen. Å mjuke dette opp med avtaler og slikt mellom fylke/skular vil berre føre til at ordninga vert uthola og til kamp mellom fylke/skular.»

I den gruppa av høringsinstansar som er negative til forslaga, er m.a. 17 av fylkeskommunane, *Elevorganisasjonen*, *Utdanningsforbundet* og *Kommunenes Sentralforbund (KS)*.

Fylkeskommunane har følgjande innvendingar mot høringsforslaget:

- Det bryt med prinsippet om lokalt handlingsrom.
- Det gjer situasjonen mindre føreseieleg, og skoleeigarane kan få problem med planlegginga av
  - personalsituasjonen
  - dimensjoneringa av opplæringstilboda
  - storleiken på administrasjonen
- Det svekkjer moglegheitene for fylkeskommunane til å ta hand om behov i regionen og lokalsamfunna.
- Det gir dårlegare ressursutnytting og svekt økonomisk styring.
- Det fører til auka kostnader pga. auka behov for skyss og større administrasjonar.
- Det gjer det vanskeleg å halde oppe ein desentralisert skolestruktur og fører til problem med å halde oppe gode tilbod i distrikta.
- Det gir reell valfridom berre for elevvar med gode karakterar, ikkje for den elevgruppa som treng det mest.
- Det fører til utvikling av A- og B-skolar.

Kommunenes Sentralforbund uttaler m.a.:

«KS går imot endringer i opplæringsloven som i en eller annen form pålegger fylkeskommunene å innføre et friere skolevalg, og som dermed innebærer et betydelig inngrep i det lokale handlingsrommet. Et pålegg om å benytte en variant av friere skolevalg vil i mange tilfeller kunne føre til dårligere ressursutnyttelse, særlig i fylker med desentralisert skolestruktur. For fylkeskommunene er det viktig å benytte ordninger som ikke skaper unødvendig uforutsigbarhet, og som kan gi problemer mht. planlegging og dimensjonering. Det er også viktig at det ikke innføres ordninger som blir fordyrende, og som øker den administrative belastningen. KS vil ellers vise til vellykket samarbeid gjennom flere år i fylkeskommunenes og KS' eget samarbeidsorgan Nasjonalt samarbeidsutvalg for små fag i videregående opplæring (NSU). Generelt ser KS grunn til å advare mot at kommunenes og fylkeskommunenes mulighet til å utøve lokal myndighet på skoleområdet blir undergravd gjennom lovendringer og forskrift, slik forslaget om friere skolevalg er ett eksempel på.»

Elevorganisasjonen uttaler m.a.:

«Elevorganisasjonen er overrasket over at departementet ønsker å styre hvilken inntaksordning som fylkeskommunene skal bruke. Dette står i sterk motsetning til resten av Kunnskapsløftet, der lokal handlefrihet blir fremhevet.

Elevorganisasjonen er selvsagt enig med departementet i at elever skal ha frihet i valg av utdanning og at det skal tilrettelegges for at elevene kan gjøre bevisste valg. Likevel medfører ikke fritt skolevalg reell frihet, den fremmer i stedet næringslivets markedstankegang og konkurranse mellom elevene. Det er viktig for Elevorganisasjonen å presisere at vi ikke ønsker en skole med økt grad av konkurranse, der man må trække ned andre for selv å komme seg opp. Fylker som har brukt karakterer som eneste kriterium for inntaksordninger, har konkurrert ut noen skoler og produsert A- og B-skoler. Erfaring viser at elevene trekkes mot noen skoler som blir vinnere i konkurransen og får godt motiverte elever. Resultatet er at andre skoler får en opphopning av elever med svake faglige forutsetninger og lav skolemotivasjon.

Det er bred enighet om at mangfold og variert elevsammensetning er viktig. Det er derfor oppsiktsvekkende at departementet vil innføre en inntaksordning som av erfaring fører homogene elevgrupper der mangfoldet og flerkulturelt fellesskap drepes. Elevorganisasjonen vil ikke at elever skal puttes i grupper etter hva slags karakterer de har. Et unikt kjennetegn ved den norske skolen er nettopp det at man blander

sammen både nordmenn, utlendinger, svake og sterke elever slik at elevene kan lære av hverandre – det må vi ta vare på.»

Svært mange høringsinstansar, positive så vel som negative, viser til at det knytter seg svært stor usikkerheit til konsekvensane av forslaga frå departementet. Det blir lagt stor vekt på at verken økonomiske eller administrative konsekvensar er tilstrekkeleg utgreidde, og det blir vist til at dette gjer det vanskeleg å ta stilling til skisser og finansieringsalternativ. Eit stort tal instansar har ønskt ein nærmare analyse av desse forholda før det blir teke endelig stilling til forslaget.

I tillegg er det fleire fylkeskommunar (og *Oslo kommune*) som er imot forslaget, men som samtidig viser til positive erfaringar med ei form for fritt skoleval innanfor fylkesgrensene. Desse ordningane har som fellesnemnar at dei har vore styrte av skoleeigarane, med utgangspunkt i fastsette inntaksområde. Desse instansane meiner likevel at erfaringane ikkje støttar innføring av friare val i tråd med departementets skisser og alternativ.

## 10.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet vil innleiingsvis presisere at det i høringsutkastet berre vart foreslått endringer i enkelte av forskriftsheimlane i lova. Dei lovendringane som vart foreslått, vil i seg sjølv ikkje innebere endringar verken i elevrettane eller fylkeskommunane sine plikter. Dette skjer først etter eventuelle endringar i forskrifta til opplæringslova. Det er berre forslaget i skisse 2 med finansieringsalternativ 2 som vil krevje utvida forskriftsheimlar. Etter høringa er derfor spørsmålet om høringsfråsegnene skal føre til at høvet til å innføre skisse 2 med finansieringsalternativ 2 blir stengt, eller om høvet til å innføre denne modellen bør vere ope for vurdering også i samband med forskriftsarbeidet.

I fleire høringsfråsegner er det uttalt stor usikkerheit knytt til konsekvensane av forslaget, under dette også skisse 2 med finansieringsalternativ 2. Som uttalt i høringsbrevet er dette ei usikkerheit som det også etter departementet si mening er nødvendig å greie nærmare ut, noko som etter planen vil bli utført i samband med forskriftsarbeidet. Samtidig vil det vere viktig å sjå nærmare på dei eksisterande erfaringane knytte til eit avgrensa friare skoleval som enkelte fylkeskommunar og Oslo kommune viser til i fråsegnene.

Etter departementet si vurdering er det viktig at det ikkje no blir teke avgjerder utan at alle nødven-

dige forhold er nærmare utgreidde. Det er fråsegner i begge retningar, og alle modellar bør derfor haldast opne for vurdering i det eventuelle seinare forskriftsarbeidet. Ingen av dei foreslåtte modellane, heller ikkje skisse 2 med finansieringsalternativ 2, bør avskrivast før det er gjort nærmare, grundige utgreiingar og analysar av konsekvensar og tilgjengelege erfaringar. På denne bakgrunnen er det viktig at dei foreslåtte lovendringane blir gjennomførte, slik at alle skisser og finansieringsalternativ på nytt kan takast opp til vurdering i samband med forskriftsarbeidet. Alle instansar vil få uttale seg på nytt i samband med dette arbeidet, og på denne måten får dei høve til å uttale seg på grunnlag av eit betre materiale. Etter departementet sitt syn er det ikkje rimeleg at forskriftsheimelen i § 13–3 opnar for at heimfylket skal kunne påleggjast å dekkje urimeleg dyre tilbod i andre fylke. Departementet foreslår derfor at lovføresegna blir avgrensa i samsvar med dette.

Rekneskapstal i KOSTRA viser at kostnadene ved dei same studieretningane varierer mellom fylka. Gjennomsnittskostnaden for ei studieretning på landsbasis kan vere eit utgangspunkt for vurderinga av kva kostnader heimfylket skal kunne påleggjast å dekkje for elevar som blir tekne inn på tilbod i andre fylke. Eit anna alternativ kan vere å leggje til grunn gjennomsnittskostnaden i heimfylket. Sidan marginalkostnaden ved å ha ein elev meir eller mindre avvik frå gjennomsnittskostnaden per elev, bør sannsynlegvis den prisen heimfylket kan påleggjast å betale til skolefylket, liggje noko under gjennomsnittskostnaden.

Det øyremerka tilskottet til landslinjene har som formål å sikre elevar eit nasjonalt tilbod i små og/eller kostbare kurs i vidaregåande opplæring. Det er Stortinget som har fastsett kva for kurs som har status som landslinjer.

For å ta hand om opplæringstilbod der det er litt søkning, har fylkeskommunane sjølv etablert landsdekkjande tilbod. Dette er små fag som finst i berre eit eller to fylke. Fylkeskommunar som sender elevar til landsdekkjande tilbod i andre fylke betaler for dei etter ein fast pris. Kva for tilbod som

har status som landsdekkjande tilbod og prisen for gjesteelevar blir fastsette av Nasjonalt samordningsutval for små fag (NSU).

Både landslinjer og landsdekkjande tilbod er opne for søkjarar frå heile landet, og kriteria for opptak er dei same uavhengig av kvar elevane kjem frå.

I tillegg samarbeider fylkeskommunane i grenseområda mellom fylka også når det gjeld tilbod som ikkje finst i alle fylka.

Departementet er positive til at fylkeskommunane utformar tilbod som gir større mangfald og som gir elevane fleire tilbod å velje mellom. Friare skoleval vil gi elevane enda fleire mogelege val og medverke til at små fag og fordjupingar blir tekne vare på. Dette vil styrkje omsynet til elevane sine ønske og samfunnet sitt behov for kompetanse i små fag.

Tilskottet til landslinjetilboda blir fastsett i dei årlege statsbudsjetta. Tilskottssatsane er dei seinare åra ikkje blitt oppjusterte, og ligg i dag i fleire tilfelle under gjennomsnittskostnaden for studieretninga på landsbasis.

Dersom det blir innført friare skoleval mellom fylka bør det vurderast om landslinjetilboda vil kunne bli betre ivarettatt gjennom ei forpliktande gjesteelevordning enn dei blir gjennom den statlege øyremerkte tilskottsordninga.

I ei utgreiing om alternativ og konsekvensar vil departementet komme attende til desse spørsmåla.

Ved innføring av ein rett til vidaregåande opplæring utanfor heimfylket vil elevane ha høve til å klage etter reglane i forvaltningslova. Temaet ved slik klagebehandling vil også omfatte ei konkret vurdering av om det aktuelle tilbodet ligg innanfor heimfylket sitt ansvar, dvs. om tilbodet i skolefylket vil vere urimelig kostbart for heimfylket.

Departementet fremjar på denne bakgrunnen forslag om endringar i opplæringslova §§ 13–3 og 13–4 som hovudsakleg er i samsvar med forslaget i høringsbrevet.

Elles viser departementet til lovutkastet og merknadene i kapittel 16.

## 11 Forslag om skolemiljøutval

### 11.1 Gjeldande rett

Etter opplæringslova kapittel 11 er det krav om følgjande organ i skolane: samarbeidsutval (grunnskolen), skoleutval (den vidaregåande skolen), elevråd (begge skoleslaga) og foreldreråd (grunnskolen). § 11–1 første ledd sikrar elev- og foreldrerepresentasjon i samarbeidsutvalet. I skoleutvalet skal elevane vere representerte, jf. § 11–5 første ledd. Friskolane skal ha desse organa: styre, elevråd og foreldreråd, jf. friskolelova kapittel 5.

Det er etter gjeldande rett ikkje noko krav til skolane om å ha eige skolemiljøutval. Opplæringslova og friskolelova er likevel ikkje til hinder for at skolane kan opprette skolemiljøutval, f.eks. samansette av representantar for dei tilsette, elevane, foreldra og skolehelsetenesta.

Både kapittel 11 i lova, om organ for brukarmedverknad i skolen, og kapittel 9a i lova, om elevane sitt skolemiljø, inneheld reglar om medverknad frå elevar og foreldre i skolemiljøarbeidet. Førsegene i opplæringslova kapittel 9a er knytte til allereie eksisterande organ i skolen. Reglane i opplæringslova kapittel 9a gjeld også for friskolar, jf. friskolelova § 2–4 andre ledd.

Å arbeide for skolemiljøet vil vere ei sentral oppgåve for dei ulike råda og utvala i skolen. At skolemiljøarbeidet er ei av hovudoppgåvene for elevrådet, følgjer av opplæringslova §§ 11–2 og 11–6 og friskolelova § 5–3. Opplæringslova § 11–2 seier at elevrådet i grunnskolen skal arbeide for å skape godt lærings- og skolemiljø. Tilsvarande seier § 11–6 at elevrådet i vidaregåande skolar skal arbeide for læringsmiljøet, arbeidsforholda og velferdsinteressene til elevane. Elevrådet har også rett til å utnemne skolemiljørepresentantar som skal fungere som talspersonar for elevane i skolemiljø saker, jf. opplæringslova § 9a–5 andre ledd. To av skolemiljørepresentantane skal kunne møte og uttale seg i arbeidsmiljøutvalet ved skolen når dette behandlar saker som vedkjem skolemiljøet for elevane. Elevdeltakinga i skolemiljøarbeidet er dessutan regulert i opplæringslova § 9a–5, som slår fast at elevane på alle klassetrinn skal engasjerast i det systematiske arbeidet med skolemiljøet. Vidare følgjer det av opplæringslova § 11–4 og friskolelova § 5–4 at foreldrerådet skal ha som oppgåve å med-

verke til at elevar og foreldre tek aktivt del i arbeidet for å skape godt skolemiljø.

Samarbeidsutvalet, skoleutvalet, elevrådet og foreldrerådet skal haldast løpande underretta om tilhøve som har vesentleg betydning for skolemiljøet, jf. § 9a–6 første ledd. Skolen har dessutan plikt til å informere elevane og foreldra om tilhøve som kan ha negativ verknad for helsa til elevane, jf. § 9a–6 tredje ledd. Utvala og råda har også rett til å bli tekne med i planlegging og gjennomføring av skolen/skoleeigaren sine miljøtiltak ved den enkelte skolen på eit så tidleg tidspunkt som mogleg, jf. § 9a–6 andre ledd.

Opplæringslova § 9a–6 andre ledd presiserer vidare at råda og utvala i skolen har rett til å uttale seg og komme med forslag i alle saker som har betydning for skolemiljøet. Ein slik rett for samarbeidsutvalet og skoleutvalet følgjer også av opplæringslova §§ 11–1 andre ledd og 11–5 andre ledd. For elevrådet følgjer ein tilsvarande rett etter § 11–2 fjerde ledd, som seier at elevrådet i grunnskolen skal kunne uttale seg og komme med forslag i saker som gjeld nærmiljøet til elevane.

### 11.2 Høringsutkastet frå departementet

I høringsutkastet gjorde departementet greie for tidlegare behandling av spørsmålet om skolemiljøutval. Det vart m.a. vist til eit oppmodingsvedtak frå Stortinget 17.06.04, vedtak nr. 519 (2003–2004), der det heiter:

«Stortinget ber regjeringen snarest legge frem en sak om sammensetning og organisering av skolemiljøutvalg.»

I Innst. O. nr. 7 (2002–2003) om skolemiljø for elevane gjekk det fram at fleirtalet i komiteen (Arbeidarpartiet, Fremskrittspartiet, Sosialistisk Venstreparti, Senterpartiet og representanten Simonsen) er svært opptekne av brukarmedverknad frå elevar og foreldre. Fleirtalet viste til at elevar og foreldre er i mindretal i både samarbeidsutval og skoleutval, og peikte på betydninga av at elevar og foreldre er i fleirtal i spørsmål knytte til skolemiljøet.

Vidare gav fleirtalet uttrykk for at det skal vere eit skolemiljøutval ved alle skolar, som skal arbeide for godt arbeidsmiljø i verksemda. Samarbeidsutvalet og skoleutvalet kan vere utgangspunkt for dette, men må endrast i samansetninga slik at brukarane, elevane og foreldra, er i fleirtal. Vidare gav fleirtalet også uttrykk for at foreldreutvalet i grunnskolen skal nemne opp foreldrerepresentantane i skolemiljøutvalet.

I høringsutkastet viste departementet til forslaget i St.meld. nr. 30 (2003–2004) om å erstatte føresegnene om samarbeidsutval, foreldreråd og skoleutval i opplæringslova med ei føresegn om at skolen skal etablere ei ordning for samarbeid mellom heim, skole og elevar på både individ- og skolenivå.

I innstillinga om meldinga uttalte fleirtalet i utdanningskomiteen ønske om å halde på lovføresegna om samarbeidsutval, foreldreråd og skoleutval.

I høringsutkastet la departementet dermed til grunn at Stortinget har gitt klart uttrykk for at det skal opprettast skolemiljøutval, og at dette skal komme i tillegg til dei allereie eksisterande lovpålagde rådsorgana i skolen.

Departementet foreslo at skolemiljøutvalet skal vere samansett av representantar for elevane, foreldrerådet (gjeld grunnskolane), dei tilsette, skoleleiinga og kommunen/fylkeskommunen/styret. Departementet bad særleg om høringsinstansane sitt syn på om foreldra også bør vere representerte i skolemiljøutvalet ved vidaregåande skolar.

Samarbeidsutvalet og skoleutvalet kan etter høringsforslaget sjølv vere skolemiljøutval. Elevane og foreldra må i så fall møte med fleire enn dei som allereie sit i samarbeidsutvalet, slik at dei til saman blir i fleirtal. I skoleutvalet skal elevane etter høringsforslaget vere i fleirtal.

Departementet bad også om høringsinstansane sitt syn på eit alternativt forslag der skolemiljøutvalet blir innført som obligatorisk organ til erstatning for samarbeidsutvalet og skoleutvalet. Departementet bad også om synspunkt på kva konsekvensar det kan få for fleksibiliteten og medverknaden frå skoleeigaren dersom ein fastset i lova kva for organ den enkelte skolen skal ha.

Høringsforslaget innebar at skolemiljøutvalet skal ha eit særleg ansvar for å halde seg orientert og uttale seg om skolemiljøet. Utvalet skal arbeide for å auke deltakinga frå elevane, foreldra, skolen og dei tilsette i arbeidet med skolemiljøet. Skolemiljøutvalet skal vere rådgivande organ for skolen i arbeidet for skolemiljøet.

Etter departementet si vurdering kan skolemiljøutvalet kalle inn f.eks. skolehelsetenesta og den pedagogisk-psykologiske tenesta som sakkunnige. Desse vil likevel verken ha møteplikt, møterett eller stemmerett.

Departementet foreslo at skolemiljøutvalet sjølv vel leiar, nestleiar og sekretær, slik dei andre organa i skolen gjer.

Representantar som er valde inn i skolen sine organ, vil vere omfatta av teieplikta i forvaltningslova § 13. Dette gjeld også mindreårige elevar. Teieplikta gjeld sjølv om brot på plikta ikkje kan straffast fordi eleven sjølv er under kriminell lågaldar. Departementet bad spesielt om høringsinstansane sitt syn på om elevrepresentantane i grunnskolen ikkje bør vere til stades når skolemiljøutvalet i grunnskolen behandlar saker eller tek opp forhold som er omfatta av teieplikt etter forvaltningslova. Departementet bad også om høringsinstansane sitt syn på korleis skolemiljøutvalet skal vere samansett når elevane ikkje er til stades.

I høringsutkastet la departementet til grunn at også friskolane skal ha skolemiljøutval. Departementet meinte at det kan vere aktuelt at dette ikkje blir innført som eit krav etter friskolelova, og bad derfor om høringsinstansane sitt syn på dette.

### 11.3 Høringsinstansane

Fleirtalet av høringsinstansane har kommentert forslaget, og fleire uttrykkjer at arbeid med skolemiljøet er viktig. Likevel er eit stort tal av dei som uttaler seg, betenkte over mengda av utval i skolen, ikkje minst fordi utvala har samanfallande arbeidsområde. Fleire av høringsinstansane uttaler at det er meir formålstenleg å vitalisere og utvikle dei utval og råd som allereie er lovpålagde, enn å opprette eit nytt utval.

Høringsinstansane trekkjer fram følgjande argument som taler imot å gi støtte til forslaget:

- Mange skolar strevar med å få oppnemnt eit tilstrekkeleg tal (engasjerte) representantar til dei ulike utvala i skolen. Å opprette enda eit utval kan føre til at det blir vanskeleg å skape nok interesse for innsats.
- Eit nytt utval vil verke byråkratiserende og overflødig. For mange utval kan lett føre til ansvarspulverisering og koordineringsproblematikk, og effekten og synet av det enkelte utvalet kan forsvinne.
- Arbeid med skolemiljø blir teke hand om gjennom eksisterande organ. Skolen treng derfor ikkje fleire organ. Det er vanskeleg å bøte på manglande effekt ved dagens organ ved å opprette enda fleire utval.
- Dei faktiske oppgåvene til skolemiljøutvalet synest ikkje å liggje så langt frå dei oppgåvene samarbeidsutvalet og skoleutvalet har i dag.

«Skolemiljø» er ikkje eit eintydig og avgrensa omgrep, og det vil i praksis nok omfatte det aller meste som skjer på skolen. Det er vanskeleg å definere kva som er skolemiljøsaker og kva som ikkje er det.

- Forslaget kan medføre at same personar må sitje i ulike utval som behandlar dei same sakene.
- I staden for å opprette enda eit organ som skal arbeide med dei same sakene som dei andre rådsorganane i skolen, kan det vere formålstenleg med ei samla gjennomgåing av skolens rådsstruktur.

Høringsinstansar som støttar forslaget, peiker på at det er positivt at forslaget opnar for at kommunen/fylkeskommunen sjølv kan velje om samarbeidsutvalet/skoleutvalet skal vere skolemiljøutval, og at representasjonen blir tilpassa når skolemiljøsaker skal behandlast.

*Rømskog kommune*, som går imot forslaget, uttaler:

«Vi finner at dagens løsning med 3 utvalg i grunnskolen er mer enn nok for å ivareta skolemiljøet ved skolen. Elevråd, foreldreråd og samarbeidsutvalg burde være mer enn tilstrekkelig antall for å belyse og arbeide for et bedre skolemiljø. Opplæringsloven har allerede bestemmelser om at rådene og utvalgene ved skolen har rett til å uttale seg og komme med forslag i alle saker som har betydning for skolemiljøet. Ved en veldrevet skole fungerer disse rådene godt allerede, også når det gjelder skolemiljøsaker. Dersom det er problemer med skolemiljøet på en skole, løses ikke dette ved å opprette flere råd, men å finne løsninger på skolens utfordringer gjennom allerede eksisterende råd og utvalg.

Så lenge dette nye organet blir nok et rådgivende organ uten beslutningsmyndighet, stiller vi spørsmålsteget ved nytteverdien av organet. Organet vil også legge beslag på tid som kunne vært brukt til nyttigere formål.

Rømskog kommune og Rømskog skole mener altså at et nytt skolemiljøutvalg er høyst unødvendig samtidig som vi mener at sakene som det foreslåtte skolemiljøutvalget skal arbeide med godt kan behandles innefor allerede eksisterende råd og utvalg.»

*Oslo kommune* meiner også at det er lite formålstenleg å lovfeste oppretting av eit skolemiljøutval. Kommunen skriv at det er for mange utval som skal gi råd om dei same sakene. Oslo kommune kan ikkje sjå at det har avgjerande betydning at elevar og foreldre er i fleirtal. Kommunen meiner at samarbeidsutvalet og skoleutvalet sitt ansvar for skolemiljøsaker kan presiserast i lova.

*Utdanningsforbundet* og *Utdanningsgruppene*s hovedorganisasjon støttar forslaget om at det skal opprettast eit skolemiljøutval som skal komme i tillegg til dei allereie eksisterande lovpålagde rådsorganane i skolen. Desse høringsinstansane uttaler:

«Vi støtter at det kan avgjøres lokalt om samarbeidsutvalget og skoleutvalget skal fungere som skolemiljøutvalg. Vi legger til grunn at samarbeidsutvalget og skoleutvalget skal ha utvidet representasjon for at elever og foreldre skal få flertall når utvalgene formelt fungerer som skolemiljøutvalg. Det er viktig at det i hvert enkelt tilfelle blir klargjort hvilket organ som formelt behandler en sak, og at representasjonen følger av denne avklaringa.»

Utdanningsforbundet og Utdanningsgruppene hovedorganisasjon går sterkt imot alternativet der skolemiljøutvalet blir innført som eit obligatorisk organ som erstattar samarbeidsutvalet og skoleutvalet, og seier m.a.:

«Vi mener at det er naturlig å opprettholde disse utvalgene for å beholde muligheten til å delegerer styringsoppgaver fra kommunen/fylkeskommunen til samarbeidsutvalg/skoleutvalg etter gjeldende regler.»

*Levanger kommune, Spydberg kommune, Nesseby kommune, Trondheim kommune, Fylkesmannen i Finnmark, Gjennestad gartnerskole* meiner at skolemiljøutvalet bør erstatte samarbeidsutvalet/skoleutvalet.

Enkelte høringsinstansar foreslår ei mellomløsning som går ut på at kommunen/fylkeskommunen sjølv må kunne velje om skolemiljøutvalet skal erstatte skoleutvalet, og at det med innføring av skolemiljøutval kan være aktuelt å gjennomgå ordninga med samarbeidsutval og skoleutval på nytt. Andre foreslår at det ikkje blir oppretta skolemiljøutval, men at samarbeidsutvalet blir utvida med elev-/foreldrerepresentantar i saker som vedkjem skolemiljøet.

Departementet har bedt om høringsinstansane sitt syn på om elevrepresentantane i grunnskolen ikkje bør vere til stades når skolemiljøutvalet behandlar saker eller tek opp forhold som er omfatta av teieplikta. *Elevorganisasjonen* kan ikkje sjå kvifor elevar i grunnskolen ikkje skal kunne delta i saker der det er teieplikt. *Organisasjonen Voksne for barn* er derimot imot at elevar skal vere til stades, og uttaler:

«Det foreslås at elever ikke skal delta når taushetsbelagte saker skal behandles i skolemiljøutvalget. Dette har klart en juridisk side som bør ivaretas. Vi finner likevel grunn til å presisere at dette ikke må frata elevene mulighet til å uttale



seg om saker som angår deres miljø. En mulig løsning, slik vi ser det, er at slike saker legges fram prinsipielt så langt det lar seg gjøre, og at elever er med på behandlingen av saken på dette nivå. Vi tror det vil være nyttig for alle parter at en personrelatert sak blir hevet opp til et prinsipielt nivå, da det ofte er et problem at miljøproblemer personifiseres.»

*Midtre Gauldal kommune og Rennebu kommune* skriv:

«På grunnskolenivå vil det være viktig at elevrepresentantene fratrer under behandling av saker som er omfattet av taushetsplikt etter forvaltningsloven. En kan ikke kreve eller forvente at barn skal forvalte et slikt ansvar som dette vil innebære. En vil heller ikke ha mulighet til noen adekvat reaksjonsform overfor barn i tilfelle taushetsplikten brytes.»

Alle høringsinstansar som uttaler seg om rolla til skolemiljøutvalet i skolens arbeid for å fremje helse, miljø og tryggleik (HMS), seier at dette arbeidet bør gå føre seg i samarbeid med skolemiljøutvalet. Høringsinstansane meiner også at skolemiljøutvalet skal ha den same retten til informasjon og til å uttale seg som dei andre organa i skolen har.

Høringsinstansane har ulik oppfatning av om også foreldra bør vere representerte i skolemiljøutval ved vidaregåande skolar. Dei aller fleste av høringsinstansane, blant dei Elevorganisasjonen, meiner at foreldra ikkje skal vere representerte. *Fylkesmannen i Oppland* skriv at dei finn det naturleg at skolemiljøutvalet på dette området er samansett etter same prinsipp som dei andre lovbestemte organa. *Barne- og familiedepartementet, Akershus fylkeskommune, Oslo kommune, Norsk Forbund for Utviklingshemmede og Handikappede Barns Foreldreforening* meiner derimot at foreldra bør vere representerte i utvalet. Grunngevingane for dette er m.a. at elevane i vidaregåande skole i hovudsak er umyndige, og at for elevar med ulike funksjonsnedsetjingar vil det vere den einaste måten dei reelt kan ta del i utvalet på. *Rogaland fylkeskommune*, som ikkje tilrår at foreldra skal vere representerte, skriv:

«Selv om elevene begynner på vidaregåande opplæring før de når myndighetsalderen, har de på mange områder voksnes rettigheter når de begynner i vidaregåande. Det er for eksempel elevene selv som søker vidaregåande skoleplass, og elever som begynner i vidaregåande har allerede som 16-åringar selv rett til å melde seg ut av eller inn i trossamfunn. I løpet av årene i vidaregåande blir alle elever 18 år og har med det stemmerett og fulle borgerrettigheter.»

Enkelte av dei høringsinstansane som uttaler seg om friskolane skal ha skolemiljøutval, meiner at det ikkje bør vere forskjell mellom offentlege skolar og friskolar når det gjeld krav om eit slikt utval. *Steinerskolene i Norge* og friskolane *Den norske skole Gran Canaria* og *Skjærgårdsskolen* er imot å innføre skolemiljøutval i friskolar. Skjærgårdsskolen skriv at mange friskolar har få elevar, og at eit skolemiljøutval ville medføre eit ytterlegare press om ansvar og deltaking på foreldre som allereie er engasjerte i skolens organ. *Steinerskolene i Norge* meiner at gjennomføring og samarbeid rundt kapittel 9a i opplæringslova best blir teke vare på gjennom godt samarbeid mellom skolens forskjellige organ. *Kristne friskolers fellesforbund* uttaler at det ikkje nødvendigvis bør stillast same krav til lovpålagde organ ved ein friskole som ved ein offentlig skole. Forbundet skriv at

«Grunnen til at behovet for brukerorganer ikke er det samme i friskoler som i offentlige skole er naturligvis at ved en friskole er brukergruppene (foreldre, elever, ansatte) representert med møte- og tale rett i det organ som fatter beslutninger, nemlig skolestyret. Tilsvarende «direktevei» til det styrende organ har jo brukergruppene ikke i offentlig skole.»

## 11.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Hovudformålet med Stortingets oppmodingsvedtak om å opprette eit skolemiljøutval med elevar og foreldre i fleirtal er å auke innverknaden på skolekvardagen frå brukarane. Departementet merkjer seg at fleire av høringsinstansane er kritiske til å opprette eit nytt organ i skolen, og at fleire uttaler at samansetninga og oppgåvene til samarbeidsutvalet og skoleutvalet bør vurderast i staden for å opprette enda eit utval. Departementet har også merkt seg synspunktet om at eit nytt utval i skolen vil vere overflødig fordi skolen allereie etter dagens lovverk har organ som har som hovudoppgåve å arbeide for skolemiljøet. Det blir også uttalt at eit nytt lovpålagt organ kan hindre nødvendig og ønskeleg fleksibilitet for kommunar og fylkeskommunar som skoleeigarar når det gjeld organisering og utvikling av ulike modellar for brukarmedverknad.

Det handlingsrommet departementet i dette tilfellet har, er avgrensa på bakgrunn av Stortingets oppmodingsvedtak om å opprette skolemiljøutval. Med dette utgangspunktet foreslår departementet at opplæringslova i det vesentlege blir endra i samvar med høringsforslaget.

Mellomløysingar i forhold til høringsutkastet, som går ut på anten å overlata til kommunen/fylkeskommunen å velje om skolemiljøutvalet skal erstatte samarbeidsutvalet/skoleutvalet, eller ei løysing der det ikkje blir oppretta skolemiljøutval, men at samarbeidsutvalet blir utvida med elev-/ foreldrerepresentantar i saker som vedkjem skolemiljøet, vil føre med seg nye problemstillingar. Slike løysingar vil medføre at gjeldande ordning med samarbeidsutval i opplæringslova § 11–1 og skoleutval i opplæringslova § 11–5 må gjennomgåast. Vidare må konsekvensar knytte til spørsmålet om å oppheve reglane om at kommunen/fylkeskommunen kan ha fleirtal når det blir delegert styringsoppgåver, greiast ut. Med bakgrunn i at Stortinget under behandlinga av Innst. S. nr. 268 (2003–2004) gjekk inn for å behalde føresegnene om samarbeidsutval m.v. i opplæringslova, har departementet ikkje vurdert desse alternativa.

Departementet vil understreke at det lovforslaget departementet går inn for, gir kommunen/fylkeskommunen fridom til å velje om samarbeidsutvalet og skoleutvalet skal vere skolemiljøutval så lenge kommunen sørgjer for å oppfylle dei lovpålagde krava til representasjon. Forslaget tek samtidig vare på Stortingets intensjon om at brukarane skal vere i fleirtal i spørsmål knytte til skolemiljøet. Lovforslaget inneber at samarbeidsutvalet, skoleutvalet og skolemiljøutvalet er sjølvstendige utval. Kommunen/fylkeskommunen kan derfor ikkje velje å la vere å ha eit samarbeidsutval/skoleutval.

På bakgrunn av merknadene frå enkelte høringsinstansar vurderer departementet det slik at det bør presiserast nærmare i merknadene til dei enkelte paragrafane korleis samansetnaden av skolemiljøutvalet skal vere. For å oppfylle kravet om at elevane og foreldra skal vere i fleirtal, må utvalet i grunnskolen vere samansett av minst 1 representant for dei tilsette, 1 for skoleleiinga, 1 for kommunen, 2 representantar for elevane og 2 for foreldra. Skolemiljøutval ved vidaregåande skolar må vere samansette av minst 1 representant for dei tilsette, 1 for skoleleiinga, 1 for fylkeskommunen og 4 representantar for elevane. Utover dette står kommu-

nen og fylkeskommunen fritt til å ha fleire representantar for dei ulike gruppene så lenge representantane på brukarsida (elevane og foreldra) er i fleirtal. Etter departementet sitt syn bør kommunane og fylkeskommunane sjølv velje sine representantar til utvalet. Det opnar mellom anna for at ein frå skolehelsetenesta kan representere kommunen eller fylkeskommunen.

Departementet foreslår at berre elevane, ikkje foreldra, bør vere representerte i skolemiljøutval ved vidaregåande skolar. Dette samsvarer med fleirtalet av høringsinstansane sitt syn, og utvalet blir samansett lik dei andre lovbestemte organa i vidaregåande skole når det gjeld brukarrepresentasjon.

Departementet foreslår i samsvar med høringsutkastet at elevar i grunnskolen ikkje skal vere til stades når saker med teieplikt blir behandla i skolemiljøutvalet. Departementet viser til at ein ikkje kan krevje eller forvente at barn i grunnskolealder skal forvalte det ansvaret teieplikta vil innebere. Forslaget harmonerer med tilsvarende føresegn for samarbeidsutvalet i opplæringslova § 11–1 første ledd. Når elevane ikkje er til stades, kan foreldrerepresentantane givast dobbeltstemme tilsvarende bortfallet av stemmene frå elevrepresentantane, eller tallet på foreldrerepresentantar kan aukast tilsvarende, f.eks. med foreldre som er vararepresentantar. Det må vere opp til foreldrerådet å avgjere korleis dette skal løysast.

Departementet foreslår å endre opplæringslova § 9a–6 slik at skolemiljøutvalet får den same retten som dei andre organa i skolen har til informasjon, til å uttale seg, til å komme med forslag og til å bli teke med i planlegginga og gjennomføringa av miljøtiltak ved skolen.

Departementet har merkt seg fråsegnene frå friskolane og dei ulike friskoleforbunda når det gjeld spørsmålet om å lovfeste eit krav om at også friskolane skal ha skolemiljøutval, sjå kapittel 11.3. På denne bakgrunnen fremjar ikkje departementet forslag om krav om skolemiljøutval for friskolane. Ellers viser departementet til lovutkastet og merknadene i kapittel 6.

## 12 Forslag om politiattest for personar som skal tilsetjast i vidaregåande skole

### 12.1 Gjeldande rett

Opplæringslova § 10–9 og friskolelova § 4–3 stiller krav om politiattest ved tilsetjing i grunnskolen. Politia testen skal vise om vedkommande er sikta, tiltalt eller dømd for seksuelle overgrep mot barn. Personar som er dømde for slike overgrep, kan ikkje tilsetjast i grunnskolen.

Det er gitt forskrift om kva som skal og kan takast med i ein politiattest til bruk ved tilsetjing i grunnskolen, under dette kva føresegner i straffelova brotta omfattar, jf. forskrifta til opplæringslova kapittel 15. Det går fram av § 2 i forskrifta til friskolelova at dette også gjeld friskolar.

Politia testen er meint på å vise om personen er sikta, tiltalt eller dømd for brott på straffelova §§ 195, 196, 200 andre ledd og 201 bokstav c. Alle desse føresegnene gjeld seksuelle overgrep mot barn under høvesvis 14 og 16 år.

Yrkesforbodet i opplæringslova § 10–9 og friskolelova § 4–3 har sin grunn i at det vart sett som nødvendig for å hindre seksuelle overgrep mot barn i skolen. Sjølv om det er allmenn semje om at straffedømde skal få ein sjanse til å komme tilbake til samfunnet, har rettstryggleiken for barna vege tyngre.

Lova heimlar også høve for kommunen/styret til å krevje politiattest for andre personar som regelmessig oppheld seg i grunnskolen.

### 12.2 Høringsutkastet frå departementet

I høringsutkastet viste departementet til oppmødingsvedtak i Stortinget av 17. juni 2004, vedtak nr. 523, der det heiter:

«Stortinget ber Regjeringa komme tilbake med forslag til endring av opplæringsloven og friskoleloven, slik at det innføres krav om politiattest fra personer som skal tilsettes i vidaregåande skole.

Politia testen skal kun inneholde informasjon om hvorvidt søker er domfelt for overgrep». (Sjå Dok. nr. 8:26 og Innst. O. nr. 82 (2003–2004).)

Departementet viste også til at eit mindretal alereie under behandlinga av opplæringslova (Ot.prp. nr. 46 (1997–98) og Innst. O. nr. 70 (1997–98)) foreslo at reglar om politiattest også skulle gjelde ved tilsetjing i vidaregåande skole. Når regelen den gongen vart avgrensa til berre å gjelde for grunnskolen, vart det grunnlagt med at ein rekna med at elevane i vidaregåande skole har betre høve til å verne seg mot overgrep. Dette vart vege mot rettstryggleiken for dei sedskapsdømde.

I høringsutkastet uttalte departementet at sjølv om ungdommar i vidaregåande skole normalt har betre høve til å verne seg mot overgrep enn barn i grunnskolen, kan seksuelle overgrep skje også mot denne gruppa. I dag har alle rett til inntak til vidaregåande opplæring. Dette inneber at elevane utgjør ei mangfaldig gruppe, og det vil klart vere elevar her som har det same behovet for vern som elevar i grunnskolen. Ungdommane er i ein sårbar fase, dei er i eit makt- og tillitsforhold til vaksenpersonar, og eit overgrep kan gjere stor skade for den som blir utsett for det.

Departementet uttalte vidare at det er viktig å motverke seksuelle overgrep også mot ungdommar. Sjølv om ein aldri har nokon garanti for at elevar ikkje skal bli utsette for overgrep, kan kravet om politiattest vere eit signal til potensielle overgripapar. Vidare vil det forhindre at ein domfelt person får ein makt- og tillitsposisjon overfor ungdommane.

Det vart vist til at departementet har merkt seg at Stortinget uttrykkeleg har sagt at politiattesten berre skal innehalde informasjon om domfellingar som følgje av overgrep, ikkje meldingar, siktingar eller tiltalar. Departementet peikte på at dette inneber at det i tilfelle blir stilt ulike krav for tilsetjing i grunnskolen og i den vidaregåande skolen.

Vidare vart det vist til at Stortinget ikkje har gitt eksplisitt uttrykk for at det skal vere yrkesforbod i vidaregåande skole for personar som er dømde for overgrep. Departementet uttalte at det skal sterke grunnar til for å nekte nokon å utføre eit yrke. Så lenge det ikkje er fare for helsa og tryggleiken til elevane, bør ein vere varsam med å gi slike forbod.

Når ei domfelling ikkje automatisk skal føre til tap av rett til tilsetjing i vidaregåande skole, betyr det at tilsetjingsmyndigheita både har høve til og

må gjere ei vurdering av om personen likevel kan vere eigna til å arbeide i skolen. Skolen har ansvar for tryggleiken til elevane, jf. opplæringslova § 9a–3 om psykososialt miljø, og opplæringslova § 10–5 gjer det klart at personlege eigenskapar er eit relevant kriterium ved val mellom søkjarar.

Straffelova § 29, som gir domstolane høve til å frådømme ein person retten til å ha stilling «*som den skyldige ved den straffbare handling har vist seg uskikket til eller må fryktes å ville misbruke eller som i særleg grad krever almen tillit*», vil også fungere som ein tryggleiksventil i høve til personar som bør diskvalifiserast frå arbeid i skolen.

#### Om typar av overgrep:

Som nemnt ovanfor er heimelen for å krevje politiattest ved tilsetjing i grunnskolen, avgrensa til å vise seksuelle overgrep mot *barn*. Når det gjeld vernebehovet for ungdom i vidaregåande skole, kan det vere aktuelt at politiattesten viser domfelling også for andre seksualbrott. I høringsbrevet gav departementet derfor uttrykk for at den føresegna som skal gjelde ved tilsetjing i vidaregåande skole, bør utvidast til å omfatte seksuelle overgrep, ikkje berre overgrep mot barn. Når det konkret gjeld kva føresegner i straffelova attesten skal vise om personen er dømd for, er dette noko ein kan komme tilbake til i samband med eit seinare forskriftsarbeid.

I høringsutkastet la departementet til grunn at det ikkje er aktuelt å utvide politiattesten til å omfatte andre straffbare handlingar enn seksualbrott. Departementet viste i denne samanhengen til oppmodingsvedtaket i Stortinget 17. juni 2004–vedtak nr. 524 (2003–2004), som lyder:

«Stortinget ber Regjeringen foreta en helhetlig gjennomgang og evaluering av praksis med bruk av politiattest innen utdanningssektoren, sett i lys av den forskning som finnes om seksuelle overgrep mot barn. Stortinget ber Regjeringen komme tilbake med en bred vurdering av hvordan ordningen med politiattester i utdanningssektoren bør utformes i fremtiden også sett i sammenheng med bruk av politiattester innenfor andre tjenesteområder (jf. Innst. O. nr. 82 ).»

Om personar som regelmessig oppheld seg i grunnskolen:

Kommunen / styret ved ein frittstående grunnskole har i dag høve til å innhente politiattest også for andre personar som regelmessig oppheld seg i grunnskolen. Dette er særleg aktuelt for grunnskolen i samband med skolefritidsordninga, reinhalds- og vaktmeister tenester osv.

Departementet viste til at Stortinget ikkje har gitt signal om at også fylkeskommunen / styret ved ein frittstående vidaregåande skole skal ha høve til å innhente politiattest for personar som regelmessig oppheld seg i den vidaregåande skolen.

Departementet antok at det vernebehovet ungdommane har, er viktigast i forhold til dei vaksenpersonane dei har den daglege og nære kontakten med, og la dette til grunn. Departementet kunne dermed ikkje sjå at det er behov for å krevje politiattest for andre enn dei personane som blir tilsette ved skolen, og ville på den bakgrunnen ikkje fremje forslag om at fylkeskommunen kan innhente politiattest for andre personar enn det kommunen kan.

På bakgrunn av vurderingane ovanfor foreslo departementet å endre opplæringslova og friskolelova slik at det blir stilt krav om politiattest også for dei som skal tilsetjast i vidaregåande skole. Forslaget inneber ikkje eit absolutt yrkesforbod i vidaregåande skole for personar som er dømde for overgrep, men tilsetjingsmyndigheita må gjere ei konkret vurdering av om personen er eigna sett i lys av tryggleiken for elevane.

### 12.3 Høringsinstansane

Fleire høringsinstansar har uttalt seg om politiattest for tilsette i den vidaregåande skolen. Det store fleirtalet støttar ei slik føresegn, med den ordlyden som stod i høringsbrevet. Særleg er foreldreorganisasjonane positive til forslaget; dei meiner at barn treng vern mot seksuelle overgrep også i den vidaregåande skolen, og da spesielt barn som er psykisk utviklingshemma.

*Kommunenes sentralforbund* «mener det er viktig å stille krav om politiattest ved tilsetjing i vidaregåande skole, slik ordningen allerede er i grunnskolen». *Norsk Skolelederforbund og Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund* «forutsetter at en går grundig inn i problemstillingen når det skal fastsettes forskrifter».

Eit par instansar stiller seg spørjande til behovet for å lovfeste ei slik føresegn.

*Norsk Lektorlag* støttar intensjonen bak lovforslaget, men meiner at «yrkesetiske problemstillinger knyttet til læreryrket bør først og fremst ivaretas i skolens daglige liv, i skolens kompetanseutviklingsprogram, personalpolitikk og lederutdanning».

*Justis- og politidepartementet* «etterlyser en grundigere gjennomgåelse av behovet for en slik bestemmelse veid opp mot rettssikkerheten til de det gjelder. Bestemmelsen er heller ikke vurdert

opp mot EMK art. 8 om retten til privatliv. Det er ikke gitt at vurderingen i forhold til denne bestemmelsen blir den samme som i forhold til tilsetning i grunnskolen «.

Vidare er det nokre meiningsforskjellar mellom høringsinstansane når det gjeld det nærmare innhaldet i føresegna.

Justis- og politidepartementet uttaler:

«Departementet kan imidlertid ikke umiddelbart se at det skulle være grunn til å gi forskjellige regler for henholdsvis grunnskole og videregående skole med henblikk på hvilke opplysninger politiattesten skal inneholder (sic) hva gjelder status i saken. Ved tilsetning i grunnskolen skal politiattesten jf. opplæringsloven § 10–9 første ledd og friskoleloven § 4–3 første ledd vise om vedkommende er siktet, tiltalt eller domfelt for seksuelle overgrep mot barn, mens politiattesten i følge forslag for videregående skole kun skal vise om vedkommende er domfelt for seksuelle overgrep. I høringsbrevet begrunnes denne forskjellen med Stortingets vedtak der det heter «Politiattesten skal kun inneholde informasjon om hvorvidt søker er domfelt for overgrep». Justisdepartementet ber Utdannings- og forskningsdepartementet vurdere om ordet «kun» muligens først og fremst er relatert til «overgrep» i motsetning til andre kriminelle handlinger. Ut fra de hensyn som ligger bak forslaget, synes det å være mindre godt begrunnet å begrense politiattest ved tilsetning i videregående skole til kun å vise om vedkommende er domfelt for seksuelle overgrep. Det ville etter departementets oppfatning fremstå som både støtende og uheldig dersom for eksempel en person tilsettes med «ren» politiattest, og det senere viser seg at vedkommende på dette tidspunkt var tiltalt for seksuelle overgrep.»

*Fylkesmannen i Oppland* uttaler:

«Fylkesmannen har i likhet med departementet merket seg at Stortinget uttrykkelig har sagt at politiattesten for personer som skal arbeide i videregående skole kun skal inneholde informasjon om domfellelser som følge av overgrep, ikke anmeldelser, siktelser eller tiltaler. Når det gjelder tilsetning i grunnskolen stilles det krav om politiattest som viser hvorvidt vedkommende er siktet, tiltalt eller dømt for slike overgrep. Det er med andre ord her ikke noe krav om at vedkommende er dømt.

Det synes uriktig og ubegrunnet å ha forskjellige krav til politiattest i grunnskole og videregående skole. Hvis man skal følge Stortingets instruks bør man endre gjeldende regel for grunnskolen, § 10–9 første ledd, slik at også denne hjemmelen kun gir rett til å legge vekt på straffesaker som er rettskraftig avgjort (domfellelser), ikke pågående saker.

Fylkesmannen i Oppland mener at man i begge tilfeller, både grunnskole og videregående skole, burde kunne legge vekt på også pågående straffbare forhold. I Norge kan det være svært lang saksbehandlingstid før det foreligger rettskraftig dom. Vedkommende som ansettes etter den foreslåtte regel, kan være dømt for grove seksuelle overgrep, men saken kan være anket, slik at dommen ikke er rettskraftig. Når/hvis vedkommende nektes ansettelse på grunnlag av et pågående straffbart forhold, og på et senere tidspunkt blir frikjent, kan vedkommende deretter bli tilsatt.»

Somme høringsinstansar meiner at det skal gjelde tilsetjingsforbod for personar som er dømde for seksuelle lovbrutt.

*Norsk Foreldrelag for Funksjonshemmede* uttaler at

«det er bekymringsfullt at personer som er dømt for overgrep kan bli ansatt i skolen. Departementet skyver ansvaret over på tilsettingsmyndigheten som må ta denne avgjørelsen».

*Nasjonalt råd for lærerutdanning, Universitets- og Høgskolerådet* uttaler:

«Nasjonalt råd for lærerutdanning er tilfreds med at det nå foreslås at det skal kreves politiattest også for personer som skal tilsettes i videregående skole. Vi støtter også at politiattesten kun skal inneholde informasjon om domfellelser som følge av overgrep. Vi er noe i tvil om slike domfellelser bør føre til yrkesforbud i videregående skole. Samtidig som straffeloven § 29 gir domstolene mulighet til å fradømme en person retten til å inneha stilling, så ser vi at det vil være en viss terskel for skolene å bruke en slik lovparagraf. Dette fordi det vil medføre både mye arbeid og ressurser å gå til en rettssak. Vi støtter departementets holdning om at det skal mye til for å innføre yrkesforbud. Samtidig mener vi at når det gjelder lærere, som skal være forbilder for elever, og som lett vil få et makt- og tillitsforhold til unge mennesker, så må det stilles krav som gjør at elevene kan føle seg trygge. Det er her snakk om unge mennesker på 16–19 år. Vi er derfor av den oppfatning at en lærer som er domfelt for en seksualforbrytelse, heller ikke bør kunne arbeide som lærer i den videregående skolen. Vi imøteser departementets «helhetlige gjennomgang og evaluering av praksis med bruk av politiattest innen utdanningssektoren, sett i lys av den forskning som finnes om seksuelle overgrep mot barn.»

*Skolenes Landsforbund* uttaler at dei ønskjer at dei reglane som gjeld for grunnskolen, også skal gjelde for den vidaregåande skolen. Det vil seie at det skal gå fram av politiattesten om søkjaren er sikta, tiltalt eller dømd for seksuelle overgrep, og at

det skal gjelde tilsetjingsforbod for søkjarar som er dømde for seksuelle handlingar.

Motsett standpunkt har *Steinerskolene i Norge*, som gir uttrykk for at det er heilt rett at det ikkje skal gjelde tilsetjingsforbod for personar som er dømde for seksuelle overgrep, og at vurderinga skal overlatast til tilsetjingsmyndigheita, fordi det»i-varetar en fundamental menneskerett som går på at man har gjort opp for seg etter å ha avsonet en dom». Samtidig framhevar *Steinerskolane* at det må leggjast eit stort ansvar på skolen for å sikre tryggleiken for elevane.

*Møre og Romsdal fylkeskommune* uttaler:

«Vi ser at det kan vere ønskeleg at personar som blir tilsett i utdanningssystemet, legg fram politiattest. Sjølv om vi ser at det kan vere gode grunnar for at seksuelle overgrep skal nemnast spesielt i ein slik attest, kan det jo også vere andre politimessige forhold som det kan vere nyttig at arbeidsgjevar er informert om, t.d. dom for rasisme eller vald. Vi vil og understreke at det ikkje kan vere ønskeleg at det blir innført eit generelt yrkesforbod, og at det vil vere nyttig å få ein totalgjennomgang av bruk av politiattest innanfor utdanningssektoren.»

Eit par høringsinstansar meiner at også andre lovbrott skal visast i politiattesten.

*Innvandrernes Landsorganisasjon* ønskjer at straffbare handlingar i vinnings hensikt skal rammast, og dette gjeld særleg i samband med tilsetjingar av rektorar og godkjenningar av friskoleeigarar.

*Norske Fag- og Friskolers Landsforbund* ønskjer at attestane skal vise både om ein er dømd for vald og om ein er dømd for seksuelle handlingar.

Når det gjeld politiets syn på lovforslaget, uttaler *Politidirektoratet* at dei har ingen innvendingar, men peiker på at forslaget vil medføre meirarbeid for politietaten.

## 12.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet viser til forslaget i høringsutkastet og foreslår at det blir lovfesta eit krav om politiattest for dei som skal tilsetjast i vidaregåande skole. I motsetning til høringsforslaget, som berre omfatta domfellingar, foreslår departementet at attesten i tillegg skal vise om søkjaren er sikta eller tiltalt for seksuelle overgrep. Departementet vil særleg kommentere tre forhold:

*Retttstryggleiksvurdering. Særleg om forholdet til Den europeiske menneskerettighetskonvensjon (EMK) art. 8 om retten til privatliv*

Departementet viser til vurderingane i høringsutkastet. Departementet vil på bakgrunn av høringsfråsegnene i tillegg presisere følgjande: Etter departementet si vurdering vil ikkje ein regel som den foreslåtte stride mot EMK art. 8. I artikkel 8 andre ledd står at omsynet til privatlivet for den enkelte må vegast mot m.a. omsynet til andres rettar og omsynet til å førebyggje nye lovbrott. Barn er særleg sårbare for overgrep frå vaksne. Det sårbare minkar normalt etter kvart som barnet blir eldre. Sjølv om fleirtalet av dei barna som går i vidaregåande skole er over seksuell lågalder, vil dei framleis vere sårbare andsynes autoritetspersonar i skolen. Det er vidare elevar i vidaregåande skole som ikkje klarer å ta ansvar for sin eigen tryggleik, f.eks. barn som er psykisk utviklingshemma. Det er departementet si vurdering at omsynet til dei rettar barn må ha i den vidaregåande skolen, bør vege tyngre enn omsynet til vern av privatlivet for ein arbeidssøklar som er sikta, tiltalt eller dømd for seksuelle overgrep. Det må i denne samanhengen nemnast at det er arbeidssøkjaren sjølv som skal leggje fram ein slik attest. Det inneber at arbeidsgivaren ikkje får opplysningane utan at arbeidssøkjaren sjølv veit om det og medverkar til det.

Departementet viser til oppmodingsvedtaket i Stortinget 17. juni 2004, vedtak nr. 524 (2003–2004), som lyder:

«Stortinget ber Regjeringen foreta en helhetlig gjennomgang og evaluering av praksis med bruk av politiattest innen utdanningssektoren, sett i lys av den forskning som finnes om seksuelle overgrep mot barn. Stortinget ber Regjeringen komme tilbake med en bred vurdering av hvordan ordningen med politiattester i utdanningssektoren bør utformes i fremtiden også sett i sammenheng med bruk av politiattester innenfor andre tjenesteområder.»

Etter departementet si vurdering vil oppfølginga av dette oppmodingsvedtaket m.a. innebere behov for ei grundig vurdering av ulike rettstryggleikssomsyn, også knytte til EMK art. 8. Departementet har merkt seg at fleire av høringsinstansane har konkrete forslag om kva lovbrott ein politiattest bør innehalde i samband med tilsetjing i skole, og at m.a. Nasjonalt råd for lærarutdanning, Universitets- og Høgskolerådet ønskjer ei heilskapleg gjennomgåing og evaluering av praksis med bruk av politiattest i utdanningssektoren, sett i lys av den forskning som finst om seksuelle overgrep mot barn. Departementet peiker på at dei ulike spørsmåla som rei-

ser seg, krev grundig og brei vurdering. Departementet vil ta initiativ til at det blir sett i gang eit arbeid der aktuelle departement blir involverte.

*Vurdering av om attesten i tillegg til å vise ev. domfellingar også skal vise om søkjaren er sikta eller tiltalt for seksuelle overgrep*

Forslaget frå departementet avvik her frå oppmøningsvedtaket, som berre gjaldt politiattest med informasjon om domfellingar som følgje av overgrep, ikkje siktingar eller tiltalar. Departementet vurderer det slik at det bør gå fram av attesten om søkjaren er sikta eller tiltalt for seksuelle overgrep, slik at regelen på dette punktet blir samsvarande med regelen for grunnskolen.

Departementet vil også uttale følgjande: For det første taler omsynet til konsekvens i lovgivinga for at det bør vere samanfallande reglar for grunnskolen og den vidaregåande skolen om status i saka skal visast i politiattesten. Det er etter departementet sitt syn ingen grunn til at barn i den vidaregåande skolen skal ha eit veikare vern enn barn i grunnskolen. For det andre vil like reglar gjere det enklare for lovbrukaren. Dette gjeld både for tilsetjingsmyndigheitene i skoleverket og spesielt for politiet, som skal skrive ut attestane. Det må gjerast ekstra tiltak hos politiet for å forhindre at personar vil misbruke at det er ulike reglar for grunnskolen og for den vidaregåande skolen. Samtidig ser departementet at politiet må skrive ut to forskjellige attestar, dersom det skal visast seksuelle overgrep mot

både barn og vaksne når det gjeld søknader i den vidaregåande skolen, men berre seksuelle overgrep mot barn når det gjeld søknader i grunnskolen. Til slutt vil departementet nemne at så lenge det ikkje gjeld eit tilsetjingsforbod, men er overlate til tilsetjingsmyndigheita å avgjere om personen skal tilsetjast, bør tilsetjingsmyndigheita få så fullstendige opplysningar som mogleg frå politiet, og da er det naturleg at det også blir opplyst om siktingar og tiltalar. Det er eit stort ansvar som blir lagt på tilsetjingsmyndigheita, og alle relevante opplysningar bør da vere tilgjengelege.

*Vurdering av om det skal vere tilsetjingsforbod*

Det skal etter departementets vurdering sterke grunnar til for å nekte nokon å utføre eit yrke. Departementet ser at det kan oppstå behov også i den vidaregåande skolen for å verne barna mot at det blir tilsett personar som er dømde for seksuelle overgrep. På den andre sida meiner departementet at tryggleiken for barna i den vidaregåande skolen blir teken tilstrekkeleg vare på ved at tilsetjingsmyndigheita gjer ei vurdering på bakgrunn av politiattesten. Departementet peiker i denne samanhengen på at det ikkje gjeld tilsetjingsforbod i grunnskolen for ein person som er sikta eller tiltalt for seksuelle overgrep mot barn, berre for ein som er domfelt. Det er overlate til tilsetjingsmyndigheita å vurdere om personen da skal tilsetjast.

Departementet viser elles til lovutkastet og til merknaden til føresegna i kapittel 16.

## 13 Forslag om andre endringer i opplæringslova og friskolelova

### 13.1 Forslag om endring av opplæringslova § 3–1 sjette ledd

---

#### 13.1.1 Gjeldande rett

Opplæringslova § 3–1 sjette ledd andre punktum har følgjande ordlyd:

«Søkjarar som etter kapittel 5 i lova har rett til spesialundervisning, og som på grunnlag av sakkunnig vurdering har særlege behov for eit særskilt grunnkurs, har rett til inntak på dette kurset innanfor ein kvote fastsett av departementet ved forskrift.»

Departementet har gitt reglar om inntak til eit særskilt grunnkurs i forskrifta til opplæringslova.

#### 13.1.2 Høringsutkastet frå departementet

I høringsutkastet viste departementet til at det ikkje er fastsett kvotar knytte til dei enkelte opplærings-tilboda. Departementet viste til at sentralt fastsette kvotar vil innebere statleg detaljstyring av inntaket, noko som etter departementet sitt syn ikkje er formålstenleg. Departementet foreslo derfor at heime- len for å fastsetje forskrifter blir endra i samsvar med denne vurderinga. Forslaget inneber ingen endringer i retten til inntak til eit særskilt grunnkurs.

#### 13.1.3 Høringsinstansane

Svært få høringsinstansar har uttalt seg om dette forslaget, men alle som har uttalt seg, sluttar seg til den foreslåtte endringa. Finnmark fylkeskommune uttaler m.a.:

«Retten til å fastsette kvoter har ikke vært benyttet og kan derfor opphøre. Vi ser det også slik at dette utgjør en unødvendig statlig styring på detaljnivå.»

#### 13.1.4 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet foreslår ei lovendring i samsvar med høringsutkastet.

### 13.2 Forslag om å presisere at departementet er klageinstans for vedtak gjort med heimel i opplæringslova kapittel 9a

---

#### 13.2.1 Gjeldande rett

Opplæringslova kapittel 9a har reglar om skolemiljøet for elevane. Dersom ein elev eller forelder, eller eit av råda eller utvala ved skolen der desse er representerte, ber om tiltak for å rette på fysiske miljøforhold, skal skolen så snart som mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skolen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling i saka, vil det likevel kunne klagast etter reglane i forvaltningslova som om det var gjort enkeltvedtak. Dette følgjer av § 9a–2.

Det same gjeld dersom ein elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, jf. § 9a–3.

Etter opplæringslova § 15–2 første ledd er departementet klageinstans for alle enkeltvedtak i grunnskolen, med unntak for enkeltvedtak i personalsaker. Det betyr at departementet også er klageinstans for vedtak etter §§ 9a–2 og 9a–3 når det gjeld grunnskolen. Tilsvarande gjeld ikkje for vedtak om skolemiljøet i vidaregåande skolar. Etter forvaltningslova § 28 skal klagar på slike vedtak behandlast av fylkeskommunal klageinstans.

#### 13.2.2 Vurderingar og forslag frå departementet

Etter departementet si vurdering bør det vere same klageinstans som behandlar klagar på skolemiljøet både for grunnskolen og for vidaregåande skole. Departementet foreslår derfor ei endring i opplæringslova § 15–2 som inneber at departementet også skal vere klageinstans for vedtak etter §§ 9a–2 og 9a–3 for vidaregåande skole. Departementet viser til lovutkastet.



### 13.3 Forslag om endring i friskolelova om høvet for styret til å delegere oppgaver

---

#### 13.3.1 Gjeldande rett

Etter friskolelova § 5–2 har styret den øvste leiinga av skolen, og dermed ansvaret for at skolen blir driven i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Andre ledd i føresegna angir kva for oppgaver styret ikkje kan delegere.

Tredje ledd i § 5–2 lyder:

«Styret skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i gjeldande lover og forskrifter, og føresetnadene for godkjenninga blir oppfylte. Styret skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultatata frå desse vurderingane og nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i § 7–2 femte ledd.»

#### 13.3.2 Vurderingar og forslag frå departementet

Føresegna i tredje ledd er ny og vart sett i kraft 1. september 2004. Etter departementet si vurdering er systemkrava i tredje ledd av ein slik karakter at styret ikkje bør ha høve til å delegere oppgaver knytte til denne føresegna. Departementet foreslår derfor ei tilføyning i § 5–2 som inneber at styret, i tillegg til ikkje å kunne delegere oppgaver etter andre ledd, heller ikkje kan delegere oppgaver etter tredje ledd. Departementet viser elles til lovutkastet.

### 13.4 Forslag om å presisere at departementet er klageinstans for vedtak gjort etter gjeldande § 5–7 i opplæringslova

---

#### 13.4.1 Gjeldande rett

Opplæringslova § 15–2 fastset særreglar i forhold til reglane om klageinstans i forvaltningslova § 28. Etter § 15–2 første ledd er departementet klageinstans for enkeltvedtak i grunnskolen. Myndet og oppgåvene til departementet som klageinstans etter § 15–2 er delegert til fylkesmannsembeta, jf. rundskriv F-37/02.

Det går ikkje klart fram av ordlyden i § 15–2 at regelen om statleg klage også gjeld vedtak om spesialpedagogisk hjelp etter den gjeldande føresegna opplæringslova § 5–7 (som blir § 5–4 i lovutkastet). Det går likevel klart fram av forarbeida, Ot.prp. nr.

46 (1997–98), at § 15–2 første ledd er ei vidareføring av grunnskolelova § 34 nr. 3. Regelen i grunnskolelova § 34 nr. 3 om statleg klage omfatta alle typar enkeltvedtak etter grunnskolelova, deriblant enkeltvedtak om retten til spesialpedagogisk hjelp for barn under opplæringspliktig alder.

Det går vidare fram av forarbeida at det ikkje var meininga å endre særreglane for den statlege klageinstansen, heller ikkje når det gjaldt spesialpedagogisk hjelp for barn under opplæringspliktig alder. I merknaden til § 15–2 blir det vist til at departementet tek sikte på at statens utdanningskontor «framleis skal vere statleg klageinstans i opplæringssektoren». I praksis blir også alle klagar som gjeld vedtak om spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder, behandla av fylkesmannsembeta.

#### 13.4.2 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet foreslår at det blir presisert i opplæringslova § 15–2 første ledd at departementet er klageinstans for vedtak om spesialpedagogisk hjelp for opplæringspliktig alder.

Departementet viser til lovutkastet og merkna-dene til dei enkelte føresegnene i kapittel 16.

### 13.5 Forslag om endring av reglane om skolepengar i friskolelova

---

Friskolelova vart endra med verknad frå 1. desember 2004. Endringane innebar m.a. at føresegnene om skolar som har til formål å gi vidaregåande yrkesretta opplæring som ikkje blir gitt ved vidaregåande offentlege skolar, vart samla i eit eige kapittel 6A i lova. Føresegnene i kapittel 6A er ei rein vidareføring av det som gjaldt desse skolane før endringslova, slik at opprettinga av eit nytt kapittel 6A ikkje innebar nokon innhaldsmessige endringar. Ved ein inkurie er ei føresegn likevel ikkje komen med i kapittel 6A. Det gjeld føresegna om at alle offentlege driftstilskott og skolepengar frå elevane skal komme elevane til gode. Denne føresegna, slik ho kjem til uttrykk i § 6–4 første ledd, gjaldt før lovendringa også skolar som no kan godkjennast etter § 6A–1 (§ 2–2 bokstav e) etter den tidlegare lova). Det var ikkje departementet sin intensjon å oppheve føresegna for desse skolane. Departementet foreslår derfor ei endring i § 6A–8 som presiserer at driftstilskottet og elevpengane skal komme elevane til gode. Departementet viser til lovutkastet og til merknaden til føresegna i kapittel 16.

## 14 ILO-rekommandasjon. Utvikling av menneskelege ressursar: Utdanning, opplæring og livslang læring

### 14.1 Innleiing

17. juni 2004 vedtok ILO (International Labour Organisation) ILO-rekommandasjon nr. 195 om utvikling av menneskelege ressursar: utdanning, opplæring og livslang læring. ILO-rekommandasjon nr. 195 av 2004 erstattar ILO-rekommandasjon nr. 150 av 1975 *Human resources development and training*.

Ein rekommandasjon inngår som ein del av det internasjonale rammeverket som gir føringar for politikktutforminga innanfor sektoren i medlemslanda. Rekommandasjonen er likevel ikkje folkerettsleg bindande.

I samsvar med ILOs konstitusjon er medlemslanda forplikta til å gjere vedtekne rekommandasjonar kjende for dei lovgivande myndigheitene innan eitt år.

Heile rekommandasjonen er vedlagd.

### 14.2 Formålet med rekommandasjonen

Rekommandasjonen skal fungere som eit instrument for å utvikle og leggje til rette for livslang læring. Sjølv om rekommandasjonen slår fast at livslang læring omfattar alle nivå i utdanningssystemet, er målgruppa i dokumentet hovudsakleg vaksne. Rekommandasjonen slår vidare fast betydninga av trepartssamarbeidet og det ansvar dei ulike partane har for å leggje til rette for at livslang læring blir ein realitet.

Rekommandasjonen skal såleis vere eit instrument for medlemslanda til å

- anerkjenne at utdanning i eit livslangt læringsperspektiv er viktig for å fremje interessene til enkeltindividet, arbeids- og næringslivet og samfunnet, spesielt når det gjeld utfordringar som full sysselsetjing, sosial integrasjon og å halde oppe den økonomiske veksten i den globale økonomien;
- fornye pliktene til alle aktuelle partar, ved at regjeringane forsterkar investeringane i utdanning på alle nivå, og ved at partane i arbeidslivet, og den enkelte sjølv, nyttar dei tilgjengelege moglegheitene;

- identifisere samanhengar mellom utdanningspolitikk og andre politikkområde som er viktige for å halde oppe den økonomiske veksten;
- fremje ordna arbeidsforhold for alle, både kvantitativt og kvalitativt, og å auke tilgjengen til utdanning og arbeid for sårbare grupper;
- anbefale at medlemslanda formulerer, bruker og revurderer den nasjonale utdanningspolitikken slik at han blir konsistent i forhold til og komplementerer andre politikkområde. Arbeidet må vere basert på sosial dialog og reflektere rollene mellom myndigheitene og partane i arbeidslivet.

### 14.3 Hovudpunkt i rekommandasjonen

*Kapittel 1* beskriv formål, verkeområde og definisjonar for utforminga av ein nasjonal politikk for å utvikle menneskelege ressursar i eit livslangt læringsperspektiv. Utforminga av den nasjonale politikken på feltet skal gå føre seg på grunnlag av sosial dialog og vere i samsvar med andre politikkområde.

*Kapittel II* omhandlar utviklinga og iverksetjinga av utdannings- og opplæringspolitikken. I samarbeid med partane skal medlemslanda utvikle strategiar og rammeverk for utdanning og opplæring på alle nivå, frå det nasjonale nivået til det enkelte føretaket. Vidare blir det peikt på det ansvaret det offentlege har for grunnleggjande utdanning og opplæring før inngangen i arbeidslivet. Utdanning og opplæring før inngangen i arbeidslivet er definert som obligatorisk grunnutdanning, som omfattar grunnleggjande kunnskapar, lese-, skrive- og reknedugleik og formålstenleg bruk av IKT.

*Kapittel III* omhandlar utdanning og opplæring før inngangen i arbeidsmarknaden. I samarbeid med partane skal det skapast betre høve for alle til å heve sine kvalifikasjonar for sysselsetjing. Det skal utviklast system for å anerkjenne ikkje-formell opplæring, særleg for vaksne, og for å betre tilgjengen til yrkes- og karriererettleiing og rettleiing om arbeidsmarknaden for dei utdanningssøkjande. Vidare skal medlemslanda sørge for relevante utdan-

ningsprogram og yrkesopplæring som opnar for godkjenning av kompetanse som er relevant i arbeidsmarknaden.

*Kapittel IV* omhandlar dei ulike partane sitt ansvar for og deltaking i utvikling av kompetanse: det ansvar det offentlege har for å leggje til rette tilbod, arbeidsgivarane sitt ansvar for å investere i opplæring, og arbeidstakarane sitt ansvar for å stimulere til deltaking i opplæringstilboda.

*Kapittel V* omhandlar opplæring som verkemiddel for anstendig arbeid og sosial integrasjon. Det blir peikt på det grunnleggjande ansvaret det offentlege har for personar som står utanfor arbeidsmarknaden og for personar med spesielle behov.

*Kapittel VI* omhandlar utvikling av rammeverk for anerkjenning og godkjenning av fagleg dugleik, uavhengig av kvar dugleiken er opparbeidd og om han er tileigna på formell eller uformell vis.

*Kapittel VII* omhandlar det ansvaret medlemslanda har for å leggje til rette for eit mangfald av opplæringstilbod innanfor nasjonale rammeverk for kvalitetssikring.

*Kap VIII* omhandlar det ansvaret medlemslanda har for å leggje til rette for tilgjenge til karriere og opplæringsstøtte, og å samarbeide med partane i arbeidslivet om å klargjere roller og ansvar for dei enkelte aktørane.

*Kap IX* omhandlar forskning og utvikling innanfor kompetansesektoren og gjennomføring av analysar av arbeidsmarknaden. Det er føresett at det blir oppretta databasar på alle nivå, med detaljert informasjon.

*Kap X* omhandlar internasjonalt og teknisk samarbeid for å fremje utviklinga av menneskelege ressursar. Samarbeidet skal medverke til etablering av anstendige jobbar og dermed til økonomisk vekst.

#### 14.4 Vurdering frå departementet

Departementet støttar dei grunnleggjande intensjonane i rekommandasjonen og meiner dei fleste paragrafane er i samsvar med norsk kompetansopolitikk. Noreg har allereie etablert system og komme langt i utvikling i forhold til anbefalingane i rekommandasjonen. Etter departementet si vurdering vil rekommandasjonen derfor ha størst betydning som verkemiddel for politikkkutforminga i utviklingsland. I prosessen har Noreg hovudsakleg prøvd å forenkle rekommandasjonen og å definere eit innhald som ligg på eit realistisk nivå, særleg for utviklingsland.

Enkelte av føresegnene i rekommandasjonen treng særleg omtale: Punkt 5f om å

«styrkje den sosiale dialogen og kollektive forhandlingar om opplæring på internasjonalt, nasjonalt, regionalt og lokalt nivå, og på sektor- og føretaksnivå, som eit grunnleggjande prinsipp for utvikling av system og for relevansen, kvaliteten og kostnadseffektiviteten i programma»:

Dette er den mest omstridde paragrafen og inneber ei klar interessemotsetning mellom arbeidstakar- og arbeidsgivarsida, noko som også kom til uttrykk i forhandlingane. Konsekvensen av forslaget kan bli ei uheldig samanblanding av kompetansopolitikken og lønns- og tariffpolitikken. Departementet meiner det er viktig for alle land å føre ein kompetansopolitikk som medverkar til nødvendig utvikling og omstilling i arbeids- og samfunnslivet, og som gjer den enkelte eleven/arbeidstakaren rusta til å møte endringane. Dersom kompetansopolitikken blir for sterkt knytt til lønns- og tariffpolitikken, kan det motverke ei slik utvikling fordi merksemda vil vere retta mot her-og-no-behova hos den enkelte arbeidstakaren. I Noreg er det lange tradisjonar for trepartssamarbeid i fag- og yrkesopplæringa. Samarbeidet er regulert gjennom Samarbeidsrådet for yrkesopplæringa (SRY) og faglege råd. Denne oppbygginga og mandata for råda inneber at dei fungerer som fora for utvikling. Det er derfor etablert ein kultur for å oppnå felles forståing av politikkkutforminga i Noreg. Departementet vil byggje vidare på dette samarbeidet gjennom råda. Men denne føresegna har ført til at arbeidsgivarorganisasjonane i alle medlemslanda har reservert seg mot rekommandasjonen. Departementet beklagar at det ikkje lukkast å komme fram til semje på dette punktet, og meiner dette kan medverke til å svekkje autoriteten av rekommandasjonen.

Punkt 9j om å

«oppmode multinasjonale selskap om å gi opplæring til alle sine tilsette på alle nivå, både i heimlandet og i andre land der dei har verksemdar, for å komme føretaka sine behov i møte og å medverke til utvikling i landet»:

I forhandlingane peikte arbeidstakarsida og mange av regjeringane på det ansvaret dei multinasjonale selskapa har for å medverke til velstandsutvikling gjennom kompetanseutvikling av arbeidstakarar, særleg for verksemdar i den tredje verda. Desse partane ønskte også ei tydelegare presisering av den økonomiske ansvarsdelinga. Arbeidsgivarsida støtta prinsippet om ansvar for kompetanseutvikling hos dei multinasjonale selskapa, men meinte dette arbeidet må gå føre seg på frivillig basis. Departementet meiner det er viktig å presisere det ansvaret for kompetanseutvikling dei multinasjonale selskapa har når det gjeld lokal arbeids-

kraft, særleg når dei opererer i utviklingsland. Departementet hadde derfor forventa ei formulering som gav ei tydelegare ansvars plassering på dette punktet.

Kapittel VI om rammeverk for anerkjenning og godkjenning av fagleg dugleik ligg nær opp til dei tiltaka Noreg allereie har sett i verk, f.eks. når det gjeld vurdering av realkompetanse. Føresegnene er også i samsvar med EUs arbeid med eit kvalifikasjonsrammeverk som skal medverke til å fremje mobilitet, jf. ambisjonane i København-erklæringa.

Føresegnene i punkta 18 og 19 om innhenting

av data og utvikling av indikatorar for komparative studium føreset ein detaljeringsgrad som det kan bli vanskeleg å oppnå. Det er føresett informasjon frå verksemdnivået som det ikkje er mogleg å få utan betydelege kostnader. Dette er også påpeikt av NHO.

Å utvikle eit formålstenleg datagrunnlag og indikatorar for måling av kvaliteten i fagopplæringa er eit viktig punkt i samband med København-erklæringa. Departementet har eit nært samarbeid med partane i arbeidslivet i oppfølgingsarbeidet, og vil sjå dette i samanheng.

## 15 Økonomiske og administrative konsekvensar av lovforslaga

*Grunnskolen skal delast i eitt barnetrinn og eitt ungdomstrinn:*

Forslaget har ikkje økonomiske eller administrative konsekvensar.

*Nye nemningar på nivå og grupper av fag i vidaregåande opplæring:*

Forslaget har ikkje økonomiske eller administrative konsekvensar.

*Lovheimlar for fastsetjing av læreplanar og omfanget av opplæringa:*

Forslaget har ikkje økonomiske eller administrative konsekvensar.

*Saksbehandlingsreglar for spesialundervisninga:*

Forslaga kan føre til at kompetansen i høvesvis skolen og PP-tenesta blir utnytta meir effektivt, under dette at det blir skapt rom for at PP-tenesta kan drive meir systemretta arbeid. Dersom kommunen/fylkeskommunen ikkje har ein god intern vedtaksprosess og skolen ikkje får til ein god dialog med elevar/foreldre, kan den auka handlefridommen som forslaget legg opp til, føre til uro, og dermed fleire klagesaker til fylkesmannen. Sidan målet er å få større effekt av den samla kompetansen, slik at opplæringa kan bli betre, kan det ikkje leggast til grunn at forslaga vil gi innsparing.

*Endring av retten til vidaregåande opplæring for ungdom:*

Forslaget til endring inneber at elevane kan ta ut retten til vidaregåande opplæring innan dei fyller 24 år. I dag må denne retten takast ut innan fem (eventuelt seks) år etter at grunnskolen er fullført.

Det er ikkje foreslått noka endring i talet på år da elevane har rett til vidaregåande opplæring. Når eleven startar i vidaregåande opplæring, må retten takast ut i løpet av fem (seks) år. Det er heller ikkje foreslått noka utviding av ansvaret til oppfølgingstenesta. Endringa får ikkje tilbakeverkande kraft og skal berre gjelde for elevar som går ut av grunnskolen f.o.m. våren 2005.

Fylkeskommunen har i dag plikt til å gi tre års

heiltids vidaregåande opplæring til all ungdom som har fullført grunnskolen. Forslaget til lovendring inneber ikkje nokon auke i talet på ungdommar som har rett til vidaregåande opplæring.

At dei elevane som er mest skoleleie eller usikre på valet av vidaregåande utdanning, får betre tid til å tenkje seg om, kan auke motivasjonen og føre til mindre fråfall, færre omval og større grad av gjennomføring på normert tid.

Forslaget vil ikkje ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar.

*Ansvar for kompetanseutvikling:*

Departementet foreslår ei lovendring som inneber ei klargjering av § 10–8 i opplæringslova, slik at det ansvaret skoleeigaren har for kompetanseutvikling i eiga verksemd, kjem tydelegare fram. Lovendringa er ei presisering av det ansvaret skoleeigarane har for kompetanseutvikling i dag, og medfører ikkje auka ressursbruk for skoleeigarane. Endringa vil ikkje ha økonomiske eller administrative konsekvensar.

*Åremålstilsetjing for rektorar:*

Departementet foreslår at rektorar kan tilsetjast anten i faste stillingar eller i åremålstillingar. Det er føresett at eventuelle auka kostnader til administrasjon, lønn e.l. som følgje av åremålstilsetjingar er ein del av den vurderinga skoleeigarane må gjere i samband med valet mellom å tilsetje rektorar i faste stillingar eller åremålstillingar.

*Friare val av skole og skoletilbod i vidaregåande opplæring:*

Departementet foreslår ei endring i dagens forskriftsheimel, slik at departementet på eit seinare tidspunkt eventuelt kan komme tilbake med forslag til endring av forskrifta til opplæringslova i retning av friare val av skole og skoletilbod i vidaregåande opplæring. Ei slik endring vil i så fall bli gjenstand for ny høring i eige høringsbrev. Forslaget til endring av forskriftsheimelen vil ikkje ha økonomiske eller administrative konsekvensar.

*Skolemiljøutval:*

Departementet foreslår at det skal opprettast skolemiljøutval ved alle skolar. Dette vil komme i tillegg til dei allereie eksisterande lovpålagde rådsorgana i skolen. Skolemiljøutvalet kan setjast saman av samarbeidsutvalet og tilleggsrepresentantar for elevane og foreldra. Endringa kan medføre noko auka møteverksemd for representantar for skoleleiingane, dei tilsette og skoleeigarane, men dette bør kunne dekkjast innanfor eksisterande budsjетtrammer. Endringa er føresett ikkje å medføre vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar.

*Politiattest for personar som skal tilsetjast i vidaregåande skole*

Departementet foreslår å innføre eit krav om politiattest for personar som skal tilsetjast i vidaregåande opplæring. Forslaget vil kunne gi noko større arbeidsbelastning og noko auka kostnader for politietaten. Samla kan dette reknast til i underkant av 30 vekeverk på landsbasis for politietaten. Det er føresett at dette kan dekkjast innanfor dei eksisterande budsjетtrammene.

## 16 Merknader til dei enkelte paragrafane i lovforslaget

### 16.1 Endringar i opplæringslova

#### *Til § 2–3 nytt andre ledd*

Føresegna er ny, og slår fast at grunnskolen er delt i eit barnetrinn og eit ungdomstrinn. Omgrepet «klassetrinn» er endra til «årstrinn» i heile opplæringslova. Forslaget pålegg ikkje kommunane å gjerre endringar i skolestrukturen. Skoleeigarane kan framleis fastsetje inndelinga i årstrinn ved den enkelte skolen.

Noverande andre til fjerde ledd blir tredje til femte ledd. Departementet viser til vurderingane og forslaget i punkt 2.4.

#### *Til § 2–3 tredje ledd*

Tidlegere andre ledd er blitt tredje ledd. Nytt første punktum i tredje ledd gir departementet heimel for å gi forskrifter om fag, om mål for opplæringa, om omfanget av opplæringa i faga og om gjennomføringa av opplæringa. Departementet viser til vurderingane og forslaget i punkt 4.4.

#### *Til § 2–3 fjerde ledd*

Tilvisinga i tredje punktum er endra som følge av at det er tilføyd eit nytt andre ledd, med den følge at dei etterfølgjande ledda blir forskyvde.

#### *Til § 2–4 fjerde ledd*

Orda «på småskoletrinnet» er erstatta med «på 1.–4. årstrinn». Departementet viser til vurderingane og forslaget i punkt 2.4.

#### *Til § 3–1 tredje ledd*

Endringane i tredje ledd inneber at ungdomsretten blir utvida til å gjelde fram til utgangen av det året vedkommande fyller 24 år. Føresegna om tidsavgrensinga på fem år eller seks år når opplæringa heilt eller delvis blir gitt i lærebedrift, blir ført vidare. Det inneber at retten til vidaregåande opplæring gjeld i fem (seks) år frå det tidspunktet vedkommande begynner på opplæringa. Departementet viser til vurderingane og forslaget i punkt 7.4.

#### *Til § 3–1 sjette ledd*

Sjette ledd er endra som følge av at det blir innført nye nemningar i vidaregåande opplæring. Endringane inneber ingen endringar i den retten som i dag følgjer av sjette ledd. Departementet viser til vurderingane og forslaget i punkt 3.4. Heimelen for departementet til å gi forskrifter er ført vidare i siste punktum, men heimelen for departementet til å fastsetje kvotar for inntak til særskilt grunkurs er ikkje ført vidare. Departementet viser til vurderingane og forslaget i punkt 13.1.

#### *Til § 3–3 andre ledd*

I første punktum er orda «grunnskurs og vidaregåande kurs i fleire steg» erstatta med «vidaregåande trinn 1, vidaregåande trinn 2 og vidaregåande trinn 3». I andre punktum er ordet «kurs» erstatta med «trinn». Departementet viser til vurderingane og forslaget i punkt 3.4.

#### *Til § 3–4 første ledd*

Tidlegare første punktum er erstatta med eit nytt. Nytt første punktum gir departementet heimel for å gi forskrifter om trinn og programområde, om fag, om mål for opplæringa, om omfanget av opplæringa i faga og om gjennomføringa av opplæringa. Departementet viser til vurderingane og forslaget i punkt 4.4.

#### *Til § 3–6 første ledd*

Føresegna inneber i hovudsak ei vidareføring av gjeldande rett. Etter gjeldande rett skal fylkeskommunen ha ei oppfølgingsteneste for ungdom som har rett til vidaregåande opplæring etter § 3–1, noko som inneber eit pålagt ansvar for fylkeskommunen fram til ungdommen er om lag 21 år. Fylkeskommunens oppfølgingsteneste skal ikkje utvidast tilsvarende utvidinga av ungdomsretten, jf. § 3–1 tredje ledd. Departementet viser til vurderingane og forslaget i punkt 7.4.

*Til § 3–8 andre ledd*

Orda «grunnkurset eller vidaregåande kurset» er erstatta med «skoleåret» i første punktum. I andre punktum er «for resten av lengda på kurset» erstatta med «for resten av skoleåret». Departementet viser til vurderingane og forslaget i punkt 3.4.

*Til § 3–9 tredje ledd*

Ordet «kurstilboda» er erstatta med «utdanningsprogramma og programområda». Departementet viser til vurderingane og forslaget i 3.4.

*Til § 4–2 fjerde ledd*

Tilvisinga i føresegna er endra som følgje av dei endringane som er gjorde i kapittel 5 i lova. Sjå vurderingane og forslaget under punkt 5.4.

*Til § 4–4 første ledd*

Tilvisinga i første ledd andre punktum er endra som følgje av dei endringane som er gjorde i kapittel 5 i lova. I fjerde punktum er orda «grunnkurs» og «vidaregåande kurs 1» erstatta med «vidaregåande trinn 1» og «vidaregåande trinn 2». Sjå vurderingane og forslaget i punkt 3.4 og 5.4.

*Til § 4A–2 tredje ledd*

Tilvisinga i føresegna er endra som følgje av dei endringane som er gjorde i kapittel 5 i lova.

*Til ny overskrift i kapittel 5*

Overskrifta er endra til «Spesialundervisning». Den tidlegare overskrifta var misvisande.

*Til § 5–1 andre ledd*

Føresegna her har fått eit nytt punktum, der det blir slått fast at reglane for mål og innhald i opplæringslova og i forskrifta til lova gjeld for spesialundervisninga så langt dei passar. Dette er ei vidareføring av det som i dag er regulert i § 5–5 første ledd første punktum. Føresegna gir heimel for å gjere unntak frå elles bindande læreplanar der pedagogiske omsyn tilseier det.

Departementet viser til vurderingane og forslaget i punkt 5.4.

*Til § 5–2*

Føresegna er ny, men inneber i hovudsak ei vidareføring av det som i dag er regulert i §§ 5–3, 5–4 og

5–5. Endringane er dermed langt på veg ei omstrukturering av gjeldande føresegner, med sikte på å samle saksbehandlingsreglane for spesialundervisning i éin paragraf. Departementet viser til vurderingane og forslaget i punkt 5.4.

*Til første ledd*

Vedtaket som tek stilling til om det skal givast spesialundervisning, er enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2, og reglane i forvaltningslova kap. III–IV gjeld.

Det må gjerast enkeltvedtak både når det er nødvendig å gjere avvik frå reglane om mål og innhald i opplæringa, og når det er nødvendig å setje inn andre særskilde tiltak på individuelt grunnlag for at ein elev skal få forsvarleg utbytte av opplæringa i forhold til dei føresetnadene eleven har. Med «særskilde tiltak» er meint tiltak som går utover ordinær tilpassa opplæring i § 1–2 femte ledd. Slike tiltak kan vere nødvendige både når eleven fullt ut følgjer dei alminnelege læreplanane, og når det blir gjort avvik frå desse ved at det blir fastsett andre, individuelle mål.

For lærlingar må det gjerast enkeltvedtak når det blir fastsett avvikande kontraktvilkår.

Enkeltvedtaket må vere så klart og tydeleg at det ikkje er tvil om kva spesialundervisningstilbodet skal gå ut på. Det er derfor presisert i lova at enkeltvedtaket skal opplyse om kva som skal vere mål for og innhald i opplæringa, og kva dei særskilde tiltaka for eleven elles skal gå ut på, under dette omfanget av tiltaka. Eit vedtak som berre tildeler eleven ein viss timeressurs utan nærmare å fastsette krava til innhaldet i eller til den organisatoriske gjennomføringa av opplæringa, er ikkje nok.

Sidan innhaldskrava til enkeltvedtaket no blir presiserte i lova, blir enkeltvedtaket å sjå på som ein individuell opplæringsplan. Dette går fram av lovteksten.

Skolen skal leggje til rette opplæringa innanfor ramma av den individuelle opplæringsplanen. Det betyr at det også kan vere behov for å konkretisere denne planen, slik at opplæringa så langt som mogleg kan tilpassast til dei behov eleven har. Det er derfor fastsett i lova at så langt det er nødvendig, skal den individuelle opplæringsplanen konkretiserast ytterlegare av skolen. Ei slik konkretisering må da skje innanfor dei rammene som er gitt i vedtaket.

Etter *andre ledd* skal det utarbeidast sakkunnig vurdering når det er nødvendig for å få opplyst saka, eller når eleven eller foreldra ber om det. Dette inneber ei endring i forhold til gjeldande rett ved at lova ikkje lenger krev at det skal utarbeidast sak-



kunnig vurdering i alle saker om spesialundervisning. Føresegna må sjåast i samheng med forvaltningslova § 17 første ledd første punktum, om at saka skal vere så godt opplyst som mogleg før det blir gjort vedtak. I dei tilfella da det skal utarbeidast sakkunnig vurdering, opplyser føresegna om innhaldet i denne vurderinga. Dette er ei vidareføring av § 5–3 andre ledd. Dagens heimel for departementet til å gi forskrifter om den sakkunnige vurderinga blir ikkje ført vidare.

Både andre, tredje og fjerde ledd bruker formuleringa «eleven eller foreldra». Om eleven sjølv eller foreldra til eleven kan be om at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering etter andre ledd, må avgjerast etter lov av 8. april 1981 om barn og foreldre. I den vidaregåande opplæringa skal ein likevel i alle tilfelle hente inn samtykke frå eleven, og det er ikkje nødvendig med samtykke frå foreldra. Det heng saman med at § 3–1 første ledd andre punktum om at ungdom som har fylt 15 år, sjølv søker om inntak til vidaregåande opplæring. Det same gjeld der eleven er gitt rettar etter tredje og fjerde ledd i § 3–1. Regelen i fjerde ledd andre punktum gjeld all lov- eller forskriftsfesta teieplikt.

I *tredje ledd* blir skolen pålagt eit sjølvstendig ansvar for å ta opp spørsmålet om spesialundervisning og eventuelt kva slags opplæring eleven treng. Føresegna er i hovudsak ei vidareføring av § 5–4 første ledd, men gjer skolens plikt tydelegare enn gjeldande føresegn. Vidare inneber føresegna at eleven eller foreldra kan krevje at skolen gjer dei undersøkingar som er nødvendige for å avklare spørsmål om spesialundervisning. Siste punktum i tredje ledd er ei vidareføring av § 5–4 tredje ledd.

*Fjerde ledd* er ei vidareføring av § 5–4 andre ledd.

*Femte ledd* er ei justering av det kravet om grunngeving som følgde av tidlegare § 5–3 tredje ledd.

Føresegna i *sjette ledd* er ny. Føresegna opnar for at det i tillegg til å kunne klage på vedtak gjort i medhald av første ledd, også kan klagast på at det ikkje blir gjort enkeltvedtak innan rimeleg tid. Klagebehandlinga følgjer dei reglane som gjeld for klage på enkeltvedtak. Det er departementet som er klageinstans, jf. opplæringslova § 15–2. I praksis er dette delegert til fylkesmennene.

*Sjuande ledd* er ei vidareføring av tidlegare § 5–5 andre ledd.

Noverande § 5–6 blir ny § 5–3.

Noverande § 5–7 blir ny § 5–4.

#### *Til § 5–4 andre ledd*

Tilvisinga i andre ledd er endra som følgje av dei endringane som er gjorde i kapittel 5 i lova. Sjø vurderingane og forslaget i punkt 5.4.

Noverande § 5–8 blir ny § 5–5.

Noverande § 5–9 blir ny § 5–6.

#### *Til § 6–3 andre ledd*

Ordet «klassar» er erstatta med «grupper». Endringa er ein konsekvens av at klasseomgrepet vart oppheva ved ei endring i opplæringslova som vart sett i kraft 1. august 2003. Lovteksten er formulert litt annleis, men meiningsinnhaldet er det same som før. Departementet viser til vurderingane og forslaget i punkt 2.4.

#### *Til § 9–1 andre ledd*

Siste punktum er nytt og opnar for at skoleeigaren sjølv kan velje om rektorar skal tilsetjast i faste stillingar eller på åremål. Departementet viser til vurderingane og forslaget i punkt 9.4.

#### *Til § 9–4 andre ledd*

Lovteksten er omformulert som ein konsekvens av endringane i § 2–3 tredje ledd og § 3–4 første ledd, sjå vurderingane og forslaget under punkt 4.4. Sjølv om lovteksten er formulert noko annleis, er meiningsinnhaldet det same som før.

#### *Til § 9a–6 første ledd*

Endringa består i at skolemiljøutvalet får den same retten som dei andre utvala og råda i skolen har til å uttale seg m.m. Sjø premissane under punkt 11.4.

#### *Til § 10–8*

Føresegna presiserer det ansvaret skoleeigaren har for å ha rett og nødvendig kompetanse i verksemda. Føresegna gir skoleeigaren pålegg om å ha eit system som gir undervisningspersonale, skoleleiarar og personale med særoppgåver i skoleverket høve til å få nødvendig kompetanseutvikling. Formålet med slik kompetanseutvikling er å fornye og utvide den faglege og pedagogiske kunnskapen og å halde seg orientert om og vere på høgd med utviklinga i skolen og samfunnet. Departementet viser elles til vurderingane og forslaget i punkt 8.4.

*Til § 10–9 tredje ledd*

*Tredje ledd* i føresegna er nytt og stiller som krav at den som skal tilsetjast i den vidaregåande skolen, må leggje fram politiattest. Attesten skal vise om vedkommande er sikta, tiltalt eller domfelt for seksuelle overgrep. Både overgrep mot vaksne og overgrep mot barn skal gå fram av attesten.

Det gjeld ikkje tilsetjingsforbod i den vidaregåande skolen for dei som har slike forhold på attesten sin. Det blir overlata til tilsetjingsmyndigheita å avgjere om personen kan tilsetjast eller ikkje.

Departementet viser til vurderingane og forslaget i punkt 12.4.

Tidlegare tredje ledd blir fjerde ledd.

*Til § 11–1a*

*Første ledd* slår fast at skolemiljøutval er påbode ved kvar grunnskole.

For å sikre kravet om representasjon og at elevar og foreldre skal vere i fleirtal, må utvalet vere samansett av minst 2 representantar for elevane, 2 for foreldra, 1 representant for dei tilsette, 1 for skoleleiinga og 1 for kommunen. Ut over dette står kommunen fritt til å ha fleire representantar for dei ulike gruppene, så lenge representantane på brukarsida er i fleirtal. Etter departementet sitt syn bør kommunane og fylkeskommunane sjølv velje sine representantar i utvalet. Det opnar mellom anna for at ein frå skolehelsetenesta kan representere kommunen eller fylkeskommunen.

Kommunen regulerer nærmare korleis elevane skal velje representantane sine til skolemiljøutvalet.

Skolemiljøutvalet vel sjølv leiar, nestleiar og sekretær, slik dei andre organa i skolen gjer.

Skolemiljøutvalet kan invitere andre til å delta på møte, til dømes på grunnlag av særlege kvalifikasjonar. Utvalet kan kalle inn til dømes skolehelsetenesta og den pedagogisk-psykologiske tenesta som sakkunnige. Desse vil verken ha stemmerett, møteplikt eller møterett.

*Andre ledd* presiserer at kommunen kan velje å la samarbeidsutvalet vere skolemiljøutval. Lova opnar ikkje for at skolemiljøutvalet kan erstatte samarbeidsutvalet. Når samarbeidsutvalet skal vere skolemiljøutval, må det supplerast med ekstra representantar, slik at elevane og foreldra til saman er i fleirtal.

Dersom andre enn representantane i samarbeidsutvalet skal utgjere skolemiljøutvalet, skal foreldrerådet, tilsette, skoleleiinga og kommunen sjølv velje sine respektive representantar.

*Tredje ledd* slår fast at elevrepresentantane i grunnskolen må forlate møtet når skolemiljøutvalet

behandlar saker eller opplysningar som er omfatta av teieplikta.

Når elevrepresentantane ikkje er til stades, kan foreldrerepresentantane givast dobbeltstemme til svarande bortfallet av stemmene frå elevrepresentantane. Alternativt kan talet på foreldrerepresentantar aukast tilsvarende, til dømes ved at foreldre som er vararepresentantar, tiltrer utvalet. Det er opp til foreldrerådet å avgjere korleis manglande elevrepresentasjon skal erstattast i desse tilfella.

Etter *fjerde ledd* skal skolemiljøutvalet ha eit særleg ansvar for å halde seg orientert og uttale seg om skolemiljøet. Skolemiljøutvalet er eit rådgivande organ for skolen i arbeidet med skolemiljøet, og har ikkje vedtakskompetanse. Utvalet skal arbeide for å auke deltakinga frå elevane, foreldra, skolen og dei tilsette i arbeidet med skolemiljøet.

*Til § 11–5a*

*Første ledd* slår fast at det skal vere eit skolemiljøutval ved kvar vidaregåande skole.

For å sikre kravet om representasjon og om at elevane skal vere i fleirtal, må utvalet vere samansett av minst 4 representantar for elevane, 1 representant for dei tilsette, 1 for skoleleiinga og 1 for fylkeskommunen. Utover dette står fylkeskommunen fritt til å ha fleire representantar for dei ulike gruppene, så lenge representantane på brukarsida er i fleirtal. Etter departementet sitt syn bør kommunane og fylkeskommunane sjølv velje sine representantar i utvalet. Det opnar mellom anna for at ein frå skolehelsetenesta kan representere kommunen eller fylkeskommunen.

Elevrådet vel sjølv sine representantar til utvalet.

*Andre ledd* presiserer at kommunen kan velje å la skoleutvalet vere skolemiljøutval. Lova opnar ikkje for at skolemiljøutvalet kan erstatte skoleutvalet. Når skoleutvalet skal vere skolemiljøutval, må det supplerast med ekstra representantar, slik at elevane i fleirtal.

Dersom andre enn representantane i skoleutvalet skal utgjere skolemiljøutvalet, skal dei tilsette, skoleleiinga og fylkeskommunen sjølv velje sine respektive representantar.

*Tredje ledd*

Departementet viser til merknadene til § 11–1a fjerde ledd.

*Til § 13–3 tredje ledd*

Føresegna fører vidare den gjeldande føresegna om at departementet kan gi forskrifter, eller pålegg

i enkelttilfelle, om kven som skal reknast som busett i fylkeskommunen. Det nye i føresegna er at departementet har heimel for å gi forskrifter, eller pålegg i enkelttilfelle, om det ansvaret heimfylket har for å refundere utgifter i samband med vidaregåande opplæring i eit anna fylke. Heimelen er avgrensa slik at heimfylket berre i rimeleg grad vil ha ansvaret for refusjon.

#### *Til § 13–4 tredje ledd*

Siste del av tredje ledd er ny og gir departementet heimel for å gi forskrifter om skoleskyss, skyssgodtgjersle og heimfylket sitt ansvar for å refundere utgifter til skyss i samband med vidaregåande opplæring i eit anna fylke.

#### *Til § 15–2*

Endringa i første ledd første punktum er ei vidareføring av gjeldande praksis og inneber at departementet er klageinstans for enkeltvedtak om spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder etter § 5–4. Departementet viser til vurderingane og forslaget under punkt 13.4.

Endringa i andre ledd inneber at departementet er klageinstans for enkeltvedtak om fysiske og psykososiale miljøforhold som blir gjorde etter §§ 9a–2 og 9a–3. Departementet viser til vurderingane og forslaget under punkt 13.2.

I tredje ledd er endra som følgje av at det er innført nye nemningar i vidaregåande opplæring. Orda «grunnkurs eller vidaregåande kurs» er erstatta med «utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1 eller programområde på vidaregåande trinn 2 og 3», og «særskilt grunnkurs» er erstatta med «særskilt utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1». Departementet viser til vurderingane og forslaga under punkt 3.4.

## **16.2 Endringar i friskolelova**

#### *Til § 3–1 fjerde ledd*

Ordet «vidaregåande kurs 1» er erstatta med «vidaregåande trinn 2».

Melding om inntak av elevar i grunnskolar skal sendast til heimkommunen til eleven. Melding om inntak til vidaregåande skolar skal sendast til heimfylket til eleven. Skolen skal melde frå til heimfylket om behovet for læreplass når eleven er teken inn på *vidaregåande trinn 2*. Departementet viser til vurderingane og forslaga under punkt 3.4.

#### *Til § 3–6 første ledd*

Tilvisinga i føresegna er endra som følgje av dei foreslåtte endringane i opplæringslova kapittel 5.

#### *Til § 3–10 andre ledd*

Orda «resten av det kurset eleven er teken inn på» er erstatta med «for resten av skoleåret» i første punktum. I andre punktum er «lengda på kurset» erstatta med «resten av skoleåret». Departementet viser elles til vurderingane og forslaget i punkt 3.4.

#### *Til § 4–3 tredje ledd*

Endringa består i at § 4–3 får eit nytt tredje ledd som stiller krav om at den som skal tilsetjast i den vidaregåande skolen, må leggje fram politiattest. Attesten skal vise om vedkommande er sikta, tiltalt eller domfelt for seksuelle overgrep. Både overgrep mot vaksne og overgrep mot barn skal gå fram av attesten.

Det gjeld ikkje tilsetjingsforbod i den vidaregåande skolen for dei som har slike forhold på attesten sin. Det blir overlate til tilsetjingsmyndigheita å avgjere om personen kan tilsetjast eller ikkje.

Tidlegare tredje ledd blir no fjerde ledd.

Departementet viser elles til vurderingane frammanfor under punkt 12.4.

#### *Til § 5–2*

Føresegna i andre ledd bokstav i) er ny i høve til gjeldande rett. Føresegna presiserer det ansvaret styret har for å ha rett og nødvendig kompetanse i verksemda. Føresegna gir styret pålegg om å ha eit system som gir undervisningspersonale, skoleleiarar og personale med særoppgåver i skoleverket høve til å få nødvendig kompetanseutvikling. Formålet med slik kompetanseutvikling er å fornye og utvide den faglege og pedagogiske kunnskapen og å halde seg orientert om og vere på høgd med utviklinga i skolen og samfunnet. Departementet viser elles til vurderingane og forslaget i punkt 8.4 og til det tilsvarande forslaget i opplæringslova § 10–8.

Endringa i fjerde ledd inneber at dei oppgåvene styret har etter § 5–2 tredje ledd, ikkje kan delegerast. Departementet viser til vurderingane og forslaget i punkt 13.3.

#### *Til § 6A–8 nytt første ledd*

Første ledd inneber ingen innhaldsmessige endringar, men er ei vidareføring av føresegna slik ho går fram i § 6–4 første ledd i gjeldande lov. Noverande første til tredje ledd blir andre til fjerde ledd. Departementet viser til vurderingane i punkt 13.5.

Om lov om endringar i opplæringslova og friskolelova

Utdannings- og forskingsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringar i opplæringslova og friskolelova.

---

**Vi HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i opplæringslova og friskolelova, i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

# til lov om endringar i opplæringslova og friskolelova

### I

I lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa blir det gjort følgjande endringar:

§ 2–3 nytt andre ledd skal lyde:

*Grunnskolen er delt i eit barnetrinn og eit ungdomstrinn. Barnetrinnet omfattar 1.–7. årstrinn og ungdomstrinnet omfattar 8.–10. årstrinn.*

Noverande andre til fjerde ledd blir tredje til femte ledd.

§ 2–3 tredje ledd skal lyde:

*Departementet gir forskrifter om fag, om mål for opplæringa, om omfanget av opplæringa i faga og om gjennomføringa av opplæringa. Departementet gir forskrifter om vurdering av elevar og privatistar og om klage på vurderinga, om eksamen og om dokumentasjon.*

§ 2–3 fjerde ledd skal lyde:

Elevene skal vere aktivt med i opplæringa. Undervisningspersonalet skal tilretteleggje og gjennomføre opplæringa i samsvar med læreplanar gitt etter lova her. Rektor skal organisere skolen i samsvar med første leddet og forskrifter etter tredje leddet og i samsvar med § 1–2 og forskrifter etter § 1–3.

§ 2–4 fjerde ledd skal lyde:

Eleven skal etter skriftleg melding frå foreldre få fritak frå dei delar av undervisninga ved den enkelte skolen som dei ut frå eigen religion eller eige livssyn opplever som utøving av annan religion eller tilslutning til anna livssyn. Dette kan m.a. vere religiøse aktivitetar i eller utanfor klasserommet. Skolen skal ved melding om fritak, så langt det er råd og særleg på 1.–4. årstrinn, søkje å finne løysingar ved å leggje til rette for differensiert undervisning innanfor læreplanen.

§ 3–1 tredje ledd skal lyde:

Heile retten må normalt takast ut i løpet av ein samanhengande periode på fem år, eller seks år når opplæringa heilt eller delvis blir gitt i lærebedrift, og innan utgangen av det året vedkommande fyller 24 år. Fylkeskommunen kan etter søknad gi ele-

ven, lærlingen eller lærekandidaten løyve til utsetjing eller avbrot i opplæringa utan at retten tek slutt. Departementet gir forskrifter om kva forhold som skal gi rett til utsetjing eller avbrot.

§ 3–1 sjette ledd skal lyde:

Søkjarar har rett til inntak til eitt av tre alternative utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1 som dei har søkt på, og til to års vidaregåande opplæring innanfor utdanningsprogrammet. Søkjarar som etter kapittel 5 i lova har rett til spesialundervisning, og som på grunnlag av sakkunnig vurdering har særlege behov for eit særskilt utdanningsprogram på vidaregåande trinn 1, har rett til inntak til dette utdanningsprogrammet etter forskrift fastsett av departementet.

§ 3–3 andre ledd skal lyde:

Opplæringa i skole skal omfatte vidaregåande trinn 1, vidaregåande trinn 2 og vidaregåande trinn 3. Kvart trinn skal normalt ha lengd som eitt skoleår.

§ 3–4 første ledd skal lyde:

Departementet gir forskrifter om trinn og programområde, om fag, om mål for opplæringa, om omfanget av opplæringa i faga og om gjennomføringa av opplæringa. Departementet gir forskrifter om vurdering av elevar, lærlingar, lærekandidatar, privatistar og praksiskandidatar, om klage på vurderinga, om eksamen, om fag- og sveineprøve og om dokumentasjon. Departementet gir forskrifter om godskriving av tidlegare gjennomgådd opplæring eller praksis.

§ 3–6 første ledd skal lyde:

Fylkeskommunen skal ha ei oppfølgingsteneste for ungdom som har rett til opplæring etter § 3–1, og som ikkje er i opplæring eller i arbeid. Tenesta gjeld til og med det året dei fyller 21 år. Tenesta omfattar også ungdom som har tapt opplæringsretten etter § 3–8 eller § 4–6.

§ 3–8 andre ledd skal lyde:

Når ein elev vedvarande har vist ei framferd som i alvorleg grad går ut over orden og arbeidsro på skolen, eller når ein elev alvorleg forsømmer pliktene sine, kan eleven visast bort for resten av skoleåret. I samband med eit vedtak om bortvising

for resten av *skoleåret* kan fylkeskommunen også vedta at eleven skal miste retten til vidaregåande opplæring etter § 3–1. Fylkeskommunen kan ikkje overlata til eit organ på skolen å treffe vedtak etter leddet her om bortvising eller tap av retten til vidaregåande opplæring.

§ 3–9 tredje ledd skal lyde:

Retten til opplæring i og på teiknspråk etter andre leddet er avgrensa til dei *utdanningsprogramma* og *programområda* desse skolane gir tilbod på. Delar av dette opplæringstilbodet kan givast med tolk.

§ 4–2 fjerde ledd skal lyde:

Lærekandidatar som ikkje har eller ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning etter kapittel 5. For slik opplæring gjeld § 5–1 bortsett frå andre *leddet tredje punktum*, og § 5–2 *tilsvarande*.

§ 4–4 første ledd skal lyde:

Opplæringa av lærlingen og lærekandidaten skal skje i samsvar med den fastsette læreplanen. Dersom lærekandidaten har krav på spesialundervisning etter kapittel 5, *gjeld også kravet om enkeltvedtak med individuell opplæringsplan, jf. § 5–2 første ledd*. Lærlingen og lærekandidaten skal få fri til å gjennomføre teoriopplæringa utanfor lærebedrifta. For fag med teorikrav ut over *vidaregåande trinn 1 og vidaregåande trinn 2* må lærebedrifta dekkje kostnadene for tilleggsopplæringa.

§ 4A–2 tredje ledd skal lyde:

For opplæring etter denne paragrafen gjeld § 5–1 *andre leddet* bortsett frå *tredje punktum*, og § 5–2 *tilsvarande så langt dei passar*.

Kapittel 5 overskrifta skal lyde:

### **Kapittel 5 Spesialundervisning**

§ 5–1 andre ledd skal lyde:

I vurderinga av kva for opplæringstilbod som skal givast, skal det særleg leggjast vekt på utviklingsutsiktene til eleven. Opplæringstilbodet skal ha eit slikt innhald at det samla tilbodet kan gi eleven eit forsvarleg utbytte av opplæringa i forhold til andre elevar og i forhold til dei opplæringsmåla som er realistiske for eleven. Elevar som får spesialundervisning, skal ha det same totale undervisningstimetalet som gjeld andre elevar, jf. §§ 2–2 og 3–2. *Reglane om mål og innhald i opplæringa i denne lova og i forskrifta til denne lova gjeld for spesialundervisning så langt dei passar*.

Ny § 5–2 skal lyde:

*§ 5–2 Saksbehandlinga i tilknytning til vedtak om spesialundervisning*

*Eit enkeltvedtak om spesialundervisning etter § 5–1 skal vere ein individuell opplæringsplan som fastset kva som skal vere mål for og innhald i opplæringa, og kva dei særskilde tiltaka for eleven elles skal gå ut på, under dette omfanget av tiltaka. Så langt det er nødvendig, skal den individuelle opplæringsplanen konkretiserast ytterlegare av skolen.*

*Når det er nødvendig for å få opplyst saka, eller når eleven eller foreldra ber om det, skal det liggje føre sakkunnig vurdering før det blir gjort enkeltvedtak etter første ledd. Den sakkunnige vurderinga skal blant anna greie ut og ta standpunkt til*

- eleven sitt utbytte av det ordinære opplæringstilbodet
- lærevanskar hos eleven og andre særlege forhold som er viktige for opplæringa
- realistiske opplæringsmål for eleven
- om ein kan hjelpe på dei vanskanne eleven har innanfor det ordinære opplæringstilbodet
- kva for opplæring som gir eit forsvarleg opplæringstilbod.

*Skolen har ansvar for å ta opp spørsmålet om spesialundervisning, og eventuelt kva opplæring eleven treng, men eleven eller foreldra kan også krevje at skolen gjer nødvendige undersøkingar. Undervisningspersonalet skal melde frå til rektor når det er behov for spesialundervisning. Tilbod om spesialundervisning skal så langt råd er, formast ut i samarbeid med eleven og foreldra, og det skal leggjast stor vekt på deira syn.*

Før det blir gjort sakkunnig vurdering, og før det blir gjort vedtak om å setje i gong spesialundervisning, skal det innhentast samtykke frå eleven eller foreldra. Med dei avgrensingane som følgjer av reglane om teieplikt og § 19 i forvaltningslova, har eleven eller foreldra rett til å gjere seg kjende med innhaldet i den sakkunnige vurderinga.

*Grunngivinga for eit enkeltvedtak etter første ledd skal vise at opplæringstilbodet er i samsvar med lova.*

*Det er høve til å klage på at det ikkje er gjort enkeltvedtak som nemnt i første ledd innan rimeleg tid. § 15–2 om statleg klageinstans gjeld for slik klage.*

*Når det blir gitt spesialundervisning, skal skolen kvart halvår utarbeide ein skriftleg rapport som gir oversikt over den opplæringa eleven har fått og ei vurdering av utviklinga til eleven. Skolen sender rapporten til eleven eller foreldra og til kommunen eller fylkeskommunen.*

Noverande §§ 5–3 til 5–5 blir oppheva.

Noverande § 5–6 blir ny § 5–3.

Noverande § 5–7 blir ny § 5–4.

§ 5–4 andre ledd skal lyde:

For spesialpedagogisk hjelp gjeld § 5–2 så langt den passar.

Noverande § 5–8 blir ny § 5–5.

Noverande § 5–9 blir ny § 5–6.

§ 6–3 andre ledd skal lyde:

Departementet kan gi forskrifter om at visse skolar skal tilby opplæring i eller på samisk eller i særskilde samiske fag i den vidaregåande opplæringa innanfor visse kurs eller for visse grupper. Fylkeskommunen kan også elles tilby slik opplæring.

§ 9–1 andre ledd skal lyde:

Opplæringa i skolen skal leiast av rektorar. Rektorane skal halde seg fortrulege med den daglege verksemda i skolane og arbeide for å vidareutvikle verksemda. Den som skal tilsetjast som rektor, må ha pedagogisk kompetanse og nødvendige leiareigenskapar. Rektorar kan tilsetjast på åremål.

§ 9–4 andre ledd skal lyde:

